

# Deilige damer, maskerte menn

Ei triangulerande undersøking av adjektivattributt til  
*dame, kvinne* og *mann* i Norsk aviskorpus (bokmål)

Vegard Sælen Holtås



NOLISP350:

Mastergradsoppgåve i nordisk språk og litteratur

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

Universitetet i Bergen

Vårsemesteret 2023

# Innholdsliste

<b>Liste over tabellar</b> .....	<b>6</b>
<b>Liste over figurar</b> .....	<b>7</b>
<b>Føreord</b> .....	<b>8</b>
<b>1. Innleiing</b> .....	<b>9</b>
1.1. Innleiing.....	9
1.2. Problemstilling og forskingsspørsmål.....	10
1.3. Metodeval.....	10
1.4. Teoretisk forankring.....	11
1.5. Avgrensing og definisjonar.....	11
1.5.1. Korpus og målform.....	11
1.5.2. Val av substantiv.....	12
1.5.3. Definisjonar.....	12
1.6. Vegvisar.....	14
<b>2. Teoretisk grunnlag</b> .....	<b>15</b>
2.1. Om korpuslingvistikk.....	15
2.2. Tidlegare forsking.....	16
2.2.1. Korpusundersøkingar om språk og kjønn.....	17
2.2.2. Språk og kjønn i norske aviser.....	18
2.3. Feministiske perspektiv på språk, makt og kjønn.....	19
2.3.1. Språk er makt.....	20
2.3.2. Språk og kvinneundertrykking.....	21
2.3.3. Nyare forsking på språk og kjønn.....	22
2.4. Marxistiske perspektiv.....	23
2.4.1. Overbyggnaden og ideologiske statsapparat.....	23
2.4.2. Den materialistiske feminismen.....	24
2.4.3. Sambandet mellom språk og ideologi.....	26
2.5. Avisspråket.....	27
2.5.1. Sjangrar og emne.....	27
2.5.2. Særpreg ved nettaviser.....	27
2.5.3. Språklege trekk ved avisspråk.....	28
2.5.4. Samfunnsmakta til avisspråket.....	30
2.6. Om adjektiv i norsk.....	31

2.6.1. Semantiske eigenskapar.....	31
2.6.2. Morfologiske eigenskapar.....	32
2.6.3. Syntaktiske eigenskapar.....	32
2.7. Semantisk kategorisering av adjektiv.....	33
2.7.1. Det sosio-semantiske systemet.....	33
2.7.2. Inndeling av tyske adjektiv i GermaNet.....	36
2.7.3. Kuznetsovas system for inndeling av russiske verb.....	36
<b>3. Materiale og metode.....</b>	<b>38</b>
3.1. Innleiing.....	38
3.2. Om Norsk aviskorpus.....	38
3.2.1. Duplikat.....	39
3.3. Datainnsamling.....	39
3.3.1. Avgrensing av materialet.....	39
3.3.2. Val av søkjemetode.....	40
3.3.3. Innsamling av data.....	41
3.3.4. Gjennomgang av innsamla data.....	42
3.3.5. Ekskludert materiale.....	44
3.4. Oversyn over tilfanget.....	46
3.5. Samanslåing av ordpartypar.....	46
3.5.1. Rettesnorer for samanslåinga.....	47
3.6. Distinktiv kolleksemanalyse.....	50
3.7. Semantisk kategorisering.....	52
3.7.1. Skildring av kategoriane.....	56
3.7.2. Tvilstilfelle.....	56
3.7.3. Semantisk tagging.....	56
3.8. Konkordansanalyse.....	57
3.8.1. Om diskursanalyse.....	57
3.8.2. Om konkordansar.....	58
3.8.3. Bakers stegvise metode.....	58
3.8.4. Avgrensing av søk.....	59
3.8.5. Innhenting og reinsking av materialet.....	60
3.8.6. Analyse.....	61
3.9. Reliabilitet og validitet.....	61
<b>4. Resultat av distinktiv kolleksemanalyse.....</b>	<b>63</b>
4.1. Innleiing.....	63

4.2. Om tabellane.....	63
4.3. Distinktive adjektivkollekssem til <i>dame</i> .....	64
4.4. Distinktive adjektivkollekssem til <i>kvinne</i> .....	66
4.5. Distinktive adjektivkollekssem til <i>dame/kvinne</i> .....	68
4.6. Distinktive adjektivkollekssem til <i>mann</i> .....	70
<b>5. Resultat og analyse av semantisk kategorisering.....</b>	<b>72</b>
5.1. Innleiing.....	72
5.2. Utval.....	72
5.3. Om tabellane.....	72
5.4. Samanlikning av <i>dame</i> og <i>kvinne</i> .....	73
5.4.1. Forskjellar innanfor dei semantiske kategoriane.....	75
5.5. Samanlikning av <i>dame/kvinne</i> og <i>mann</i> .....	79
5.5.1. Forskjellar innanfor dei semantiske kategoriane.....	81
<b>6. Konkordansanalyse.....</b>	<b>87</b>
6.1. Innleiing.....	87
6.1.1. Definisjonar.....	87
6.1.2. Nokre ord om sjangrar og representativitet.....	87
6.2. Naken.....	88
6.2.1. Definisjon.....	89
6.2.3. Naken kvinne.....	89
6.2.4. Naken mann.....	91
6.5. Stor.....	92
6.5.1. Definisjonar.....	92
6.5.2. Stor kvinne.....	94
6.5.3. Stor mann.....	95
6.6. Moden.....	97
6.6.1. Definisjonar.....	97
6.6.2. Moden kvinne.....	98
6.6.3. Moden mann.....	99
6.7. Oppsummering.....	101
6.7.1. Naken.....	101
6.7.2. Stor.....	102
6.7.3. Moden.....	102
<b>7. Diskusjon.....</b>	<b>103</b>

7.1. Kva kan rangeringa av semantiske kategoriar fortelja oss?.....	103
7.1.1. Dame jamført med kvinne.....	103
7.1.2. Dame og kvinne jamført med mann.....	105
7.2. Variasjon innanfor semantiske kategoriar.....	106
7.3. Kva kan konkordansane seia oss?.....	107
7.3.1. Nakne kvinner og menn.....	108
7.3.2. Modne kvinner og menn.....	108
7.3.3. Store kvinner og menn.....	109
7.4. Avisspråket og representasjonar av kvinner og menn.....	110
7.6. Kritiske merknadar.....	112
7.7. Til vidare undersøking.....	113
<b>8. Konklusjon.....</b>	<b>115</b>
<b>Referansar.....</b>	<b>118</b>
Ordboksreferansar.....	123
<b>Vedlegg.....</b>	<b>125</b>
Tabell 15: Semantisk inndeling av adjektiv i GermaNet.....	125
Tabell 16: Kuznetsovas semantiske inndeling av russiske verb.....	128
Tabell 17: 60 tilfeldig utvalde konkordanslinjer for <i>naken mann</i> .....	130
Tabell 18: 60 tilfeldig utvalde konkordanslinjer for <i>naken kvinne</i> .....	133
Tabell 19: 60 tilfeldig utvalde konkordanslinjer for <i>stor mann</i> .....	136
Tabell 20: 60 tilfeldig utvalde konkordanslinjer for <i>stor kvinne</i> .....	139
Tabell 21: 60 tilfeldig utvalde konkordanslinjer for <i>moden mann</i> .....	142
Tabell 22: 60 tilfeldig utvalde konkordanslinjer for <i>moden kvinne</i> .....	145
Figur 2: Duplikat i Norsk aviskorpus (bokmål).....	148
Figur 3: Utsnitt frå konkordans-grensesnittet i <i>Korpuskel</i> .....	149
Figur 4: Tokens fordelt på aviser i Norsk aviskorpus (bokmål).....	150
Figur 5: Tokens fordelt på årstal i Norsk aviskorpus (bokmål).....	151
Figur 6: Duplikat i konkordansen for <i>skyteglad dame</i> .....	152
Figur 7: Duplikat i konkordansen for tolvte mann.....	153
Figur 8: Duplikat i konkordansen for sextiltalt kvinne.....	154
Figur 9: Utsnitt frå konkordans for sextiltalt mann.....	155
Figur 10: Utsnitt frå konkordans for ny dame.....	156
<b>Samandrag.....</b>	<b>158</b>

**Abstract.....159**  
**Profesjonsrelevans.....160**  
    Referansar for profesjonsrelevans.....161

## Liste over tabellar

Tabell 1: Sosiosemantiske kategoriar hjå Caldas-Coulthard og Moon.....	35
Tabell 2: Dei 25 mest frekvente adjektivkollokata til kvart substantiv.....	49
Tabell 3: Døme på kontingenstabell for kollokasjon.....	50
Tabell 4: Døme på kontingenstabell for distinktiv kolleksemanalyse.....	51
Tabell 5: Kontingenstabell for ADJ. + dame og ADJ. + kvinne.....	51
Tabell 6: Semantiske kategoriar for adjektivkollokat.....	54
Tabell 7: Dei 50 mest distinktive adjektivkollokata til dame.....	65
Tabell 8: Dei 50 mest distinktive adjektivkollokata til kvinne.....	67
Tabell 9: Dei 50 mest distinktive adjektivkollokata til dame + kvinne.....	69
Tabell 10: Dei 50 mest distinktive adjektivkollokata til mann.....	71
Tabell 11: Semantiske kategoriar for adjektiv + dame.....	76
Tabell 12: Semantiske kategoriar for adjektiv + kvinne.....	78
Tabell 13: Semantiske kategoriar for adjektiv + dame/kvinne.....	83
Tabell 14: Semantiske kategoriar for adjektiv + mann.....	85
Tabell 15: Semantisk inndeling av adjektiv i GermaNet.....	124
Tabell 16: Kuznetsovas semantiske inndeling av russiske verb.....	127
Tabell 17: 60 tilfeldig utvalde konkordanslinjer for <i>naken mann</i> .....	129
Tabell 18: 60 tilfeldig utvalde konkordanslinjer for <i>naken kvinne</i> .....	132
Tabell 19: 60 tilfeldig utvalde konkordanslinjer for <i>stor mann</i> .....	135
Tabell 20: 60 tilfeldig utvalde konkordanslinjer for <i>stor kvinne</i> .....	138
Tabell 21: 60 tilfeldig utvalde konkordanslinjer for <i>moden mann</i> .....	141
Tabell 22: 60 tilfeldig utvalde konkordanslinjer for <i>moden kvinne</i> .....	144

## Liste over figurar

Figur 1: Skjermbilete av ordlistefunksjonen i Korpuskel. Henta 16. desember 2022.....	41
Figur 2: Duplikat i Norsk aviskorpus (bokmål).....	147
Figur 3: Utsnitt frå konkordans-grensesnittet i Korpuskel.....	148
Figur 4: Tokens fordelt på aviser i Norsk aviskorpus (bokmål).....	149
Figur 5: Tokens fordelt på årstal i Norsk aviskorpus (bokmål).....	150
Figur 6: Duplikat i konkordansen for <i>skyteglad dame</i> .....	151
Figur 7: Duplikat i konkordansen for <i>tolvte mann</i> .....	152
Figur 8: Duplikat i konkordansen for <i>sextiltalt kvinne</i> .....	153
Figur 9: Utsnitt frå konkordans for sextiltalt mann.....	154
Figur 10: Utsnitt frå konkordans til ny dame.....	155



## Føreord

Utvikling av viten er ein sosial prosess, der arbeidet til den enkelte byggjer på strevet til mange som har kome før. Denne masteroppgåva er ikkje noko unntak. Eg står i særleg gjeld til ymse forskarar på felta språk og kjønn, korpuslingvistikk og medievitenskap.

Eg vil takka dei menneska rundt meg som på ulike vis har gjort oppgåva mogleg.

Takk til sambuar Kimberly, for å ha gitt meg ideen om å granska adjektivkollekt og kjønn – og for å saumfara oppgåva med redaktørblikket like før innlevering.

Takk til mamma og pappa, som har støtta og oppmuntra meg heile vegen.

Takk til lesesalkompisane som har gjort skrivinga til å halda ut sjølv når det har røynt på. Ingen nemnd, ingen gløymd.

I arbeidet med det semantiske kategoriseringsparadigmet har eg vore nøydd til å omsetja frå tysk og russisk. Tysk har eg berre overflatiske kjennskap til, og russisk forstår eg knapt noko av. Takk til Anastasia Olsen som hjelpte meg med omsetjinga frå russisk, og Robert Paulsen som hjelpte meg med omsetjinga frå tysk.

Takk til ordboksprosjekta ved UiB, som har tildelt meg mastergradsstipend for prosjektet.

Sist men ikkje minst vil eg retta ein stor takk til rettleiar Torodd Kinn: for gode råd og konstruktiv kritikk, for tolmod og engasjement, og for at du har hatt trua på prosjektet sjølv når eg har tvila.

Feil og manglar tek eg på mi kappe.

# 1. Innleiing

## 1.1. Innleiing

Korfor finst det frodige kvinner, men ikkje frodige menn? Er ei dame det same som ei kvinne? Korleis er språket i avisene med på å forma korleis vi tenkjer om forskjellar mellom damer, kvinner og menn?

Det har vorte hevda at Noreg har vorte eit likestilt samfunn (Holst 2017, 14). Open diskriminering på bakgrunn av kjønn er ikkje akseptert, og dei fleste vil einast om at kvinner og menn er like mykje verd. Sjølv om den tradisjonelle sexismen er diskreditert i dei fleste vestlege samfunn, har det likevel vorte hevda at den stereotypiske representasjonen av menn og kvinner i media og populærkultur har endra seg relativt lite (Freed 2014, 639–40).<sup>1</sup> Samtidig har nyare forskning avdekt eit aukande omfang av kvinnehat på nett det siste tiåret frå mannsmiljø som oppfattar seg sjølv som «offer for feminismen» (Prøitz mfl. 2022, 8). I ljøs av dette er det interessant å undersøkje i kva grad avisspråket bidrar til å reprodusera idear om uforsonlege forskjellar mellom kvinner og menn.

Finn-Erik Vinje har hevda at tre av fire norske ord står i norske aviser, og at avisspråket dermed er sjøve det norske språket (Vinje 1995, 9). Om dette stemmer på 2020-talet, vil det seia at språket til dei som skriv i avisene, har ringverknader på resten av språket, og at studiar av avisspråk gir ein peikepinn på stoda til språket meir generelt. Då Vinje skreiv sin kritikk av avisspråket, var dette med utgangspunkt i finlesing av Aftenposten og Dagbladet. Oppbygginga av digitale monitorkorpus dei siste åra gjer det mogleg å studera avisspråket med utgangspunkt i eit stort kvantitativt materiale som kan samlast inn relativt raskt.

Framveksten av kjønnsforskinga, den «språklege vendinga» i samfunnsvitskapane og eit aukande medvit om kjønn innanfor språkvitskapane har gjort forskinga på «språk og kjønn» til ein etter kvart omfattande tradisjon.<sup>2</sup> Så langt eg veit, er det likevel enno ikkje gjort noka korpusundersøking som granskar korleis menn og kvinner vert skildra med adjektivattributt i norske aviser. Norsk aviskorpus (bokmål) gjer det mogleg å utføra systematiske undersøkingar på emnet med utgangspunkt i eit stort (og stadig aukande) avismateriale.

---

1 Serano har foreslått eit skilje mellom *tradisjonell* og *opposisjonell* sexisme. Mens den tradisjonelle sexismen definerer kvinner som underordna mannen, er den opposisjonelle sexismen ei tru på at «mann» og «kvinne» er fastlåste og gjensidig utelukkande kategoriar med ikkje-overlappande særpreg – menn og kvinner er likeverdige, men har ulike vesen (Serano 2016, 13). Sjå også Lewis (2016, 290).

2 Ehrlich, Meyerhoff og Holmes (2014) gir eit oversyn over noko nyare forsking på feltet.

## 1.2. Problemstilling og forskings spørsmål

I oppgåva vil eg undersøkje i kva grad kvinner og menn vert tillagde ulike eigenskapar gjennom bruk av adjektivattributt i norske aviser. Gjennom tre delundersøkingar vil eg forsøka å svara på følgjande spørsmål:

1. Kva for adjektivattributt vert kopla til substantiva *dame*, *kvinne* og *mann* og kva semantiske kategoriar høyrer desse adjektiva til?
2. I kva grad vert kvinner og menn framstilte med ulike eigenskapar, og kva kan variasjonen innanfor dei semantiske kategoriane seia oss om dette?
3. I kva grad får adjektiv ulike tydingar eller konnotasjonar, avhengig av om dei modifierer *dame*, *kvinne* eller *mann*?

## 1.3. Metodeval

Korpusmateriale let seg undersøkje med både kvantitative og kvalitative metodar, og eignar seg godt til triangulerande undersøkingar. Ordet *triangulering* kjem opphavleg frå kartografien, men vil i denne samanhengen seia å granska eitt studieobjekt med fleire metodar (Baker 2014, 157). Eg har delt oppgåva inn i tre mindre undersøkingar, som spenner frå det kvantitative til kvalitative. Håpet er at delundersøkingane kan kasta ljøs over kvarandre, og til saman danne eit rikare bilete av studieobjektet enn dei ville ha gjort enkeltvis.

I den første undersøkinga nyttar eg distinktiv kollekssemanalyse for å kvantifisera kva adjektivattributt som er mest assosierte med *dame*, *kvinne* og *mann* (sjå 3.6. Distinktiv kollekssemanalyse). Den andre undersøkinga er meir kvalitativ. Her grupperer eg adjektivkolleksema i semantiske kategoriar og analyserer forskjellar mellom rangeringa av kategoriar og mellom orda innanfor kategoriane (sjå 3.7. Semantisk kategorisering). Den tredje undersøkinga er ei nærlesing av tilfeldig utvalde konkordanslinjer for tre ulike adjektiv i kontekstane «ADJ + *kvinne*» og «ADJ + *mann*» (sjå avsnitt 3.8. Konkordansanalyse). Denne delundersøkinga byggjer på kritisk diskursanalyse.

Korpusmateriale er godt eigna til både deduktive og induktive undersøkingar (Baker 2010, 94–95). Ei induktiv tilnærming inneber at ein utforskar empirisk materiale basert på generelle forskings spørsmål, og deretter utformar teoretiske forklaringar med utgangspunkt i empirien (Stefanowitsch 2020, 61–62). Dette står i motstrid til den hypotetisk-deduktive metoden, der ein tek utgangspunkt i eksisterande teori og formulerer ein eller fleire falsifiserbare hypotesar som kan testast på det empiriske materialet (Rasinger 2010, 52). Deduktiv og induktiv metode er ikkje eit

anten-eller-spørsmål, og eit forskingsdesign kan innehalda trekk frå både tilnærmingane. Eg har valt å nytta ei i hovudsak induktiv tilnærming for å undersøkje problemstillinga mi.

## 1.4. Teoretisk forankring

Teorikapittelet omfattar marxistiske, feministiske, og medievitenskaplege perspektiv på språk og kjønn, så vel som tidlegare forskning på feltet «språk og kjønn». Eg tek utgangspunkt i eit materialistisk grunnsyn, der språk er rekna som éin sosial menneskeleg aktivitet som formar og vert forma av andre menneskelege aktivitetar. All menneskeleg handling går føre seg under historisk utvikla livsvilkår, og desse livsvilkåra vert i sin tur forma av menneskeleg handling (Marx og Engels [1932] 1974, 42).<sup>3</sup> Språk, ideologi, filosofi, politikk og økonomi er ikkje avgrensa med vasstette skott, men eksisterer i eit dialektisk samspel med kvarandre – absolutte skilje mellom disiplinane fungerer derfor tilsørande (Lewis 2016, 46). Ein materialistisk analyse av språk bør derfor henta innsikter frå disiplinær utanfor lingvistikken, utan å mista si forankring i språkvitenskaplege metodar.

Metodane for undersøkinga er forankra i eit korpuslingvistisk teoretisk rammeverk. Eg tek utgangspunkt i Stefanowitsch (2020) og Baker (2014) og legg til grunn at korpusbaserte undersøkingar kan gi viktige innsikter om språket i bruk, gjerne kombinert med intuisjonsbaserte vurderingar (Stefanowitsch 2020, 15–17). Systemet for semantisk kategorisering i andre delundersøking byggjer i stor utstrekning på van Leeuwens sosio-semantiske system slik det er gjengitt i tilpassa form hos Caldas-Coulthard og Moon (2010). Den tredje delundersøkinga i oppgåva er særleg inspirert av Bakers forslag til korleis konkorsdanslinjer frå eit avis-korpus kan brukast i kritisk diskursanalyse (Baker 2006, 71–93).

## 1.5. Avgrensing og definisjonar

### 1.5.1. Korpus og målform

Undersøkinga tek utgangspunkt i Norsk avis-korpus. Dette er det største korpuset over norsk avisspråk tilgjengeleg i dag. Eg har avgrensa undersøkinga til bokmålsdelen av korpuset. For det første fordi føremålet med oppgåva er å undersøkje forholdet mellom faktorane *kjønn* og *adjektivattributt*. Sidan målform er ein ytterlegare faktor som kan forklara variasjon i adjektivattributt ville det ha vore eit forstyrrende element i undersøkinga. For det andre vert bokmålsdelen og nynorskdelene av korpuset oppdaterte uavhengig av kvarandre (bokmålsdelen var

---

<sup>3</sup> *Den tyske ideologi* vart først gjeven ut posthumt i Moskva, 1932.

mest nyleg oppdatert ved siste sjekk, 17. februar 2023). Av dei to delane er bokmålsdelen best eigna til å samla inn representativt materiale, då han har eit langt større omfang enn nynorskdelen. Basert på dei mest oppdaterte tala, har bokmålsdelen og nynorskdelen eit storleiksforhold på 73:1.<sup>4</sup>

### 1.5.2. Val av substantiv

I oppgåva undersøkar eg adjektivkollokat til dei tre kjønnsmarkerte substantiva *mann*, *dame* og *kvinne*. Når eg har valt nett *mann*, *dame* og *kvinne* er det fordi dette er dei tre vanlegaste og minst markerte substantiva som kan brukast om vaksne menn og kvinner i dei fleste samanhengar. *Dame* og *kvinne* har noko ulike konnotasjonar og høyrer til noko ulike register; ein kan derfor seia at dei utfyllar kvarandre. Noko slik todeling finst ikkje for *mann*. Nokre nærsynonym til *mann* inkluderer *kar*, *herre* og *fyr*. Så vidt eg veit er desse langt mindre nytta enn *dame*, og dei framstår meir markerte. Eg har vurdert det slik at *kar*, *herre* og *fyr* ikkje kan reknast som komplement til *dame*.

### 1.5.3. Definisjonar

Denne oppgåva tek utgangspunkt i dei tre kjønnsmarkerte substantiva *mann*, *dame* og *kvinne*. *Bokmålsordboka* (ordbokene.no) definerer orda slik:

*Mann* (*Bokmålsordboka*, under «mann,» lese 20. januar 2023):

1. «voksen person av hankjønn»
2. «i uttrykket *så menn* (egentlig ‘så som de hellige menn vet’) sannelig, virkelig»
3. «gift mann, mannlig ektefelle»
4. «person, oftest mann (1), som er med i et (idretts- eller arbeids)lag, mannskap eller følge, soldat»
5. «særlig i sammensetninger og faste uttrykk: menneske, individ, person»
  - «tilhenger»

*Dame* (*Bokmålsordboka*, under «dame,» lese 20. januar 2023):

1. «voksen kvinne»
2. «kvinne av fornem herkomst»  
«kvinne med fin oppførsel»
3. «kvinnelig kjæreste»
4. «spillkort med verdien 12 i kortstokk»

---

<sup>4</sup> Etter siste oppdatering har bokmålsdelen 2 117 226 336 tokens (oppdatert 2. desember 2022), mens nynorskdelen har 28 969 124 tokens (oppdatert 1. juni 2020) (Norsk aviskorpus 2020a, Norsk aviskorpus 2020b) .

## 5. «dronning i sjakk»

*Kvinne* (*Bokmålsordboka*, under «kvinne,» lese 20. januar 2023):

1. «(voksen) person av hunkjønn»
2. «i sammensetninger: tilhenger (1)»

I denne oppgåva følgjer eg *Bokmålsordboka* og definerer *mann* som «vaksen person av hankjønn», *dame* som «vaksen kvinne» og *kvinne* som «person av hokjønn, helst vaksen».<sup>5</sup> Det er rimeleg å rekna med at dei aller fleste brukstilfella av *dame*, *kvinne* og *mann* i bokmålsavisene følgjer desse definisjonane. *Bokmålsordboka* sin definisjon *mann* (3) kan reknast som underkategori av den første. Definisjonen *mann* (2) er ikkje relevant, då han ikkje inngår i konstruksjonen ADJEKTIV (attr.) + *mann*. Dei siste definisjonane, *mann* (4) og *mann* (5), opptrer helst i samansetjingar, og vil ikkje verte fanga opp av søkjeuttrykket for datainnhentinga (sjå avsnitt «3.3.3. Innsamling av data»). Vi kan difor sjå bort frå dei.

Blant definisjonane av *dame* kan *dame* (2) og *dame* (3) reknast som underkategoriar av *dame* (1). Definisjonane *dame* (4) og *dame* (5) er irrelevante. Når det gjeld *kvinne* er det definisjonen *kvinne* (1) som er relevant, og vi kan sjå bort frå *kvinne* (2).

Definisjonane *dame* (1) og *kvinne* (2) er så å seia like, og vi kan rekna *dame* og *kvinne* som synonym (eller iallfall nær-synonym). Dei har same *referanse*, men kvart av orda har i tillegg ein særeigen *assosiativ komponent* og *kjenslemessig komponent* (Blakar 2006, 53).<sup>6</sup> Det er derfor interessant å samanlikna korleis (nær-)synonyma *dame* og *kvinne* er nytta i aviskorpuset og kva slags adjektivkollokat dei er assosierte med.

Det er ikkje heilt uproblematisk å nytta biologiske termar (*hankjønn*, *hokjønn*) som grunnlag for å definera kjønn.<sup>7</sup> Eg nyttar desse definisjonane likevel fordi det er rimeleg å rekna med at det er slik orda vert nytta i materialet, stort sett. Om det er slik orda *bør* nyttast og definerast, er eit anna spørsmål.

---

5 Det Norske Akademi's Ordbok (NAOB) definerer orda på omtrent same vis (*NAOB*, under «mann,» «kvinne,» og «dame,» lese 20. januar 2023).

6 Eg kjem attende til dette i avsnitt «2.3. Feministiske perspektiv på språk, makt og kjønn».

7 Som Kristin Fridtun har påpeika, har sambandet mellom ordet *kjønn* og kroppsleg biologi ei relativt kort historie i det norske språket (Fridtun 2015, 67–73). Då bør det også la seg gjera å definera *dame*, *kvinne* og *mann* utan å visa til dei biologiske termene *hankjønn* og *hokjønn*. Ein diskusjon om korleis det i så fall skulle gjerast, ligg utanfor rammene til denne oppgåva. Eg vil nøya meg med å visa til de Beauvoirs mykje siterte formulering om at ei *kvinne* ikkje er noko ein er fødd som, men noko ein vert til (de Beauvoir 1953, 273). Om dette skal tolkast som at den biologiske kroppen er eit «reint lerret», heilt lausriven frå sosiale realitetar, er omdiskutert – sjå til dømes Lewis (2016, 67) og Moi (1998, 107–10).

## 1.6. Vegvisar

Kapittel 2 er ein gjennomgang av teori med relevans for oppgåva. I kapittel 3 gjer eg greie for metodane eg har nytta, og korleis eg har gått fram for å samla inn, sortera og analysera materialet for undersøkinga. I kapittel 4 presenterer eg resultata av den distinktive kolleksesemanalysen. I kapittel 5 syner eg fram resultata av semantisk kategorisering av adjektivkolleksem. Deretter gjer eg greie for og analyserer forskjellane i rangering mellom dei ulike kontekstane (*dame* kontra *kvinne*, *dame/kvinne* kontra *mann*) og dei leksikalske forskjellane innanfor dei einskilte kategoriane. I kapittel 6 presenterer eg ein kritisk analyse av tilfeldig utvalde konkordanslinjer for frasane «*stor + kvinne/mann*», «*moden + kvinne/mann*» og «*naken + kvinne/mann*». I kapittel 7 diskuterer eg resultata og analysane frå dei føregåande kapitla i lys av relevant teori forskning. Kapittel 8 er eit oppsummerande og avsluttande kapittel.

Referansane er delte i to for å letta lesinga: først den ordinære litteraturlista, deretter ei liste med referansar til ordbøker.

## 2. Teoretisk grunnlag

Dette kapittelet er delt opp i sju delar. I første del vil eg gjera greie for korpuslingvistikken som språkvitskapleg tilnærming, med utgangspunkt i Stefanowitsch (2020) og Baker (2014). I andre del gjer eg greie for relevant tidlegare forskning. Denne delen er avgrensa til korpusstudiar med fokus på kjønn, og undersøkingar av norsk avisspråk i eit kjønnsperspektiv. I tredje del presenterer eg nokre feministiske perspektiv på tilhøvet mellom språk, makt og kjønn. I fjerde del introduserer eg nokre marxistiske perspektiv. Her vil eg fokusera på Althussers teori om «ideologiske statsapparat», marxistisk feminisme, språk som «ideologi» og avismediet som verktøy for ideologisk hegemoni. I femte del gjer eg greie for avisspråket. I sjette del gjer eg greie for adjektivklassen i norsk, med fokus på morfologi, syntaks, semantikk og grensa til partisipp. I sjuande del presenterer eg nokre eksisterande system for semantisk kategorisering av adjektiv og partisipp.

### 2.1. Om korpuslingvistikk

Det finst ingen ålment akseptert definisjon av «korpuslingvistikk», då tekstkorpus av ulike slag har vorte nytta i lingvistiske undersøkingar i minst hundre år, og granska med ulike metodar (Stefanowitsch 2020, 20). Stefanowitsch definerer korpuslingvistikk som «the investigation of linguistic research questions that have been framed *in terms of the conditional distribution of linguistic phenomena in a linguistic corpus.*» (Stefanowitsch 2020, 56, utheving i originalen). Denne definisjonen må kommenterast. For det første legg Stefanowitsch vekt på at forskaren granskar korleis språklege fenomen fordeler seg *under visse vilkår*. At eit adjektiv opptre oftare i korpuset (har høgare frekvens) enn eit anna adjektiv, er altså ikkje interessant i seg sjølv – det vesentlege er dei språklege vilkåra som kan forklare korfor fordelinga er nett slik og ikkje annleis. For det andre har Stefanowitsch utheva «*linguistic corpus*». Korpuslingvisten tek altså ikkje utgangspunkt i ei kva som helst tekstsamling, men eit (eller fleire) korpus som er eigna for lingvistiske undersøkingar. Det *lingvistiske* korpuset må vera stort, innehalda autentisk språkbruk og vera representativt for språkvarieteteten som skal undersøkjast (Stefanowitsch 2020, 22–23).<sup>8</sup> Storleik og representativitet heng tett saman, og storleik vil i seg sjølv bidra til representativitet (Stefanowitsch 2020, 37).

Det er vanskeleg å setja noka nedre grense for storleiken til eit representativt lingvistisk korpus, då dette er avhengig av kva for eit språkleg fenomen ein ønskjer å undersøkja – korpuset

---

8 For ei omtale av Norsk aviskorpus jamført med dei nemnde karakteristikkane på eit lingvistisk korpus, sjå avsnitt «3.2. Om Norsk aviskorpus».



bør innehalda eit stort nok utval av fenomenet ein undersøker til at det er mogleg å analysere det (Stefanowitsch 2020, 39). Stefanowitsch ymtar likevel om at det finst korpus på rundt éin million ord som tilfredsstillar krava til diversitet (Stefanowitsch 2020, 39). Til samanlikning hadde bokmålsdelen av Norsk aviskorpus om lag 2,1 milliardar ord per desember 2022 (Norsk aviskorpus 2020a). Aviskorpuset kan derfor reknast som eit stort lingvistisk korpus.

I korpuslingvistisk samanheng vil «representativitet» seia at fordelinga av dei fenomena ein ønskjer å undersøke, samsvarer med fordelinga i den språklege varietet som korpuset skal representere (Stefanowitsch 2020, 28). Sidan det ikkje er mogleg å vita på førehand korleis språklege fenomen fordeler seg i ein språkleg varietet, er det i prinsippet heller ikkje mogleg å laga eit 100 % representativt korpus.<sup>9</sup> Den vanlegaste løysinga på dette er diversitet, altså at korpuset omfattar eit mangfald av teksttypar, kombinert med tilstrekkeleg storleik (Stefanowitsch 2020, 34–35). Norsk aviskorpus (bokmål) inneheld i utgangspunktet berre tekst frå nettaviser på bokmål mellom 1994 og 2022.<sup>10</sup> Korpuset kan derfor reknast som representativt for norske avistekster på bokmål i perioden 1994–2022.

Paul Baker oppfordrar språkforskarar til å granska forskingsobjektet sitt frå ulike hald og nyttar omgrepet «triangulering», ein metafor henta frå kartografien: «The term triangulation is originally from land surveying, meaning that a better view is obtained from looking at phenomena from two or more directions» (Baker 2014, 157). Å granska frå ulike hald kan bety å kombinere ulike metodar på same datasett, å sjå same sak frå ulike teoretiske perspektiv eller nytta ulike datasett. Som eit døme på denne framgangsmåten nyttar Baker tre ulike metodar med utgangspunkt i det same korpusmaterialet i ei undersøking av personlege annonsar på Craigslist.<sup>11</sup> To av metodane (semantisk tagging, kollokasjonsnettverk) er baserte på kvantitative mål, mens den tredje (konkordansanalyse) er meir kvalitativ (Baker 2014, 193–94). Ved å nytta ulike metodar kan ein teikne opp eit meir heilskapleg bilete av objektet ein forskar på.

## 2.2. Tidlegare forskning

Her vil eg presentere tidlegare forskning som har relevans for oppgåva mi. Eg vil først gjere greie for korpusundersøkingar som har med kjønn å gjere, deretter vil eg visa fram forskning på framstillingar av kjønn i norske aviser. Avisspråk meir generelt vert omtala i avsnitt «2.5. Avisspråket».

---

9 Om ein skulle laga eit 100 % representativt korpus over moderne skriftleg bokmål, måtte ein i prinsippet ha samla inn *all* trykt tekst i det aktuelle tidsrommet.

10 Det finst noko tekst på dansk, svensk og nynorsk i korpuset, sjå 3.3.4. Gjennomgang av innsamla data. Omfanget ser ut til å vera ubetydeleg.

11 Craigslist er eit nettforum som vert nytta til lysingar av ymse slag, særleg til privat kjøp og sal, ikkje ulikt Finn.no.

### 2.1.1. Korpusundersøkingar om språk og kjønn

Dei siste åra har datateknologien gjort det mogleg å samla store mengder tekst i digitale, søkbare korpus. Desse korpusa gir eit vell av moglegheiter for å granska tilhøvet mellom språk og kjønn med eit dataomfang som var umogleg for femti år sidan (Nafstad og Blakar 2006, 273). Blant undersøkingane på norsk kan ein nemna Amalie Gjengedal si masteroppgåve frå hausten 2021 (Gjengedal 2021). Denne undersøkte frekvens og produktivitet for eit utval suffiks som danner feminint markerte yrkestitlar, t.d. *flyvertinne* og *syerske*. Undersøkinga tok utgangspunkt i Nasjonalbiblioteket si samling av digitaliserte bøker og aviser (N-gram) og avgrensa seg til avismaterialet, med den grunngevinga at «[a]viser er regelmessige publikasjonar som tek opp dagsaktuelle tema og hendingar, dei skriv difor i stor grad om si eiga samtid» (Gjengedal 2021, 42). Gjengedal fann at det har vore relativt mange feminine etterledd i bruk i norsk, og at desse hadde høgast frekvens mellom ca. 1940 og 1960, men at dei sidan då gradvis har gått ut av bruk (Gjengedal 2021, 111).

Michael Pearce (2008) har undersøkt representasjonar av kvinner og menn i British National Corpus (BNC) med utgangspunkt i adjektiv- og verbkollokat til orda *man* og *woman*. BNC er eit korpus på 100 milionar ord som består av eit variert utval teksttypar, med mål om å vera eit representativt bilete på moderne britisk engelsk (Pearce 2008, 6). Pearce grupperte kollokata i fem domene: «power and deviance», «social categorisation», «personality and mental capacity», «appearance» og «sexuality» (Pearce 2008, 7). I alle fem domena fann han store forskjellar i kollokata som var assosierte med *man* og *woman*, og konkluderte med at desse gjekk i hop med stereotype framstillingar av menn og kvinner (Pearce 2008, 19). Samtidig peikar Pearce på at nokre kollokat tyder på ein «sosiologisk» diskurs som rettar merksemd mot kvinner si underordna stilling i samfunnet og søkjar å bøta på problemet (Pearce 2008, 19–21). Det bør elles merkast at dei aller fleste tekstene i korpuset (nesten 90 %) frå perioden 1975-1993, og at korpuset derfor var noko utdatert då undersøkinga vart gjennomført (Pearce 2008, 6).

Rosamund Moon har forska på tilhøvet mellom adjektivbruk, alder og kjønn i moderne engelsk. I artikkelen «From *gorgeous* to *grumpy*: adjectives, age and gender» gjer ho greie for ei korpusundersøking som tok utgangspunkt i korpuset Bank of English (BoE), eit undersett av Collins-korpuset (Moon 2014, 6). Undersøkinga tok utgangspunkt i tre forskjellige alderskategoriar (*young*, *middle-aged* og *old*) kombinert med dei kjønna personorda *man*, *woman* og *lady*. Med utgangspunkt i desse kategoriane vart det i hovudsak søkt på dei følgjande frasane:

*young woman/women*

*young man/men*

*middle-aged woman/women*

*middle-aged man/men*

*old woman/women*

*old lady/ladies*

*old man/men* (Moon 2014, 10)

Gjennom korpussøk fann Moon dei adjektivkollokata som oftast forekom saman med desse frasane. Dei mest frekvente kollokata vart skilde etter semantisk kategori, og om dei hadde positive eller negative konnotasjonar (Moon 2014, 12). Ho fann at enkelte adjektiv nesten utelukkande vart nytta om referentar i ein bestemt alderskategori, og at adjektiva difor fungerte som *kryptotypar* som ymtar om alderen på referenten sjølv når alder ikkje er uttrykt eksplisitt: til dømes ymtar adjektiva *pretty* og *promising* om ei ung kvinne, medan *sprightly* og *frail* ymtar om eldre menneske (Moon 2014, 30). Ifølgje Moon bidrar adjektivbruken i engelsk til å støtta oppfatningar om at aldring er noko negativt, og at særleg eldre kvinner mistar seksuell og sosial verdi med alderen (Moon 2014, 36).

### 2.1.2. *Språk og kjønn i norske aviser*

Elisabeth Eide (1991) har kartlagt kva slags kvinner som vart omtala i eit utval aviser frå 1979 og 1989. Ho fann at 20 % av kvinnene i avisoppslaga frå 1989 var leiarar (næringslivssjefar, stortingsrepresentantar, leiarar for organisasjonar), 17 % var sportsutøvarar, 10 % var representantar (ikkje leiarar) for ein organisasjon, 12 % var «yrkeskvinner», 9 % var kunstnarar, 7 % var «idol» og 6 % var «lidende» (Eide 1991, 53).<sup>12</sup> Kvinner som ikkje var offentlege personar var lite omtala. Den viktigaste endringa jamført med avisene frå 1979, var at leiarkvinner vart meir synlege (9 % av dei omtala kvinnene i 1979, mot 20 % av kvinnene i 1989); andre forskjellar var ikkje nemneverdige (Eide 1991, 55). Eide viser ikkje til noka tilsvarande gransking av kva slags menn som vert omtala i avisene, men ymtar om at ein kan rekna med at menn i leiarposisjonar også er overrepresenterte blant mennene (Eide 1991, 55). Allern viser til undersøkinga «Kritikk av norsk journalistikk» frå 1985, som viste at 56 % av intervjuobjekta i norske aviser hadde universitets- eller høgskoleutdanning, mot 11 % i befolkninga som heilskap (Vaage, referert i Allern 1992, 116).

Nyare forskning viser at kvinner enno er langt mindre omtala enn menn. Ein studie frå 2010 viste at blant kjeldene i eit representativt utval nettaviser utgjorde kvinner 26 %, mens tilsvarande

---

12 Eide diskuterer korleis kategoriane *idol* og *lidende* kan overlappa (Eide 1991, 41). Det er uklart kor prostituerte kvinner ville plasserast – som *yrkeskvinne* eller *lidende*? Det kan tenkjast at prostituerte kvinner var lite omtala i dei avisene som låg til grunn for undersøkinga, og at problemstillinga derfor ikkje oppstod. I mitt materiale var adjektivet *prostituert* distinktivt for konteksten «ADJ + *kvinne*», og eg avgjorde å løysa dilemmaet med å plassera *prostituert* i kategorien «yrke»; sjå avsnitt *Feil: Fann ikkje kjelda til referansen* og fotnote på side 106.

tal for papiravisene var 28 % (Bruraas 2012, referert i Øvrebø 2013, 148). Det er eit generelt mønster at kvinner vert siterte i nyheitene for sine erfaringar, mens menn vert siterte i kraft av stillinga si eller (den oppfatta) kompetansen deira (Øvrebø 2013, 148). Ifølgje Øvrebø er dette eit døme på ein kulturell fordom om at menn lekamleggjer ålmenn sanning mens kvinner representerer subjektiv kunnskap (2013, 148).

Det er stort sett elitemenn og elitekvinner som er synlege eller vert omtala i avisene, og sidan menn generelt sett vert omtala langt oftare enn kvinner, vert arbeidarkvinnene dei «usynligste blant de usynlige» (Allern 1992, 116–17). Samtidig har det ifølgje Øvrebø vore ei utvikling frå at kvinnelege leiarar var dei mest siterte kjeldene i 1989 til at kvinnelege idol var meir synlege ti år seinare (2013, 147–48). Monica Gunne har hevda at dei typiske kvinnetypene i dei svenske media er «offer, babe, makt» (1996, referert i Eide 2000, 185). Elisabeth Eide hevdar at «babe-effekten» vert stadig meir gjeldande i media, og forstår dette som «framstillingar av kvinner som forlystelsesobjekt for det mannlige blikket» (2000, 185). Ifølgje Margunn Grønn var dei norske laussalsavisene ved inngangen til 2000-talet i aukande grad prega av sexfiksering og seksualisering; ho føreslår at «sex» har vorte eit «sjette nyheitskriterium» i tillegg til dei tradisjonelle (2000, 17–38). Dette inneber for det første at seksuelle element ved nyheitssaker vert framheva, og for det andre at avisene får saker som i utgangspunktet ikkje har med sex å gjera til å handla om sex (Grønn 2000, 25–29). Sexfikseringa er i hovudsak knytt til framstillingar av kvinner, men Grønn påpeiker at media i noko aukande grad også fikserer på menns utsjånad og kroppar (2000, 37).

Som tidlegare nemnt er menn generelt omtala langt meir enn kvinner i norske aviser. Øvrebø har hevda at det at fleire kvinner er involverte i nyheitsproduksjon ikkje nødvendigvis har ført til meir kjønnsbalanserte nyheitsprodukt (Øvrebø 2013, 148). Ei mogleg forklaring på dette kan vera at kvinnelege journalistar tilpassar seg ein journalistkultur som er grunnleggjande mannleg (Zilliacus-Tikkanen 1997, 56–57).

### **2.3. Feministiske perspektiv på språk, makt og kjønn**

Kvinnerørsla har alltid vore oppteken av språket som undertrykkjande faktor, men det er særleg frå slutten av sekstitalet at den eksplisitt feministiske språkforskinga veks fram (Cameron 1992, 1, 5–6). Forskinga på «språk og kjønn» kan grovt sett delast i to tilnærmingar: på den eine sida ei tilnærming som granskar korleis kvinner og menn vert omtala og tiltala, og på den andre sida ei tilnærming som granskar forskjellar i språkbruken til kvinner og menn.<sup>13</sup>

<sup>13</sup> Denne todelinga er basert på studieobjektet. Deborah Cameron har i tillegg peika på ei *metodisk* todeling mellom *semiologi*, som studerer språket som system av teikn, og *sosiolingvistikk* (1992, 18–19). Sosiolingvistane vil ofte studera forskjell i språkbruken til kvinner og menn, medan semiologane oftare er interesserte i representasjonar av

### 2.3.1. *Språk er makt*

Påstanden om at «språk er makt» kan delast i to: språket som maktmiddel for (den individuelle) språkbrukaren og språket som spegel på den sosiale realiteten.<sup>14</sup> På den eine sida er språket eit verkemiddel som den individuelle språkbrukaren nyttar for å påverka andre (utøva sosial makt) ein kan kalla dette *språket som maktmiddel for språkbrukaren*. På den andre sida *speglar* språket maktforhold i samfunnet «utanfor språket».<sup>15</sup>

Den individuelle språkbrukaren kan bruka språket som maktmiddel medvitent eller umedvitent. Blakar legg vekt på at avsendaren i kvar kommunikasjonssituasjon *aktivt strukturerer røyndommen*, eller kjem med forslag til korleis røyndommen skal tolkast (2006, 64–65). Når ein avsendar skal formidla noko til ein mottakar, må vedkomande gjera ei rekkje implisitte val om korleis innhaldet skal pakkast inn. Korleis avsendaren ordlegg seg er slett ikkje likegyldig, og to forskjellige språklege uttrykk som i utgangspunktet viser til same fenomen i røynda, kan skapa vidt forskjellige inntrykk hjå mottakaren (Blakar 2006, 49–50).

I tillegg til at språket fungerer som maktmiddel i konkrete kommunikasjonssituasjonar, er språket også eit spegel på sosiale realitetar som fungerer konserverande. For det første er språket bygd opp av tidleare generasjonar, og derfor påverka av dei psykologiske og materielle forholda i fortida; for det andre kan språket tilsløra røynda og gjera det vanskeleg å få auge på kva som er galt i samfunnet (Blakar 2006, 94–95).

Blakar føreslår at språket kan brukast som frigjerande («emansipatorisk») verktøy gjennom nyskapningar som rettar merksemd mot, og bidrar til å avsløra, ulikskapane i samfunnet (2006, 104). Endringar i språket fører ikkje automatisk til endringar i den sosiale realiteten (og for at endringar i språket skal «slå gjennom» og verta gjengse, må det til endringar i den sosiale realiteten, sjå avsnitt 2.4.3. Sambandet mellom språk og ideologi); føremålet er å kalla fram debatt. Døme på slike «reverseringar» er «politikvinne» (politimann), «forkvinne» (formann) og «mannleg formann» (Blakar 2006, 105). Blakar (2006, 58) har hevda at det er i krisetider og periodar med store samfunnsendringar ein lettast vert klar over maktrolla til språket. Som døme viser han til William Hinton's påstand om at den kinesiske revolusjonen skapte eit heilt nytt vokabular (Hinton referert i

---

kvinner og menn.

14 Blakar nyttar også formuleringa «språket representerer maktbruk» (Blakar 2006, 49). Denne formuleringa er tvitydig og kan forståast på (minst) to måtar, avhengig av korleis ein skal tolka «representerer». Om «representerer» er nytta i tydinga 'står fram for', 'er representant for' (*Bokmålsordboka*, under «representer», 1, lese 6. mai 2023), viser formuleringa til det som kan kallast «språket som spegel på den sosiale realiteten». Om «representerer» er nytta med i tydinga «er døme på» (*Bokmålsordboka* under «representer», 4, lese 6. mai 2023), er formuleringa einstyddande med det som har vorte kalla språket som individuelt maktmiddel. Alternativt kan ein seia at *språkbruk er maktbruk* og at språket *representerer maktforhold*.

15 Eg føreset at det finst ei verd utanfor språket, som ein kan læra å kjenna.

Blakar 2006). Ein kan altså tenkja seg at det er eit samband mellom språk og den samfunnsmessige overbyggnaden (sjå 2.4.1. Overbyggnaden og ideologiske statsapparat).

### 2.3.2. Språk og kvinneundertrykking

Forskinga på sambandet mellom kvinneundertrykking og språklege faktorar kan grovt sett delast inn i to tilnærmingar: granskning av korleis kvinner og menn snakkar, og korleis kvinner og menn vert snakka *om* og *til*. Denne oppgåva høyrer til sistnemnte tilnærming.

Det er særleg Robin Lakoff som har lansert teorien om «kvinnespråk». Lakoff har hatt stor innverknad på feltet språk, kjønn og seksualitet, men empirien er omdiskutert i ettertid (Bucholtz 2014, 26–27). Det har vorte hevda at kvinner (gjennomsnittleg) kjenner fleire ord for fargenyansar enn menn (Uri 2018, 67). Ifølgje Lakoff grunnar dette i forventningar om kva som er legitimt for ei kvinne å bry seg om, og kva som er legitimt for menn å bry seg om. Om ein mann skulle peika på ein vegg og slå fast at den har fargen *mauve*, vil ein tilskodar gå ut frå at han anten er homofil, interiørdesigner eller driv sarkastisk etterlikning av kvinnespråk (Lakoff [1972] 2004, 43). Lakoff hevdar at påhengde spørsmål («tag questions») er typisk for kvinnespråk, og set dette i samanheng med at kvinner generelt er forventa å snakka meir «høfleg» enn menn (Lakoff [1972] 2004, 48–50).

Ryen viser til Lakoffs skildring av «kvinnespråk» og «mannsspråk», og føreslår at desse bør skjønast i ljøs av (den tradisjonelle) arbeidsdelinga mellom kjønna (1976, 16). Kvinner og menn har ulike ordforråd, på same måte som høgt spesialiserte yrke har ein tendens til å utvikla ein eigen sjargong: «f.eks. vil ei rekke ord for redskaper og teknikk være ukjente eller representere et passivt ordforråd for mange kvinner, mens ord for husstell og håndarbeid kan mangle i mennenes aktive ordforråd» (Ryen 1976, 16).

Lakoff føreslår at *lady* er ein eufemisme som kompenserer for ubehag knytt til ordet *woman* ([1972] 2004, 55). Når eit ord vekker ubehag eller negative konnotasjonar er det ikkje uvanleg at det vert danna eufemismar som ikkje er assosiert med ubehaget. Lakoff peiker på at *lady* vert nytta i kjønnsmarkerte yrkestitlar som tradisjonelt har hatt låg status, slik som *cleaning lady* og *saleslady* ([1972] 2004, 54). I titlar for yrke med høg status er det ikkje trong for å «heva statusen» gjennom eufemisme – ein seier derfor *woman doctor*, men ikkje *lady doctor*, med mindre ein ønskjer å så tvil om ein kvinneleg lege sin profesjonalitet (Lakoff [1972] 2004, 54–55). Eufemismar vert vanlegvis ikkje nytta i alvorlege diskusjonar – *lady* får derfor ein eim av enkelheit (Lakoff [1972] 2004, 56).

Lakoff føreslår at *lady* ikkje har dei same seksuelle overtonane som *woman* har, og påpeiker at *lady* neppe kan bytast ut med *woman* i desse kontekstane (gjengitt frå Lakoff [1972] 2004, 56):

- (a) She's only twelve, but she's already a woman.  
\*lady
- (b) After ten years in jail, Harry wanted to find a woman.  
\*lady
- (c) She's my woman, see, so don't mess around with her.  
\*lady

På norsk finst det også to parallelle ord for 'vaksen kvinne' som vert nytta om kvarandre. Eg kjem attende til forskjellane mellom *lady* og *woman* jamført med *dame* og *kvinne* i avsnitt 7.1.1. *Dame* jamført med *kvinne*.

### 2.3.3. Nyare forskning på språk og kjønn

Forskjellen mellom kvinner og menn sin språkbruk har stort sett vore forklart frå tre perspektiv: *mangelhypotesen* (at kvinner sin språkbruk avvik frå norma), *dominanshypotesen* (at kvinner sitt språk speglar kvinna si undertrykte stilling i samfunnet) og *forskjellshypotesen* (kvinner og menn lever i delvis ulike kulturer, som svarer til ulike språk) (Tonne, Uri, og Johnsen 2022, 242). Alle dei tre nemnte perspektiva legg vekt på forskjellar mellom kvinner og menn sitt språk, men forklarar dei på ulike måtar. Nokre nyare forskarar på feltet språk og kjønn har utfordra hypotesen om grunnleggjande forskjellar mellom kvinner og menn sitt språk. Alice Freed påpeikar at stereotyper om korleis kvinner og menn snakkar får stor merksemd i media (Freed 2014, 625). Folk flest møter forskning om språk og kjønn gjennom populærvitskaplege framstillingar som er påverka av kva utgivarane vil framheva som interessant, og som somme tider står i motstrid til kva forskarane sjølv hevdar (Cameron 2007, referert i Freed 2014, 630).

Det har vorte hevda frå ulike hald at kvinner bruker fleire og meir kjensleladde adjektiv enn menn (Tonne et al., 2022, 242–43). Ingebjørg Tonne, Helene Uri og Lars G. B. Johnsen har undersøkt adjektivbruken til kvinnelege og mannlege skjønnlitterære forfattarar, med utgangspunkt i samlinga til Nasjonalbiblioteket (Tonne et al. 2022, 245). Undersøkinga avgrensa seg til adjektiva *god*, *dårlig*, *stor*, *liten*, *pen*, *stygg* og ulike nærsynonym til desse (Tonne et al., 2022, 245–56). Undersøkinga fann at: Dei kvinnelege forfattarane nytta kvar adjektivgruppe meir enn dei mannlege, med unntak av adjektivgruppa for *stor*; dei kvinnelege forfattarane nytta positivt ladde adjektiv noko oftare enn dei mannlege; dei kvinnelege forfattarane nytta dei fleste fargeadjektiva meir enn dei mannlege forfattarane (Tonne, Uri, og Johnsen 2022, 256). Forskjellane var derimot ikkje store nok til å konkludera med at nokre adjektiv er «typisk kvinnelege» mens andre er «typisk mannlege». Ei mogleg innvending er at undersøkinga berre tek utgangspunkt i skrivne

skjønnlitterære tekstar, og derfor ikkje kan svara på om kvinner og menn nyttar adjektiv ulikt i munnlege talesituasjonar og andre skriftlege sjantrar.

## 2.4. Marxistiske perspektiv

Her vil eg først gjera greie for omgrepa «overbygnad» og «ideologiske statsapparat». Deretter vil eg presentera nokre perspektiv frå den materialistiske feminismen, som dannar ei konseptuell bru mellom dei marxistiske perspektiva på ideologi og teoriar om språk og kjønn. Til slutt vil eg greia ut om marxistiske perspektiv på sambandet mellom språk og ideologi.

### 2.4.1. Overbygnaden og ideologiske statsapparat

I den marxistiske tradisjonen skil ein mellom *grunnvoll* (basis) og *overbygnad*, der grunnvollen er utgjord av produktivkrefter, produksjonsforhold og produksjonsvilkår, medan overbygnaden er det politiske og ideologiske reisverket oppå dei økonomiske forholda (Sandøy 1975, 18). Til overbygnaden høyrer lovverket, skolesystemet, statsmakta og dei rådande tankane (ideologiane). Eg tek utgangspunkt i Althusser og definerer *ideologi* som medvitsformer som representerer den sosiale verda, men som er skilde frå *vitskap* ved at den praktisk-sosiale funksjonen er viktigare enn den teoretiske funksjonen (Althusser 2005, 231). I ei mykje sitert formulering frå Marx lyd det at dei herskande tankane i kvar epoke er tankane åt den herskande klassen:

I kvar epoke er det tankane til dei rådande klassane som er dei rådande tankane, dvs. den klassen som har den materielle makta i samfunnet, har også den åndelige makta. Den klassen som har midla til den materielle produksjonen til sitt rådvelde, rår òg samtidig over midla til den åndelige produksjonen, slik at den stort sett òg har herredømme over tankane til dei som ikkje har tilgjenge til midla for åndelig produksjon. (Marx u.å., referert i Sandøy 1975, s. 19).

Dei herskande ideologiane har til oppgåve å hegna om dei rådande produksjonsforholda (Sandøy 1975, 19). Endringar i den økonomiske grunnvollen og i den politisk-ideologiske overbygnaden verkar gjensidig inn på kvarandre, men grunnvollen er rekna som grunnleggjande når alt kjem til alt. Endringar i grunnvollen fører soleis også med seg endringar i overbygnaden (Marx [1859] 1973). At grunnvollen er avgjerande *i siste instans*, vil ikkje seia at grunnvollen einsidig determinerer overbygnaden; overbygnaden er også ein arena for klassekamp, og under visse historiske forhold kan endringar i overbygnaden driva fram endringar i grunnvollen. Althusser's tese om «relativ autonomi» inneber at overbygnaden ikkje er einsidig determinert av grunnvollen, og at ideologiske fenomen til ein viss grad kan leva sitt eige liv (Ferretter 2008, 42–43).



Louis Althusser lanserte omgrepet «ideologiske statsapparat». Althusser hevda at den marxistiske statsteorien var ufullstendig, fordi dei marxistiske klassikarane (her: Marx, Engels, Lenin, Stalin) hadde fokusert einseitig på tvangsmakta (Althusser 1971, 137–38). Hå Lenin heiter det at staten er eit resultat av samfunnet si kløyving i klassar, at kjernen i staten er «særskilde avdelingar av væpna menneske», og at oppgåva til staten er å verna om dei rådande eigedomsforholda (Lenin [1918] 1976, 17–23). Ifølgje Althusser hadde Lenin skildra *tvangsmakta* meir eller mindre tilfredsstillande, men den marxistiske statsteorien var likevel uferdig, fordi det repressive statsapparatet ikkje strekk til åleine for å sikra reproduksjonen av den kapitalistiske produksjonsmåten (Althusser 1971, 138–39). Althusser føreslår derfor eit skilje mellom det *repressive statsapparatet* og *ideologiske statsapparat*, der skilnaden er at dei repressive statsapparata fungerer «i stor grad og først og fremst ved tvang», mens dei ideologiske statsapparata fungerer «i stor grad og først og fremst gjennom ideologi» (Althusser 1971, 144–45). Dette skiljet er ikkje absolutt, då båe slags institusjonar kan utøva båe slags makt i varierende grad.

Dei ideologiske statsapparata omfattar ifølgje Althusser kyrkja, utdanningsinstitusjonar, familien, lovverket og dei juridiske institusjonane, det politiske systemet (inkludert partisystemet), fagforeiningane, kulturinstitusjonane og media (Althusser 1971, 143).<sup>16</sup> Dei fleste institusjonane og organisasjonane i dei ideologiske statsapparata høyrer til den «private» sfæren eller sivilsamfunnet, og har inkje direkte band til det repressive statsapparatet. Det dei ideologiske statsapparata har til felles, er at dei reproduserer det eksisterande samfunnet gjennom ideologiske diskursar, og lærer opp samfunnsmedlemmane til å delta i den dominerande ideologien (Ferretter 2008, 84–85). Dette skal ikkje forståast som «indoktrinering». For det første er ikkje den dominerande ideologien noko den herskande klassen har funne på for å «narra» dei undertrykte klassane. Den herskande klassen må «leva» sin eigen ideologi og tru på han. For det andre er dei ideologiske statsapparata ein arena for klassekamp der dei utbytte klassane kan uttrykkja si tenking eller vinna (oftast mellombelse) kampstillingar (Althusser 1971, 146–47).

#### 2.4.2. Den materialistiske feminismen

Den materialistiske feminismen er ein svært mangslungen skole, med ulike oppfatningar om kva ein skal leggja i «materialisme». Ein brei definisjon av materialistisk feminisme vil omfatta marxistiske feministar som Michèle Barrett og Lise Vogel, mens Rosemary Hennessys meir snevre definisjon viser til feministiske teoriar som tek utgangspunkt i den historiske materialismen men i større eller mindre grad gjer bruk av postmoderne teoriar om forholdet mellom språk og subjektivitet

---

16 Althusser's terminologi er «the religious ISA, the educational ISA» osv.

(Hennessy 1993, 5). Når Hennessy nyttar omgrepet «materialistisk feminisme» er det for å signalisera at den marxistiske teorien i si klassiske form ikkje strekk til for å forklara kvinneundertrykkinga, og at den marxistiske teorien derfor må forvandlast grunnleggjande (Hennessy 1993, xi).<sup>17</sup>

Hennessy tek utgangspunkt i eit post-althussersk ideologiomgrep og føreslår at *diskursar* bør forståast som ideologi (Hennessy 1993, xv). Hennessy definerer ideologi som dei ulike meiningsskapande praksisane som i kvar historiske augneblink utgjer «tinga slik dei er» (Hennessy 1993, 14). Ideologi er altså den rådande måten å forstå verda på, som får det eksisterande samfunnet til å framstå naturleg og opplagt. Å forstå diskursar som ideologi gjer det mogleg å granska korleis subjektet *kvinne* («woman») vert konstruert diskursivt, utan at diskursanalysen vert lausriven frå undersøkingar av strukturelle vilkår (Hennessy 1993, xv). Ideologikritikken anerkjenner at konkurrerende diskursar er uttrykk for interessekamp, og har som mål å avsløra dei konkurrerende interessane for å gjera sosial endring mogleg (Hennessy 1993, 15).

Michèle Barrett kritiserer enkelte innanfor det post-althusserske paradigmet som har utvida tesen om den «relative autonomien til overbyggnaden» i ein slik grad at ideologi vert like konseptuelt viktig som materielle forhold (Barrett 1980, 89–90) (sjå også 2.4.1. Overbyggnaden og ideologiske statsapparat). Ifølgje Barrett bør ikkje ein feministisk analyse av ideologiske diskursar strekkja ideologi-omgrepet for vidt, men avgrensa «ideologi» til tanke- og kjenslemessige prosessar, som ikkje er lausrivne frå dei økonomiske produksjonsforholda (1980, 97). Produksjonsforhold vil ikkje berre seia forholda mellom klassar, men også arbeidsdelinga mellom kjønna, delinga mellom handarbeid og tankearbeid, rasemessig segregering av arbeidsmarknaden og liknande (Barrett 1980, 99).

Den sosialistiske feministiske tradisjonen har ofte teke utgangspunkt i ein to-systemsmodell, der *kapitalismen* og *patriarkatet* eksisterer side om side. Feministar av ulike slag har ofte fokusert på kjernefamilien som primærarena for kvinneundertrykking (Vogel 1995, 34–35). For Lise Vogel er det ikkje interne forhold i familien som er den viktigaste kjelda til kvinneundertrykkinga under kapitalismen, men forholdet mellom det økonomiske systemet som heilskap og kvinner (særleg arbeidarklassekvinner) sitt arbeid i heimen (Ferguson og McNally 2013, xxiv–xxv).<sup>18</sup> Ifølgje Vogel har den borgarlege familien og arbeidarklassefamilien grunnleggjande forskjellige funksjonar i det borgarlege samfunnet, sjølv om det finst ei

---

17 Her må det nemnast at Hennessy går lengre i å ta avstand frå Marxisme enn både Vogel og Barrett. Dei to sistnemnte kan med full rett kallast marxistiske feministar. Både Vogel og Barrett har vore viktige for utviklinga av *sosial reproduksjonsteori*, og Susan Ferguson har hevda at Barretts marxistiske feminisme er den logiske utviklinga av Althussers marxisme (Ferguson u.å.).

18 Sjå også Vogel ([1983] 2013, 157–60)

arbeidsdeling mellom kjønna i baa to familietypane. For at kapitalismen skal haldast ved like må arbeidskrafta reproduserast; det vil seia at arbeidaren må vera fødd, kledd og utkvilt til neste dag, og ein ny generasjon med arbeidskraft må oppsedast. Det reproduktive arbeidet (arbeid som produserer vara arbeidskraft) vert først og fremst utført av kvinner innanfor rammene av arbeidarklassefamilien (Vogel 1995, 176–77). Else Ryen set den språklige kvinneundertrykkinga i samanheng med den økonomiske arbeidsdelinga mellom menn og kvinner i samfunnet: «I forhold til produksjonen blir det kvinnaas viktigste oppgave å vere arbeidskraftreserve og å bidra til reproduksjonen av mannens arbeidskraft» (Ryen 1976, 13). Det tradisjonelle kjønnsrollesystemet, der det er venta at kvinner skal vera omsorgsfulle og tøyelige medan menn skal vera tøffe og gode forsørgjarar, svarer altså til arbeidsdelinga mellom kjønna.

#### 2.4.3. Sambandet mellom språk og ideologi

Ifølgje Lars Vikør har ikkje dei marxistiske klassikarane utvikla nokon språkfilosofi – unntaket er nokre (omstridde) artiklar frå Stalin, der han avviser Marrs teori om at alle språkssystem utgjer ein overbygning på den økonomiske grunnvollen (1975, 32).<sup>19</sup> Helge Sandøy påpeiker ei svakheit ved analysane til både Marr og Stalin: Baa to ser på språket som eit heilskapleg system som anten er determinert av klassekampen (Marr) eller består av politisk nøytrale nemningar som ikkje har noko å gjera med klassekampen (Stalin) (1975, 24). Med baa to modellane vert det «umogleg å forstå korleis språket kan tene som maktmiddel» (Sandøy 1975, 24). Gabrielsen løyser dette problemet ved å skilja mellom språket som system av teikn på den eine sida og språkvurderingar på den andre (Gabrielsen 1984, 15–17). Språket som system av teikn er ikkje ein del av korkje grunnvollen eller overbygningen, men ein biologisk føresetnad for all menneskeleg aktivitet. Språkvurderingar høyrer derimot til den ideologiske delen av overbygningen.

Gabrielsen deler opp ideologi-omgrepet i to innhald. Det eine er det som kan kallast «sosial identitet», altså kjensla av solidaritet mellom menneske som oppfattar seg som delar av same gruppe (Gabrielsen 1984, 15). Som døme på dette, nemnar Gabrielsen fellesskapskjensla mellom dei som talar same sosiolekt. Det andre innhaldet i ideologi-omgrepet er ideologi som «falsk bevissthet», til dømes førestillingar om at visse dialektar er betre enn andre (Gabrielsen 1984, 16). Når eg nyttar omgrepet «ideologi» i denne oppgåva, ser eg bort frå det første aspektet (sosial identitet) og fokuserer på ideologi som *falskt medvit* (sjå også 2.4.1. Overbygningen og ideologiske statsapparat).

---

19 Eg går ut frå at Sandøy her definerer «dei marxistiske klassikarane» på same måte som ml-rørsla: Marx, Engels, Lenin, Stalin og Mao. Merk at «dei marxistiske klassikarane» ikkje er det same som «den klassiske marxismen». Sjå også Stalin ([1950] 2000), fulltekst tilgjengeleg på: <https://www.marxists.org/reference/archive/stalin/works/1950/jun/20.htm>.

## 2.5. Avisspråket

Som nemnt i innleiinga finst det fleire gode grunnar til å forska på avisspråket. Ei tilnærming er å sjå på avisspråket som eit representativt bilete på språket generelt, ei andre tilnærming er å forska på korleis avisene påverkar språket til resten av språkbrukarane, og ei tredje tilnærming er å granska korleis avisspråket bidrar til å forma oppfatningar og normer i samfunnet (Bell 1991, 3–4). Denne oppgåva følgjer delvis første og delvis tredje tilnærming.

I dette delkapittelet vil eg først gjera greie for kva sjangrar som utgjer «avisspråket», og kva språktrekk som pregar dei. Deretter vil eg gjera greie for teoretiske perspektiv på korleis avisspråket bidrar til å forma haldningar og oppfatningar i samfunnet.

### 2.5.1. Sjangrar og emne

Avismediet omfattar eit mangfald av teksttypar, som i tur kan omfatta ulike tema. Vanlege emne i fleire avissjangrar er politikk, økonomi, kriminalitet, kultur, utanriksnytt, sport og anna underhaldning (Allern 2001, 131–32). Vinje deler inn avistekstene inn i stoff som i hovudsak er produsert utanfor redaksjonen og stoff som i hovudsak er produsert av redaksjonen (Vinje 1982, 116–17). Til første kategori høyrer m.a. telegram, lesarinnlegg og annonsar, mens andre kategoriar omfattar m.a. leiarartiklar, nyheiter, referat, kommentarar og kåseri. Allern deler dei journalistiske tekstene inn i tre hovudtypar, som alle har eigne undersjangrar: *nyheitsjournalistikk*, *featurejournalistikk* og *kommentarjournalistikk* (Allern 2001, 102). Kor mange avissjangrar ein skal operera med og kor grensene mellom dei skal gå, kjem an på kva sjangeromgrep ein tek utgangspunkt i. Sjangrar kan definerast etter formelle eller innhaldsmessige kjenneteikn (Hågvar 2003, 45).

Kommersielle aviser inneheld typisk også store mengder reklame. Reklame i aviser kan ta form av heilsideannonse i ein eigen reklameseksjon i papiravisa, eit annonsebilete ved sida av brødteksten i ei nettavis, eller kommersiell reklame i artikkelformat, gjerne merkt med merkelappen «annonsørinnhald». Sigurd Allern har granska omfanget av annonsestoff i ti aviser, målt i areal på sida (cm<sup>2</sup>): Av dei utvalde avisene i undersøkinga hadde Adresseavisen mest annonsestoff (46 %), Vårt Land hadde minst (12 %), og gjennomsnittet for alle ti var 30 % (Allern 2001, 92).

### 2.5.2. Særpreg ved nettaviser

Sidan midten av nittiåra har det skjedd ei stadig aukande digitalisering av nyheitsmedia, som har hatt store konsekvensar for journalistikken (Rasmussen 2006, 8). For det første har internett som medium gjort det teknisk mogleg å publisera nyheiter heile døgnet, utan omsyn til strenge

leveringsfristar (Rasmussen 2006, 35–36). For det andre kan ny informasjon leggjast til i eksisterande saker, både av journalistar og publikum, såkalla *flytande nyheitsproduksjon* (Dahlen 2011, 345). Framveksten av sosiale medium har gjort det enklare for ikkje-profesjonelle å publisera nyheiter på nettet, og dei sosiale medieplattformene er mykje brukt av avisene både som kjelde og promoteringsplattform (Grøtte 2015, 8–9). For det tredje er nettavisene kjenneteikna av *hypertekst*, det vil seia at artiklane er kopla saman med andre tekster gjennom klikkbare lenker (Dahlen 2011, 346, 357–58). For journalisten sin del reduserer dette trongen for å gjengi «gårsdagens nyheter» som nødvendig bakgrunnsinformasjon for ei sak, fordi bakgrunnsinformasjon er lett tilgjengeleg gjennom hyperlenker (Nguyen 2006, referert i Dahlen 2011, 348). I nettaviser er det typisk at reklame får stor plass på framsida, av di annonseinntektane er ein sentral del av finansingsgrunnlaget for dei fleste nettaviser (Rasmussen 2006, 100, 180–81).

Den aukande tilgangen på nyheiter på nett har bidratt til mindre sal av trykte aviser, men Øvrebø påpeiker at dei avisene som mistar lesarar av papiravisa, ofte er dei same som vinn nye lesarar på nett (Øvrebø 2013, 139). Nokre av nettavisene (t.d. Nettavisen) finst berre på nett, men dei fleste norske nettavisene er gitt ut av etablerte avisorganisasjonar som også gir ut papiravis (t.d. Dagbladet, VG) (Rasmussen 2006, 39–40).

Så vidt eg veit, er det ikkje gjort nokon studie på norsk av korleis nettmedia har endra *språket* i norske aviser, men eg held det for rimeleg å gå ut frå at «avisspråket» stort sett er haldt ved lag. Sidan dei fleste norske nettavisene er gitt ut av etablerte avisorganisasjonar, og mange av artiklane som vert publiserte i nettavisene, også vert publiserte i papiravisene, kan ein tenkja seg at det moderne avisspråket ikkje varierer i ekstrem grad mellom papiravisene og nettavisene.

### 2.5.3. *Språklege trekk ved avisspråk*

Avisspråket er ikkje ein eintydig masse, sidan avistekster er delt inn i ulike sjangrar med ulike språklege og stilistiske preg (Vinje 1970, 13). I journalistikken har ein tradisjonelt skilja mellom dei folkelege tabloidavisene og dei seriøse fullformatavisene (Allern 2001, 26–27). Tabloidestetikken er prega av enkel syntaks, synlege aktørar, «verbalspråklig framstilling» og «sterke» nominaluttrykk, til dømes *krig*, *kaos* og *katastrofe* (Hillesund 1996, 70–71). Ifølgje Allern er ikkje skiljet mellom «tabloid» og «seriøse aviser» så skarpt i det moderne norske medielandskapet, då sjølv dei fleste nisjeavisene har teke i bruk tabloidformatet, og mange aviser kan reknast som *omnibusaviser*; dei har ein «seriøs og folkelig» profil, eit variert stoffutval og kan lesast av «alle» (2001, 27–28).

Nyheitsstoff har den dominerande plassen i dei fleste aviser (Allern 2001, 106). Nyheitsartiklar, reportasjar og byråmeldingar er ofte bygde opp etter prinsippet om fallande

viktigheit, som går ut på at den viktigaste informasjonen er presentert først, med supplerande informasjon til slutt (Vinje 1982, 123). Ei klassisk nyheitsmelding skal kunne «kuttas bakfra» (Norsk telegrambyrå 2007, 9). Kravet om kompakt framstilling kjem til syne i syntaks og morfologi på ulike måtar. «Kortord» av ulike slag er eit karakteristisk trekk for avistekster i dei fleste sjangrar (Vinje 1970, 52). «Kortord» inkluderer initialiseringar (t.d. FN, LO), amputerte ord» (t.d. «foto»), og amputerte ordgrupper (t.d. «atomforsvar» av «atomvåpenforsvar») (Vinje 1970, 52–55). Vinje har hevda «tittelspråket» er ei uttrykksform i seg sjølv (Vinje 1970, 22). Det som er særleg særlegent for titlar, er at overflødige ord vert utelatne, inkludert artiklar og hjelpeverb. Ei setning som i «normalspråket» ville ha lydd «en 6-årig gutt er druknet», vil i tittelspråket derfor lyda «6-årig gutt druknet» (Vinje 1970, 21).

Når det gjeld syntaks er frasetypen ADJEKTIVATTRIBUTT+NOMEN typisk for avistekster, då dei er ein kompakt måte å framstilla informasjon på, samtidig som dei uttrykkjer den rådande ideologien til publikasjonen (Caldas-Coulthard og Moon 2010, 110). Ei undersøking av adjektivattributt til kjønnsmarkerte nomen i avistekster bør derfor vera eit godt utgangspunkt for å granska ideologiane om kjønn som kjem til uttrykk i avisspråket.

Det er vanleg å trekkja eit skilje mellom *direkte* og *indirekte* framstilling av ytringar (Hågvar 2003, 84). Den direkte framstillinga skal tolkast av lesaren som ei ordrett gjengiving av det som vart sagt, mens den indirekte framstillinga skal tolkast som omskriving (Veum 1996, referert i Hågvar 2003, 84). Hågvar påpeiker at direkte framstillingar i avisene ikkje eigentleg bør forståast som ordrette sitat. I dei fleste aviser er norma slik at når ei ytring har tankestrek framfor seg, er det ikkje ordrett sitat, men ei gjengiving av meiningsinnhaldet (Hågvar 2003, 85–86). Ifølgje Hågvar bør både direkte og indirekte framstillingar i aviser skjønast som «omskrivning og rekonsektstualisering av originalytringene» (Hågvar 2003, 86–87). Det kan derfor i ein del tilfelle vera uklart om det er kjelda eller avisa som står for ordvalet i eit gitt ytringstilfelle.

Skaparane av Norsk aviskorpus har lagt vekt på å inkludera eit breitt utval av både regionale og nasjonale aviser med ulike målgrupper (Andersen og Hofland 2012, 4–5). Dei fleste avisene i korpuset er rekna som aviser for eit allment publikum («general»). Fem aviser i utvalet er rekna som nisjeaviser («niche»); denne kategorien omfattar Klassekampen, Dag og Tid, Vårt Land, Nationen og Morgenbladet. Dagens Næringsliv står som einaste avis med merkelappen finans («finance»).

#### 2.5.4. Samfunnsmakta til avisspråket

«Samfunnsmakta til avisspråket» kan granskast frå (i allfall) to hald. Den første tilnærminga fokuserer på avisspråket sin påverknad på språknormene til det større språksamfunnet. Ein seier gjerne at avisene er viktige *normagentar*, i og med at dei kommuniserer implisitte normer om kva som er godt norsk skriftspråk (Mæhlum mfl. 2008, 177). Vinje har formulert det slik at avisene «supplerer [...] skolens norskopplæring og fortsetter den der skolen slipper» (Vinje 1995, 9). Den andre tilnærminga fokuserer på korleis avisene utøvar ideologisk makt gjennom språket og påverkar haldningar og tenking. Det er eit slikt «språk er makt»-perspektiv som ligg til grunn for oppgåva.

Ei vanleg oppfatning er at media gir «referat» av det viktigaste som har skjedd ute i verda den siste tida (Blakar 2006, 132). Ifølgje Blakar er det riktigare å hevda at media kjem med «forslag til strukturering av kva som er viktig og mindre viktig i samtida» (2006, 132). Blakar viser til Vietnamkrigen som døme: Formuleringane «det amerikanske engasjementet i Vietnam» og «den amerikanske aggresjonen i Vietnam» tek utgangspunkt i dei same hendingane, men skaper vidt ulike inntrykk hos lesaren (2006, 131).

I den marxistisk inspirerte medieforskinga heiter det gjerne at media er eit av dei viktigaste midla for formidling av tankane til den herskande klassen, som vert dei «herskande tankane». Dette skal rett nok ikkje forståast som ein konspirasjon, men eit resultat av strukturelle vilkår (Allern 1992, 29). Som nemnt i avsnittet om ideologiske statsapparat er ikkje den dominerande ideologien noko den herskande klassen har funne på for å narra dei undertrykte klassane, og den herskande klassen må «leva» den dominerande ideologien og tru på han sjølv (sjå 2.4.1. Overbyggnaden og ideologiske statsapparat). Allern peiker på ulike «nyhetsfiltre» som set grenser for kva som vert syna fram som nyheiter, og framhevar mellom anna eigarkonsentrasjonen og profittorienteringa i mediebedriftene (Allern 1992, 28).

I eit gramsciansk perspektiv på språk og kjønn heiter det at populærkulturen bidrar til å skapa samtykke til visse førestillingar om kjønn og seksualitet (Roman and Christian-Smith 1988, referert i Talbot 2014). Sjølv om aviser vanlegvis ikkje er rekna som «populærkultur», kan avismedia granskast med eit liknande perspektiv. I motseiing til antlete-til-andlete-kommunikasjon mellom menneske går kommunikasjonen i massemedia stort sett ein veg, og at mediene har stor makt til å konstruera sitt idelle publikum (Ehrlich og Meyerhoff 2014, 9). Dette vil rett nok ikkje seia at avislesarar ukritisk absorberer alt som står på trykk i avisa. Dei fleste aviser har ein debattseksjon der lesarane kan koma til orde via lesarbrev, og attpåtil uttrykkja usemje med avisa, sjølv om desse lesebreva «[ofte har] lav journalistisk prestisje internt i avisen» (Allern 2001, 109).

Blakar hevdar at avisspråk er godt eigna som datagrunnlag for studiar av samfunnsideologiar, og føreslår at tilgangen på søkbare elektroniske aviskorpus har gjort det mogleg å gjennomføra systematiske studiar av ideologiar i avisspråket (2006, 162–63).

## 2.6. Om adjektiv i norsk

Her vil eg gjera greie for ordklassen adjektiv, med utgangspunkt i *Språkets mønstre* (Kulbrandstad og Kinn 2016) og *Norsk referansegrammatikk* (Faarlund, Lie, og Vannebo 1997). Eg vil gjera greie for morfologiske, semantiske og syntaktiske eigenskapar, med hovudvekta på dei to siste. Her tek eg utgangspunkt i bokmål.

### 2.6.1. Semantiske eigenskapar

Adjektiv er ord som klassifiserer, skildrar eller på andre måtar viser til eigenskapar ved ein referent (Faarlund, Lie, og Vannebo 1997, 345). Desse eigenskapane kan vera permanente kvalitetar eller midlertidige tilstandar. Permanente kvalitetar kan til dømes vera storleik, form, farge, lydstyrke, smak eller taktilitet, mens mellombelse tilstandar kan vera livstilstand, sinnstilstand, temperatur eller andre eigenskapar (Faarlund, Lie, og Vannebo 1997, 346).

I tillegg til adjektiva som skildrar eller klassifiserer er «epistemiske adjektiv» rekna som ei eige gruppe i *Norsk referansegrammatikk*. Desse uttrykkjer i kva grad noko er reelt eller ikkje, og omfattar adjektiv som *sann*, *ekte* og *mulig* (Faarlund, Lie, og Vannebo 1997, 347). Kulbrandstad og Kinn (2016, 215) skil ut gruppa *relasjonelle adjektiv*, og definerer desse som adjektiv som «peker ut noen referenter ut fra hvordan de forholder seg til andre referenter av samme slag». Denne kategorien omfattar ordenstal (*første*, *andre*) og adjektiv som plasserer referentar i forhold til andre i tid og rom (*siste*, *fremste*).

Skiljet mellom adjektiv og kvantorar er noko omdiskutert. Kvantorar er ord i ulike klassar som på eit eller anna vis uttrykkjer kvantitet (Kulbrandstad og Kinn 2016, 228). Kvantorane kan som oftast stå framfor eit substantiv og eventuelt eit adjektivattributt (Faarlund, Lie, og Vannebo 1997, 216). Nokre kvantorar som *få*, *mange* og *mye* er rekna som adjektiv i *Norsk referansegrammatikk* (Faarlund, Lie, og Vannebo 1997, 218). Kulbrandstad og Kinn reknar desse orda som kvantorar (og ikkje adjektiv), og legg vekt på at dei syntaktiske og semantiske eigenskapane til orda passar betre med kvantorklassen (2016, 229). Eg har følgd Kulbrandstad og Kinn, og held ord som *få*, *mange* og *mye* utanfor oppgåva.



### 2.6.2. Morfologiske eigenskapar

Adjektiv på norsk vert bøygd i gradane *positiv* (nullbøying) *komparativ* og *superlativ*. Gradbøyinga vert uttrykt med suffiks (som i *kjekk*, *kjekkare*, *kjekkast*) eller perifrastisk med hjelpeord (som i *spennande*, *meir spennande*, *mest spennande*) (Kulbrandstad og Kinn 2016, 210).

Adjektiv er oftast knytne direkte eller indirekte til eit substantiv ved å stå som tillegg i substantivfrase (attributiv) eller som eige setningsledd (predikativ) (Kulbrandstad og Kinn 2016, 212). Adjektivet sitt forhold til substantivet vert markert med samsvarsbøying. Bøyingsforma vil variera etter bestemtheit, tal og kjønn på substantivet (Kulbrandstad og Kinn 2016, 213). Adjektivet *stor* i positiv grad kan soleis ta formene *stor* (ubestemt eintal hankjønn/hokjønn), *stort* (ubestemt eintal inkjekjønn) og *store* (bestemt form eintal i alle kjønn, eller fleirtall i alle kjønn). Adjektiv i predikativ stilling har alltid ubestemt form og vert bøygd i samsvar med tal og kjønn på substantivet (Kulbrandstad og Kinn 2016, 214).

### 2.6.3. Syntaktiske eigenskapar

Adjektiv har to syntaktiske hovudfunksjonar, attributiv og predikativ (Kulbrandstad og Kinn 2016, 209). Når adjektiv er brukt attributivt, står dei som tillegg til kjernen i ein substantivfrase, som i frasen «hjelpsam kvinne». Når adjektiv er brukt som predikativ, opptre dei som sjølvstendig ledd i setninga («kvinna var hjelpsam»). I denne oppgåva har eg avgrensa undersøkinga til adjektiv i attributiv stilling.

Sidan mange adjektiv er avleia av perfektum partisipp, skil *Norsk referansegrammatikk mellom* «egentlige adjektiver» og «adjektiver avleitet av perfektum partisipp» (Faarlund, Lie, og Vannebo 1997, 435–36). Faarlund et al. påpeiker at skiljet mellom adjektiv og perfektum partisipp er noko omstridt. *Norsk referansegrammatikk* trekkjer skiljet syntaktisk, slik at partisipp som står som tillegg (adledd) i ein substantivfrase er rekna som adjektiv, mens partisipp som utgjer kjerne i ein verbfrase, er rekna som bøyingsformer av verb (1997, 345).

Presens partisipp representerer ei liknande utfordring. I denne oppgåva følgjer eg *Norsk referansegrammatikk* og reknar presens partisipp som adjektiv når dei står som adledd til substantiv (Faarlund, Lie, og Vannebo 1997, 118–19). Dette er ikkje heilt uproblematisk, og Kinn føreslår at presenspartisipp bør delast inn i *adjektiviske* og *verbale* presens partisipp, av di verbale presens partisipp «har en indre syntaks som ikke let seg gjere greie for om ein ser på dei som adjektiv» (2014, 95). Nokre få av kollokata i materialet mitt bør klart reknast som verb i presens partisipp etter indresyntaktiske kriterium, sjølv om dei har adjektivliknande ytre syntaks. Eit døme på dette er partisippet *dansende*, som opptre som preattributt til substantiv i konteksten *dansende kvinne*. Kinn

(2014, 86) reknar ordet *dansende* som verbalt presens partisipp også når det opptrer som preattributt, og viser til at det vanskeleg kan gradbøyast eller omskrivast til predikativ ved kopula. Dette kan illustrerast slik:

*\*Jeg ser en svært dansende kvinne i borggården.  
??Fra klokken fire til klokken fem var han sovende.*

Trass desse atterhalda har eg valt å følgja *Norsk referansegrammatikk* og tek med presens partisipp i materialet mitt når dei står som preattributt i substantivfrase. Dette gjer rett nok at materialet mitt inkluderer nokre få ord som nok burde reknast som verbale presenspartisipp, slik som *dansende* og *sovende*.

## 2.7. Semantisk kategorisering av adjektiv

Semantisk kategorisering vil i denne samanhengen seia gruppering av adjektiv basert på felles meiningsinnhald. Lingvistiske korpus, inkludert Norsk aviskorpus (bokmål), er vanlegvis ikkje annoterte for semantisk innhald (Stefanowitsch 2006, 1–2). Eg har derfor vore nøydd til å gjennomføra kategoriseringa manuelt.

For å redusera innslaget av subjektivitet har eg teke utgangspunkt i eksisterande system for semantisk kategorisering av adjektiv. Eg har gjort greie for dei semantiske hovudkategoriane av adjektiv i *Norsk referansegrammatikk* (sjå avsnitt 2.6.1. Semantiske eigenskapar). Sidan desse kategoriane er generelle og overordna, har det vore nødvendig å gjera bruk av andre, meir omfattande semantiske kategoriseringssystem for adjektiv. I første rekkje har eg nytta det «sosio-semantiske» systemet til Caldas-Coulthard og Moon, då dette er laga for adjektiv som deler inn menneskelege referentar. Der dette ikkje strekk til, har eg supplert med kategoriane frå Hundsnurscher og Splett, som ligg til grunn for kategoriseringa i det tyske ordboksverket GermaNet.<sup>20</sup> Det endelege kategoriseringssystemet som eg har nytta i oppgåva, er gjort greie for i kapittel 3.7. Semantisk kategorisering.

### 2.7.1. Det sosio-semantiske systemet

I artikkelen «'Curvy, hunky, kinky': Using corpora as tools for critical analysis» gjer Caldas-Coulthard og Moon greie for to korpusstudiar av adjektivbruken i engelske aviser (2010). Den første studien undersøkte kva adjektiv som vart nytta oftare i tabloidavisa *The Sun* enn i

---

<sup>20</sup> Eg er ikkje kjent med at det finst ei tilsvarande systematisk oversikt over semantiske kategoriar for norske adjektiv. Korkje UiB-ordbøkene eller Norske Akademisk Ordbok annoterer adjektiv med semantisk kategori.

fullformatavisene («broadsheets»), og granska konkordansane til dei tre adjektiva *curvy*, *hunky* og *kinky* (Caldas-Coulthard og Moon 2010, 100–102). Den andre undersøkinga nytta kollokasjonsanalyse for å undersøkje kva slags adjektivattributt som var assosierte med substantiva *man*, *woman*, *girl* og *boy* i tabloid- og fullformataviser (Caldas-Coulthard og Moon 2010, 109–10).

Caldas-Coulthard og Moon sorterer adjektiva med utgangspunkt i van Leeuwens sosiosementiske system, som kartlegg korleis sosiale aktørar vert representerte i diskursar (Caldas-Coulthard og Moon 2010, 110–11). Sidan dette systemet har vorte nytta i korpusundersøkingar som granskar tilhøvet mellom språk og kjønn i avisspråket, og særleg i konstruksjonen ATTRIBUTT + NOMEN, har eg vurdert det som svært relevant for oppgåva mi.

Van Leeuwen skil mellom tre grunnleggjande måtar å kategorisera folk på: *funksjonalisering* («functionalization»), *identifikasjon* («identification») og *vurdering* («appraisal») (referert i Caldas-Coulthard og Moon 2010, 110–11). Funksjonalisering vil seia å tilskriva nokon ei rolle med utgangspunkt i kva dei gjer, til dømes kva yrke dei har. Identifikasjon vil seia å påpeika kva nokon grunnleggjande *er*; til dømes, når ein kallar ei kvinne *norsk*, vert ho identifisert som «kvinne av typen norsk». *Vurdering* vil seia å vurdera folk positivt, negativt eller nøytralt gjennom talehandlinga.

Tabell 1 illustrerer kategoriane i studien til Caldas-Coulthard og Moon.<sup>21</sup> Her har eg berre teke med døme på adjektivattributt. Genitivkonstruksjonar (t.d. *ladies' + man*) og nomenfrasar med substantivattributt (t.d. *woman + driver*) er haldne utanfor.

---

21 Tabellen er fritt gjengitt etter Caldas-Coulthard og Moon (2010, 111). Døma er henta frå Caldas-Coulthard og Moon (2010, 111–23). Der eg ikkje har sett inn døme, er det fordi det ikkje fanst i artikkelen. Merk at Caldas-Coulthard og Moon har plassert *black* og *white* i kategorien «ethnicity» og ikkje «race».

Tabell 1: Sosiosemantiske kategoriar hjå Caldas-Coulthard og Moon

Overordna kategori	Underkategori	Klasse	Døme
Funksjonalisering	-	yrke	<i>professional</i>
		rolle	<i>vice</i>
		funksjon	-
Identifikasjon	klassifiserande	alder	<i>old, young</i>
		kjønn	-
		opphav	<i>local</i>
		rase	-
		etnisitet	<i>black, white, English</i>
		seksualitet	<i>gay</i>
		klasse	<i>powerful</i>
		rikdom	<i>rich</i>
		religion	<i>Muslim, Christian</i>
		politikk	<i>IRA</i>
	relasjonelt	slektskap	-
		arbeidsforhold	-
		personleg forhold	<i>lonely, unmarried</i>
	fysisk	storleik	<i>wee, tall</i>
		farge	<i>grey-haired</i>
		utsjånad	<i>balding</i>
		klede	<i>naked, besuited</i>
		attraktivitet	<i>sexiest, good-looking</i>
		anna	<i>strongest, deaf</i>
	personleg	humør/stemning	<i>happy, relieved</i>
		åtferdstrekk	<i>wild, quiet</i>
		hug	<i>deluded, articulate</i>
		moral	<i>dangerous, decent</i>
anna		<i>autistic</i>	
Vurdering	-	-	<i>lovely, poor, nice</i>

### 2.7.2. Inndeling av tyske adjektiv i GermaNet

Då eg ikkje har klart å finna noko dekkjande oversikt over den semantiske inndelinga av norske adjektiv, har eg teke utgangspunkt i tysk. Eg held dette for rimeleg av fleire grunnar. For det første har norsk og tysk eit nært typologisk slektskap, som mellom anna inneber at båe språka set adjektivattributt framfor substantivet (Andersson 2001, 70–71). For det andre er det store likskapar i norsk og tysk ordforråd, då storparten av ordforrådet i norsk er av anten fellesgermansk avstamming eller innlån frå dansk, nedertysk og høgtysk (Askedal 1994, 267–68). Omfanget av tyske lånord er større i bokmål enn i nynorsk, då nynorsken tradisjonelt har frårådd lånord og tyskaktige orddanningsmønster (Askedal 1994, 232, 267).

Det digitale ordboksverket GermaNet deler tyske adjektiv inn i 16 semantiske klassar, med utgangspunkt i eit system føreslått av Hundsnurscher og Splett (1982, referert hos Universität Tübingen u.å.).

Tabell 15 (sjå vedlegg) viser GermaNet sitt skjema for semantisk inndeling av adjektiv med underklassar og døme på tysk og nynorsk. Namn på kategoriane på tysk er berre oppgitt der dette går fram i kjelda (Universität Tübingen u.å.).<sup>22</sup> Rettskrivinga følgjer kjelda.

Dei fleste av kategoriane i systemet kan illustrerast med norske adjektiv utan større problem, men det finst visse unntak. Til dømes inneheld kategorien «privativ» enkelte tyske adjektiv som er lånte inn i norsk, men fungerer som adverb (*blott, rent*).

Elles kan ein innvenda at det adjektiva i kategorien «peronym» har til felles, ikkje er semantisk innhald, men korleis dei er danna morfologisk (med avleiingssuffiks). Adjektiva i kategorien «privativ» har til felles at dei er nektande, men er semantisk ganske ulike. *Røykfri* kan bety 'som ikkje dannar røyk', 'som ikkje røykjer' eller 'der det ikkje er lov å røykja'. I første fall er det tale om kjemiske eigenskapar, i andre fall er det tale om åtferd, mens i tredje fall er det snakk om forbod mot åtferd. Alle desse tre meiningane er ganske forskjellige frå *sorgløs*, som viser til lynne.

### 2.7.3. Kuznetsovas system for inndeling av russiske verb

I bokkapittelet «Grammatical profiling and gender stereotypes» gjer Julia Kuznetsova greie for ein korpusstudie med utgangspunkt i Russian National Corpus, som kartlegg kjønnspreferansen til russiske verb (Kuznetsova 2015). Russiske verb i fortid singularis får ei kjønnsmarkert

---

<sup>22</sup> For den overordna kategorien «Adjektiv knytte til kvantitet» står det «Gesellschaft» på nettsida til GermaNet (Universität Tübingen u.å.). Det er rimeleg å rekna med at det eigentleg skal stå «Quantität», då det er dette kategorien heiter hjå Hundsnurscher og Splett (1982).

bøyingsending, som gjer det mogleg å føra statistikk over dei mest «maskuline» og «feminine» verba (Kuznetsova 2015, 33–34).

Sjølv om Kuznetsovas system er utforma for verb, kan det like fullt ha ein viss overføringsverdi til adjektiv, særleg fordi mange norske adjektiv eigentleg er partisippformer med større eller mindre grad av leksikalisering (Faarlund, Lie, og Vannebo 1997, 345, 378). Ein fordel med Kuznetsova sitt system er at det klassifiserer åtferd i mange kategoriar, mens systema til Caldas-Coulthard/Moon og Germanet opererer med høvesvis éin og sju kategoriar som viser til åtferd. Ein må merka seg at Kuznetsovas semantiske kategoriar ikkje er laga for å omfatta alle russiske verb, men for å peika på fellestrekk mellom dei hundre mest «maskuline» og dei hundre mest «feminine» verba.

## 3. Materiale og metode

### 3.1. Innleiing

Dette kapitlet er delt opp i åtte avsnitt. I avsnitt 3.2 gir eg ei kort innføring i Norsk aviskorpus (bokmål). I avsnitt 3.3. gjer eg greie for datainnsamlinga mi. I avsnitt 3.4. gir eg eit oversyn over datatilfanget. I avsnitt 3.5. gjer eg greie for korleis eg slo saman ulike ordpartypar til éi form som kunne brukast vidare i analysen. I avsnitt 3.6. presenterer eg metoden med distinktiv kolleksemanalyse. I avsnitt 3.7. forklarar eg korleis eg delte inn adjektivkollokata i semantiske kategoriar, og presenterer kategoriseringssystemet eg har nytta. I avsnitt 3.8. gjer eg greie for framgangsmåten for metoden med analyse av konkordanslinjer. I avsnitt 3.9. tek eg opp spørsmålet om reliabilitet og validitet.

Som tidlegare nemnt har eg delt oppgåva inn i tre delundersøkingar. Første delundersøking er den distinktive kolleksemanalysen. Metoden er skildra i avsnitt 3.6., mens resultata er presenterte i kapittel 4. Resultat av distinktiv kolleksemanalyse. Andre delundersøking er ein komparativ analyse av semantiske kategoriar, som byggjer på resultata i førre undersøking. Metoden er skildra i avsnitt 3.7., mens resultata er presenterte i kapittel 5. Resultat og analyse av semantisk kategorisering. Tredje delundersøking er analyse av konkordanslinjer. Metoden er skildra i avsnitt 3.8., mens resultata er presenterte i kapittel 6. Konkordansanalyse.

### 3.2. Om Norsk aviskorpus

Norsk aviskorpus er eit monitorkorpus bygd opp av materiale frå eit utval norske nettaviser, og inneheld materiale frå 1994 fram til i dag. Den versjonen av korpuset som kan søkjast i gjennom Korpuskel, strekkjer seg frå mars 1994 til november 2022, rundt rekna.<sup>23</sup> Korpuset er avgrensa til dei nettavisene som også vert gitt ut som papiravis; difor er til dømes Nettavisen og NRK ikkje tekne med i korpuset .

Innsamlinga av tekst til korpuset går automatisk. Eit web-crawler-program hentar automatisk inn all tekst frå nettavisene; deretter vert alt anna innhald enn kjerneteksten sila bort (Andersen og Hofland 2012, 7). Dette gjer at korpuset har lite overflødig tekst, til dømes reklame. I

---

<sup>23</sup> Eg sjekka datoane på eldste og nyaste tekst i underkorpusa for 1994 og 2022 (Norsk aviskorpus 2020a). På metadata-sida til Norsk aviskorpus (bokmål) i Korpuskel står det at korpuset inneheld tekst frå perioden 1998-2020 (Norsk aviskorpus 2020a). Denne informasjonen er utdatert, sjå Figur 5: Tokens fordelt på årstal i Norsk aviskorpus (bokmål) i vedlegg.

den grad korpuset likevel inneheld reklame, er det tale om «sponsa artiklar» eller anna annonsørinnhald som ser ut som vanleg avistekst.<sup>24</sup>

Nyheitssakene i aviskorpuset dekkjer eit breitt utval av tema. Andersen og Hofland gjer greie for eit eksperiment med automatisk temaklassifisering ved bruk av maskinlæring, som nytta dei ni kategoriane kultur («culture»), underhaldning («entertainment»), utanriks («foreign»), innanriks («domestic»), økonomi («economy»), forbrukar («consumer»), vitenskap og teknologi («science and technology») og idrett («sports») (Andersen og Hofland 2012, 14–15). Per i dag finst det ikkje noko oversyn over korleis det totale innhaldet i korpuset fordeler seg på desse kategoriane. I tillegg til nyheitsartiklar inkluderer materialet kommentarstoff som debattinnlegg, kronikkar og leiarartiklar.

Norsk aviskorpus inneheld eit stort og variert utval av tekst frå nettaviser, og må derfor reknast som svært representativt for moderne norsk avisspråk. Korpuset er derfor svært godt eigna til å undersøkje forskingsspørsmål som handlar om avisspråk spesifikt. Det er derimot ikkje like representativt for moderne norsk som heilskap, då det berre inneheld skriftleg tekst i nokre få sjangrar (dvs. «avissjangrane», sjå avsnitt 2.5. Avisspråket).

### 3.2.1. Duplikat

Ei svakheit med korpuset er at det inneheld ein del duplikat, det vil seia identiske tekstutdrag som opptre fleire gonger. Figur 2 (vedlegg) illustrerer eit døme på duplikat i konkordansen for søkjeordet «Dristig». I materialet for første og andre delundersøking har eg ikkje reinska ut duplikat. For å gjera dette, ville eg ha måtta sjå gjennom den einskilde konkordansen for alle frasetypane i materialet og sletta duplikata manuelt. Når materialet har eit omfang på titals tusan frasetypar (sjå 3.4. Oversyn over tilfanget), er ikkje dette gjennomførbart.

## 3.3. Datainnsamling

### 3.3.1. Avgrensing av materialet

Eg har avgrensa undersøkinga til adjektivattributt i kontekstane «ADJ + *kvinne*», «ADJ + *dame*» og «ADJ + *mann*». Av praktiske grunnar har eg halde predikativ utanfor. *Dame* omfattar bøyingsformene «*dame*», «*damen*», «*dama*», «*damer*» og «*damene*»; tilsvarende gjeld for *kvinne* og

24 For å få eit inntrykk av omfanget, søkte eg på det regulære uttrykket:

"annonse|annonsørinnhold" %c ":"

Dette gav i alt 5919 treff. Søket vart gjennomført 13. januar 2023 (Norsk aviskorpus 2020a). Ikkje alle treffa er frå annonsar, då nokre er frå nyheitssaker som handlar om annonsar. Denne metoden fangar neppe opp alt reklameinnhald i korpuset, men det er uansett rimeleg å rekna med at omfanget er forsvinnande lite sett i forhold til den totale storleiken på korpuset.



*mann*. Andre nærsynonym for dei tre substantiva er ikkje tekne med (sjå 1.5. Avgrensing og definisjonar). I den vidare framstillinga vil eg nytta omgrepet «ordpartype» om unike verdiar etter mønsteret «ADJEKTIV + NOMEN». Ordet «treff» viser til spesifikke teksteksemplar; ordpartypen «gammel kvinne» inkluderer 23 446 treff (sjå figur 1).

### 3.3.2. Val av søkjemetode

I forkant av innsamlinga vurderte eg fleire ulike metodar for å henta inn ordpartypar av typen «ADJEKTIV + SUBSTANTIV»:

- 1) Søkja i ordklasseannotert korpus etter [adjektiv] + [dame|kvinne|mann]
- 2) Søkja etter alle former av *dame/kvinne/mann* pluss éitt ord framfor

Ein fordel med metode 1) ville ha vore å kutta ned på så mykje manuelt annoteringsarbeid som mogleg. Denne framgangsmåten har derimot nokre store svakheiter som gjer han ueigna. To døme på ordklasseannoterte korpus er det annoterte underkorpuset av Norsk aviskorpus (bokmål) og avisdelen av Leksikografisk bokmålskorpus. Desse to underkorpusa er relativt små (høvesvis ca. 5,2 mill. ord og 35,7 mill. ord) samanlikna med heilskapen i Norsk aviskorpus (bokmål).<sup>25</sup> Eg har prioritert storleik og representativitet, og derfor valt å nytta det største tilgjengelege korpuset.

Framgangsmåte 2) var den klart minst kompliserte av dei to. Ei ulempe med denne måten å søkja på er at han ikkje får fram adjektiv som fungerer predikativt, då desse stort sett er plasserte etter referenten. Dessutan gir han mange feiltreff (falske positivar), då søkjerresultatet omfattar alle ord som står framfor *kvinne/dame/mann*. Eg valde å nytta denne søkjemetoden likevel. For det fyrste fordi eg uansett måtte gå gjennom materialet manuelt og sortera ut feiltreff. For det andre fordi dei fleste adjektiv som står som attributt vert fanga opp av denne søkjemetoden.

Ei anna ulempe med denne innsamlingsmetoden er at han krev mykje manuell sortering av dei innsamla data, då søket gir treff for alle frasar etter mønsteret «ORD + *dame/kvinne/mann*», anten ordet er eit adjektiv eller ikkje. Manuell sortering er rett nok også nødvendig ved søk i annoterte korpus, då automatiske annoteringsverktøy har ein tendens til å gjera feilannoteringar (Stefanowitsch 2020, 89). Konklusjonen var derfor at å bruka dei ordklasseannoterte korpusa ikkje ville spart så mykje arbeid, men gjort utvalet for undersøkinga mindre representativt.

---

25 Avidelen av Leksikografisk bokmålskorpus er her definert som undersamlingane AV01 (riksaviser), AV02 (regionale aviser) og AV03 (lokalaviser). Desse tre undersamlingane utgjer til saman 5 226 973 ordformer (tokens). Vekeblad, tidsskrifter, teikneseriar og andre blader er ikkje tekne med. Den annoterte delen av Norsk aviskorpus (bokmål) inneheld 35 692 210 ordformer (tokens).

### 3.3.3. Innsamling av data

Søket vart gjennomført i det avanserte søkjegrensesnittet til Korpuskel. For å følgja det eg ovanfor har kalla metode 2), nytta eg følgjande regulære uttrykk i søket:

```
".*" %c "mann|mannen|menn|mennene" %c
```

```
".*" %c "dame|damen|dama|damer|damene" %c
```

```
".*" %c "kvinne|kvinnen|kvinna|kvinner|kvinnene" %c
```

Uttrykka ovanfor gir treff på høvesvis *mann*, *dame* og *kvinne* i alle bøyingsformer, pluss éitt ord framfor. Leddet `'.*'` betyr eitt eller fleire av kva teikn som helst. Leddet `'%c'` markerer at det ikkje skal skiljast mellom store og små bokstavar.

Etter å ha gjennomført søka trykte eg «word list», som genererer ei liste over dei ulike ordformpara som passar til søkjeuttrykket, sortert etter frekvenstal. Eg lasta ned kvar av desse ordlistene, ei for kvar søkjestreng, som tabulert tekstfil (.txt).

Figur 1 illustrerer ordlistefunksjonen i Korpuskel. Merk at talet på unike frasar i skjermbiletet (28 947) er noko høgare enn det som er oppgitt i avsnitt 3.4. Dette kjem av at korpuset har vorte utvida med nytt materiale i tida mellom eg gjennomførte søka mine og skjermbiletet blei teke.

Figur 1: Skjermbilete av ordlistefunksjonen i Korpuskel. Henta 16. desember 2022

**CLARINO** Corpuscle :: Aviskorpus (Bokmål) :: Word list

Advanced search | switch to Basic search | Query history ...

".\*" %c "kvinne|kvinnen|kvinna|kvinner|kvinnene" %c

Run Query | Refine window: 5 tokens | Stop | Saved queries ...

Done. Running time: 25.53 sec. (26.42 CPU sec.)

Match size: 1110947, unique values: 28947. Attribute: word | ignore case | sort: by fr

Page 1 of 104. Previous Next

71985 (6,48%) en kvinne	3878 (0,35%) tre kvinner	2003 (0,18%) denne kvinnen
44334 (3,99%) . Kvinne	3853 (0,35%) norsk kvinne	1976 (0,18%) Savnet kvinne
37147 (3,34%) for kvinner	3837 (0,35%) om kvinner	1972 (0,18%) da kvinnen
26239 (2,36%) En kvinne	3817 (0,34%) annen kvinne	1965 (0,18%) første kvinne
24446 (2,20%) gammel kvinne	3797 (0,34%) Landslag Kvinner	1897 (0,17%) døde kvinnen
22052 (1,98%) at kvinnen	3795 (0,34%) blant kvinner	1882 (0,17%) én kvinne
21943 (1,98%) at kvinner	3645 (0,33%) eldre kvinne	1878 (0,17%) . Kvinne
20134 (1,81%) og kvinner	3639 (0,33%) og kvinne	1853 (0,17%) skal kvinnen
18433 (1,66%) ¶ Kvinne	3598 (0,32%) To kvinner	1815 (0,16%) eldre kvinner

### 3.3.4. Gjennomgang av innsamla data

Etter å ha lasta ned ordlistene for kvar av søkjestrengane importerte eg ordlistene som rekneark i Libreoffice Calc. Eg sette inn ein kolonne for annotering til venstre for adjektivplassen. Deretter bladde eg gjennom reknearket og annoterte ordpartypane med dei følgjande kodene:

#### **x: utvitydig**

Ordpartypar der ordet i venstrefeltet utan tvil er eit adjektiv brukt som attributt til substantivet i høgrefeltet. Alle desse ordpartypane er tekne med vidare til undersøkingsfasen.

Døme: *vakker kvinne*

#### **!: må undersøkjast nærmare**

Tvitydige ordpartypar; denne annotasjonen vart hovudsakleg nytta når ordet i venstrefeltet kunne tilhøyra ulike ordklassar avhengig av samanhengen, til dømes verb som har same form i preteritum og perfektum. Omfattar også stavefeil, eller frasar der ordet i høgrefeltet har stor forbokstav. Desse ordpartypane måtte eg søkja opp på nytt for å vurdera kvart brukstilfelle ut frå kontekst.

Døme: *siktet mann, drept Kvinnen, åring kvinne*

#### **genfr: genitivsfrase**

Genitivsfrasar som består av substantiv + genitivs-s. Desse kan brukast som predikativ, ikkje heilt ulikt adjektiv. Brukstilfelle som har artikkel framfor seg, vurderte eg som adjektivliknande og tok med vidare i undersøkinga, saman med det x-annoterte materialet.

Døme: *landsens kvinne*

#### **ukat: ukategoriserbart**

Ord som liknar adjektiv i forma, men har uklar betydning og dermed ikkje let seg kategorisera. Desse er ikkje tekne med i materialet.

Døme: *ørneste mann, feilferka kvinne*

#### **dk: dansk**

Danske ord som skil seg frå eventuelt tilsvarande ord på norsk bokmål. Der det danske ordet svarer til eit norsk ord med liknande ordform, har ordformene blitt slått saman med bokmålsformene (sjå delkapittel 3.2.5. Der det ikkje finst noko tilsvarande norsk ord med liknande ordform, har ordet

blitt ekskludert. Døme a) nedanfor er halde utanfor, medan døme b) er teke med og slått saman med ordforma «naken».

Døme a): *sjov kvinne*

Døme b): *nøgen kvinne*

### **sv: svensk**

Svenske ord med ordformer som skil seg frå tilsvarende ord på norsk bokmål. Desse vart handsama på same måte som dei danske orda. Både to døma nedanfor er tekne med i det endelege materialet, då dei svarer høvesvis til ordformene *ukjent* og *ærede*.

Døme a): *Okänd kvinna*

Døme b): *Ärade damer*

### **nn: nynorsk**

Nynorske ord med ordformer som skil seg frå tilsvarende ord på norsk bokmål. Desse har generelt sett blitt slått saman med bokmålsformene.

### **di: dialekt**

Dialektformer som skil seg ut frå standardformer på både bokmål og nynorsk. Døme a) er slått saman med frasen «deilig dame» og teke med vidare, medan døme b) er halde utanfor, då *dau* kan reknast til eit anna stilnivå enn *død*.

Døme a): *dæili dame*

Døme b): *dau dama*

### **r: relasjonelle adjektiv**

Adjektiv som ikkje karakteriserer referenten, men plasserer ho/han i forhold til nokon andre i tid eller rom.

Døme: *tredje, siste, fremste*

### **ytring:**

Adjektiv som ikkje eigentleg karakteriserer referenten, men i staden knyter seg til sjølve ytringa. Dei har vorte tekne med i materialet.

Døme: *følgende, ovenfornevnte*

Ordpartypane der ordet i venstrefeltet definitivt ikkje kunne vera adjektiv, vart verken annoterte eller tekne med vidare til neste fase. Etter at alle ordpartypane i ordlista var annoterte med ein av dei nemnde kategoriane, gjekk eg på nytt gjennom orda som var annoterte med ein annan kode enn *x*. For kvar av desse ordpartypane søkte eg opp frasen i korpuset og las gjennom konkordanslista, for å avgjera ut frå konteksten der mange av eksemplara som synte faktisk adjektivbruk. Eit døme på slik tvitydigheit er frasen «ansatte kvinner», som kan tyda fleire ting:

**Døme a):** «Hos oss er 85 prosent av de ansatte kvinner.»

**Døme b):** «Lavtlønte, offentlig ansatte kvinner som aldri har hørt om et allmennaksjeselskap [. . .]»

**Døme c):** «Selskapet ønsket å sikre at de hadde et passende miljø på plass før de ansatte kvinner»

Det er berre i døme b) at «ansatte» opptrer som adjektivattributt til substantivet *dame* i fleirtal. Uttrykket «ansatte kvinner», som i ordlista har frekvenstalet 94, inneheld dermed 31 ekte treff og 63 feiltreff.

Då eg var ferdig med denne gjennomgangen, var alle ordpartypane anten annoterte med *x* og tekne med vidare, annoterte med *r* og tekne med vidare, annoterte med *ytring* og tekne med vidare, eller forkasta (sjå 3.3.5. Ekskludert materiale).

### 3.3.5. Ekskludert materiale

Etter at eg hadde sett gjennom «tvilstilfella» (ord merkte med «!»), vart ein del av materialet ekskludert frå dei vidare undersøkingane. Det ekskluderte materialet høyrer stort sett heime i ein av dei følgjande kategoriane:

#### Verb i preteritum

Enkelte verb har lik ordform i preteritum og perfektum partisipp. Perfektum partisipp brukt som attributt har vorte vurdert som «adjektivliknande», medan preteritumsformene har vorte luka ut. Attributta kan kjennast att ved at dei har artikkel framfor seg. Sidan bestemt artikkel *de* har lik form som pronomenet *de*, må dette vurderast ut frå kontekst.

**Døme:** *de arresterte mennene* (i kontekstar der «de» er pronomen for 3. person fleirtal)

#### Adjektivliknande kvantorar

Denne gruppa med ord vert rekna som adjektiv i oppslagsverk, men fungerer som kvantorar, dvs. dei viser til talet på ei gruppe på same måte som talorda.

**Døme:** *få, mange*

### **Genitivfrasar**

Genitivfrasar utan artikkel framfor seg er vurderte som forskjellige frå adjektiv, og ekskludert frå den vidare undersøkinga. Genitivfrasar med artikkel framfor seg er vurderte som adjektivliknande, og teke med.

**Døme:** *hvermannsens kvinne*

### **Determinativ**

Ord som formelt sett vert rekna til adjektivklassen, men fungerer som determinativ på same måte som «noen». Nokre av desse er tvitydige, dvs. at dei kan brukast både som determinativ og som «eigentlege» adjektiv. Der orda er nytta på sistnemnde måte, gjerne med forsterkande adverb («to svært forskjellige menn»), har dei vorte tekne med vidare.

**Døme:** *ulike kvinner*

### **Adjektiv i eigennamn**

Omfattar adjektiv som er del av eigennamn (sjå første døme). Unntak er dei tilfella der det er nytta stor forbokstav på adjektivet og substantivet for å skapa ironisk, sarkastisk eller understrekande effekt (sjå andre døme); desse er tekne med i det endelege materialet.

**Døme:** *Raske Menn*

**Døme:** *Store Menn* [sarkastisk]

Då eg hadde gått gjennom tvilstilfella i kvart av dei tre reknearka, såg eg gjennom dei på nytt, og sjekka at dei same adjektiva i dei forskjellige reknearka hadde blitt tildelt same kategori. Dette gjekk til dømes ut på å sjekka at dei adjektiva i «mann»-reknearket som hadde vorte annoterte med *r* for «relasjonelt», svara til dei adjektiva i «kvinne»-reknearket med same merkelapp.

### 3.4. Oversyn over tilfanget

Då søka mine vart gjennomførte, hadde Norsk aviskorpus (bokmål) eit omfang på drygt 2,0 milliardar ord.<sup>26</sup> Alle tal på ordpartypar og treff nedanfor er med utgangspunkt i storleiken på korpuset per 27. september 2022. Sidan Norsk aviskorpus er eit monitorkorpus der stadig nytt materiale kjem til, har korpuset vorte noko større sidan den gongen (2,1 milliardar ord per 21. desember 2022). Om ein skulle gjennomført søka på nytt i dag, med dei same regulære uttrykka, ville ein difor ha kome fram til noko høgare tal.

Søka på *mann*, *dame* og *kvinne* i alle bøyingsformer, pluss eitt ord framfor, gav 76 234 unike verdier. ORD + *mann* hadde flest unike verdier (39 253), etterfølgt av ORD + *kvinne*, med 28 461 unike verdier. ORD + *dame* gav 8519 unike verdier. Etter at eg hadde sortert ut alle ord og teiknsekvensar som ikkje var adjektivattributt, sat eg berre att med adjektivmodifiserte nomenfrasar i forskjellige bøyingsformer. Då var fordelinga slik (inkludert bøyingsformer og stavefeil):<sup>27</sup>

**Adjektivattributt + *mann*:**

13 857 forskjellige ordpartypar, med ein samla frekvens på 414 928

**Adjektivattributt + *kvinne***

10 230 forskjellige ordpartypar med ein samla frekvens på 230 379

**Adjektivattributt + *dame***

4 295 forskjellige ordpartypar, med ein samla frekvens på 29 912

### 3.5. Samanslåing av ordpartypar

Denne fasen gjekk ut på å slå saman ordformer til éi felles form, og slå saman frekvenstala for treffa til dei ulike ordpartypane.

Her oppretta eg eit nytt rekneark, og kopierte og limte inn dei relevante ordpartypane for kvart av oppslagsorda, her definert som dei ordpartypane eg hadde annotert med *x* eller *r* i gjennomgangsfasen. For å spara tid og arbeid, handsama eg ordpartypane for *kvinne*, *mann* og *dame* i same rekneark. For å kunne skilja dei frå kvarandre etterpå, sette eg først inn ein rad til venstre, der eg annoterte for søkjeord (*kvinne*, *mann* eller *dame*).

---

26 Tal på «tokens» er littegrann høgare, men skiljet mellom «tokens» og «ord» er reint teknisk. Alle teiknsekvensar som er åtskilde med mellomrom er rekna som ord; det einaste innhaldet som er rekna som «token» og ikkje ord er xml-taggar, t.d. «<body>» (P. Meurer, personleg kommunikasjon, 9. mai 2023).

27 På dette steget i prosessen er *gammel mann* og *gamle mannen* rekna som to forskjellige ordpartypar.

Før eg starta samanslåinga, gjennomførte eg eit søk for å fjerna duplikat som eg hadde lagt inn ved uhell.<sup>28</sup> Eg nytta Calc-verktøyet «Vilkårsformatering» for å markera alle duplikata i reknearket med raudt. Desse duplikata hadde kome inn i reknearket ved at eg hadde kopiert enkelte frasar frå tvilstilfellearket dobbelt opp. Eg fjerna alle duplikata manuelt.

Den viktigaste faktoren bak formvariasjonen var ulike *bøyingsformer*. Andre årsaker til variasjon er skrivefeil/trykkfeil, og nynorske, danske og svenske former.

### 3.5.1. Rettesnorer for samanslåinga

Samanslåinga vart gjennomført etter følgjande prinsipp:

- Bøyde former av adjektiv vert slått saman til grunnforma.
  - Unntak: *eldre* og *gammel* er skilde frå kvarandre, både sidan desse har noko forskjellige konnotasjonar, og sidan *gammel* ofte førekjem i frasen *x år gammel*.  
**Døme:** *tynnhåret* og *tynnhårede* vert slått saman til grunnforma *tynnhåret*.  
**Døme:** *eldre* og *gammel* vert handsama kvar føre seg.
- Bøyde former av perfektum partisipp vert slått saman til ubøygd form/ubestemt eintal.  
**Døme:** *slått* og *slåtte* vert slått saman til *slått*.
- Ordenstal (relasjonelle adjektiv) står uendra.  
**Døme:** *tredje* forblir *tredje*
- Relasjonelle plass-adjektiv står uendra.  
**Døme:** *fremste* forblir *fremste*.
- Presens partisipp står uendra.  
**Døme:** *spillende* forblir *spillende*.
- Stavefeil vert endra til normert form.
  - **Døme:** *gammelm* vert slått saman med *gammel*.
- I samansette adjektiv er forleddet som regel teke med, med følgjande unntak:
  - I samansetjingar der forleddet ikkje har nokon innverknad på den semantiske kategorien, er formene slått saman til berre etterledd. Dette gjeld samansetjingar med etterledda *-ansatt*, *[sted]-basert* og *[alder]-årig*.
  - Samansetjingar som *varmblodig* og *kaldblodig* har ikkje blitt slått saman. Samansetjingar med etterleddet *-kledt* har blitt vurderte enkeltvis. Der forleddet er eit særskild plagg (t.d. *skjorte-*, *turban-*) har det blitt fjerna. Der forleddet viser til funksjon

---

28 Her meiner eg duplikat av frase og frekvenstal, slik dei opptrer i ordlista («Word list»). Materialet i Norsk aviskorpus inneheld ei stor mengd duplikat, dvs. tekst som opptrer fleire gonger i korpusmaterialet, og opptrer som like kolonnar i konkordanslista. Desse har eg ikkje kontrollert for.



eller situasjon heller enn sjølve plagget, har eg rekna heile samansetjinga som eige form (t.d. *sivilkledd*).

**Døme:** *evnerik* er talt med som eiga form.

**Døme:** *Statoil-ansatt* og *Nav-ansatte* er slått saman med *PROPRIUM-ansatt*.

**Døme:** *Bergensbasert* og *London-basert* er rekna under *STED-basert*.

**Døme:** *varmblodig* og *kaldblodig* er rekna som forskjellige adjektiv.

Samanslåingsprosessen var ikkje identisk med lemmatisering, der fleire ordformer vert slått saman til eitt leksem.<sup>29</sup> I mangel av eit betre uttrykk vil eg nytta uttrykket *samanslåtte adjektivformer* som nemning på grunnformer av adjektiv, perfektumsformer utan samsvarsbøying og adjektiviske etterledd i samansetjinga.

I reknearket sette eg inn ei rad til høgre for ordformene. I denne skreiv eg den ubøygde/samanslåtte forma. Etter at alle ordformene i reknearket hadde fått tildelt ei ubøygde/samanslått form, var neste steg å slå saman alle tilfelle av samformene, og leggja saman frekvenstal. Dette gjorde eg automatisk ved hjelp av pivottabell. Fordelen med automatisk samanslåing var at det spara mykje tid og arbeid, ulempa var at eg ikkje ville oppdaga eventuelle slurvefeil (t.d. samanslåing til feil form). På grunn av det store omfanget til materialet, vurderte eg det slik at eventuelle slurvefeil sannsynlegvis ikkje ville gi seg statistisk utslag, og difor ikkje rettferdiggjorde å gjennomføre samanslåinga manuelt.

Tabell 2 viser dei mest frekvente adjektivskollokata til *dame*, *kvinne* og *mann*, med utgangspunkt i dei samanslåtte adjektiva.

---

<sup>29</sup> Ved lemmatisering ville til dømes den adjektiviske verbforma *spillende* ha blitt slått saman med andre bøyingsformer av leksemet *spille*, mens *Statoil-ansatt* og *Nav-ansatt* ville måtta handsamast som forskjellige leksem.

Tabell 2: Dei 25 mest frekvente adjektivkollokata til kvart substantiv

<b>Kollokat til dame</b>		<b>Kollokat til kvinne</b>		<b>Kollokat til mann</b>	
<b>Adjektiv</b>	<b>Frekvens</b>	<b>Adjektiv</b>	<b>Frekvens</b>	<b>Adjektiv</b>	<b>Frekvens</b>
gammel	5084	gammel	41677	gammel	100086
eldre	2932	norsk	22912	ung	37160
ung	1348	ung	22343	eldre	9890
lettkledt	1040	eldre	8424	væpnet	9317
voksen	910	gravid	5071	norsk	8547
norsk	741	savnet	4937	voksen	6617
naken	635	årig	4227	rik	6076
tøff	535	død	3816	død	6019
flott	438	første	3538	rett	5769
ny	388	muslimsk	3169	savnet	5632
fin	348	svensk	2823	maskert	5626
pen	305	vakker	2200	siktet	5063
enkel	300	voksen	2163	årig	4846
hyggelig	280	fornærmet	1940	bevæpnet	4394
vakker	242	amerikansk	1865	mektig	4006
middelaldrende	240	drept	1816	ukjent	3791
sint	239	britisk	1814	beruset	3691
svensk	229	tysk	1674	sterk	3681
bra	227	prostituert	1423	skadet	3215
skyteglad	222	russisk	1414	hvit	2968
sterk	218	sterk	1406	fri	2921
kul	193	utenlandsk	1235	pågrepet	2499
liten	192	rik	1209	svart	2379
halvnaken	175	andre	1183	rask	2193
fantastisk	155	siktet	1180	svensk	2062

### 3.6. Distinktiv kolleksemanalyse

Kollostruksjonsanalyse er ei samlenemning på ulike metodar for å måla assosiasjonsstyrken mellom språklege einingar som opptrer saman i eit korpusmateriale («co-occurrence data from corpora») (Gries 2012, 92). Dei viktigaste metodane er kollokasjonsanalyse og distinktiv kolleksemanalyse.

Kollokasjonsanalyse er ein statistisk metode for å måla tiltrekningsstyrken til to ord som opptrer saman. Når dei to orda opptrer saman oftare enn det ein skulle forventa ut frå ei normalfordeling, har dei høg kollokasjonsstyrke. Kollokasjonsstyrken, det vil seia effektstyrken på kollokasjonen, måler kor usannsynleg det er at dei to orda opptrer saman med den frekvensen dei faktisk gjer (Stefanowitsch 2020, 224–25). At to ord opptrer saman mange gonger, vil altså ikkje nødvendigvis seia at dei har høg kollokasjonsstyrke.<sup>30</sup> For å rekna ut kollokasjonsstyrken mellom to ord, tek ein utgangspunkt i ein kontingenstabell med to variablar, som svarer til dei to orda ein vil testa kollokasjonsstyrken til. Variabel X er det eine ordet ein vil undersøka, variabel Y er det andre ordet, og totalsummen er alle ord i korpuset. Krysset mellom X og Y er alle treff der ord X og Y opptrer saman (med ein bestemt avstand og eventuelt i ei viss rekkjefølgje). Teiknet «¬» står for «ikkje»; «¬X» betyr altså alle verdiar som ikkje er X».

Tabell 3: Døme på kontingenstabell for kollokasjon.

	ord X	¬ ord X	SUM
ord Y	21	67	88
¬ ord Y	54	1289	1343
SUM	75	1356	1431

Distinktiv kolleksemanalyse måler vanlegvis tiltrekningsstyrken mellom eitt ord/leksem og to nær-synonyme grammatiske konstruksjonar, ved å sjå kor ofte ordet opptrer i kvar konstruksjon i forhold til kva ein skulle venta av ei normalfordeling (Gries og Stefanowitsch 2004, 101). Metoden minner om kollokasjonsanalyse ved at han tek utgangspunkt i kontingenstabellar og bruker mål på effektstyrke for å måla samanhengen mellom variablar. Ein kan derfor snakka om «kollokasjonsstyrke» i distinktiv kolleksemanalyse. Til forskjell frå vanleg kollokasjonsanalyse omfattar kontingenstabellen berre frekvenstala for dei aktuelle konstruksjonane og ikkje heile korpuset. Ein variant av distinktiv kolleksemanalyse måler assosiasjonsstyrken mellom to konstruksjonar og mange leksem, det vil seia tre eller fleire (som i denne oppgåva).

<sup>30</sup> Døme: Adjektivet *gammel* er det mest *frekvente* kollokata til både *dame* og *kvinne*, men er ikkje distinktivt for nokon av dei to.

Tabell 4: Døme på kontingenstabell for distinktiv kolleksemanalyse.

	Konstr. A	Konstr. B	SUM
leks. A	12	8	20
$\neg$ leks. A	7	5	12
SUM	19	13	32

I undersøkinga mi studerer eg ulike kontekstar av same syntaktiske konstruksjon (nomenfrase med adjektivattributt). Eg er interessert i samanhengen mellom variablane ADJEKTIV og NOMEN, der ADJEKTIV er kva som helst adjektivattributt og NOMEN er *mann*, *dame* eller *kvinne* (i alle bøyingsformer). Kontingenstabellen tek difor utgangspunkt i frekvenstala for konteksten ADJEKTIV + NOMEN(1) saman med alle forskjellige adjektiv som opptrer i denne konteksten, og konteksten ADJEKTIV + NOMEN(2) saman med alle forskjellige adjektiv som opptrer i denne konteksten (sjå tabell 5)

Tabell 5: Kontingenstabell for ADJ. + *dame* og ADJ. + *kvinne*.

	ADJ + <i>kvinne</i>	ADJ + <i>dame</i>	SUM
<i>norsk</i>	22912	741	23653
<i>stor</i>	119	81	200
<i>grønn</i>	6	50	56
...	...	...	...
SUM	230379	29912	260291

Denne undersøkinga har dermed meir til felles med distinktiv kolleksemanalyse enn kollokasjonsanalyse, sidan eg ikkje bruker alle orda i korpuset. Til forskjell frå vanleg distinktiv kolleksemanalyse undersøker eg forholdet mellom forskjellige adjektiv og nomen i same konstruksjon (nomenfrase modifisert med adjektivattributt), i staden for å samanlikna nær-synonyme grammatiske konstruksjonar.

Eg nytta *G*-testen, ein variant av log-likelihood ratio (LLR), for å måla assosiasjonsstyrken mellom kolleksema. LLR er ein test som vert nytta for å måla effektstorleiken til to variablar, det vil seia kor stor effekt den avhengige variabelen har på den uavhengige variabelen (Stefanowitsch 2020, 182). Effektstorleik er ikkje det same som statistisk *signifikans* – eg vil derfor unngå formuleringar av typen «signifikante forskjellar» eller «signifikant assosiasjon». *G*-testen er eitt av dei mest nytta

assosiasjonsmåla i korpuslingvistiske undersøkingar (Stefanowitsch 2020, 227). Andre mykje nytta mål på effektstorleik, som  $\chi^2$ -testen (kvikvadrattesten) og Mutual Information (MI), har ein tendens til å overdriva signifikansen av små avvik frå forventa frekvensar (Stefanowitsch 2020, 225–27). LLR er derfor betre egna på talmateriale der frekvensane og/eller dei forventa frekvensane er låge. Eg nytta Stefan Gries' skript «collexeme analysis» for å gjennomføra analysen.<sup>31</sup> Skriptet har eit brukarval for å gjennomføra *G*-testen automatisk.

Eg gjennomførte to forskjellige distinktive kollekssemanalysar. Den første tok utgangspunkt i konstruksjonane ADJEKTIV + *dame* og ADJEKTIV + *kvinne*. Eg avgrensa undersøkinga til dei adjektiva som opptrådde minst 25 gonger samla for *dame* eller *kvinne*; til dømes 4 gonger saman med *kvinne* og 21 gonger saman med *dame*. Den andre undersøkinga tok utgangspunkt i konstruksjonen ADJEKTIV + *mann* og ADJEKTIV + *dame/kvinne*. Eg slo saman adjektivfrekvensane for *dame* og *kvinne* og avgrensa undersøkinga adjektiva som opptrådde minst 25 gonger saman med anten *mann* eller *dame/kvinne*.

### 3.7. Semantisk kategorisering

Denne fasen gjekk ut på å merkja kvart av adjektiva med ein eller fleire kategoriar som samla ord med liknande meiningsinnhald. Eg har kategorisert dei 100 mest distinktive adjektivkollokata for *dame* og *kvinne*. For *dame/kvinne* og *mann* har eg nytta dei 150 mest distinktive kollokata. I det følgjande nyttar eg omgrepet «kategori» om dei overordna kategoriane (mellommenneskeleg, klassifiserande osv.) og «klasse» om dei meir spesifikke semantiske klassane.

For å redusera innslaget av subjektive feil har eg teke inspirasjon frå nokre eksisterande semantiske kategoriseringssystem, som eg tilpassa til egne behov etter å ha gått gjennom materialet (sjå 2.7. Semantisk kategorisering av adjektiv). Eg har i hovudsak teke inspirasjon frå Caldas-Coulthard og Moon. Deira kategoriar *relational*, *classification*, *physical*, *personal* og *appraisement* har vorte overførte og omsette til *mellommenneskeleg*, *klassifiserande*, *fysisk skildring*, *personleg* og *vurdering* (Caldas-Coulthard og Moon 2010, 111).

Eg har lånt nokre få kategoriar frå systemet til GermaNet (Universität Tübingen u.å.). Den semantiske klassen *bygnad* er ei tilpassing og utviding av den tyske kategorien *Konstitution*, og den semantiske klassen *begjær* er ei tilpassing av den tyske kategorien *Drift*. Kategorien *norm*, som inkluderer adjektiv for normavvik, har eg delt inn i dei to klassane *norm* og *normavvik* og plassert under den overordna kategorien *vurdering*.

---

31 På grunn av tekniske avgrensingar måtte eg få hjelp av rettleiar til å gjennomføra analysen.

Eg har teke inspirasjon frå Kuznetsova for å lage underklassane til den overordna kategorien *handlingar og situasjonar*. Denne kategorien omfattar i hovudsak adjektivliknande verb i bøyingsformene presens partisipp (t.d. *gråtende*) og perfektum partisipp (*tiltalt*). Kategorien inkluderer også nokre få «ekte adjektiv».<sup>32</sup> Kategoriane *drikking, svangerskap og barn, dans, kjensler, vald og krenking* og *kriminalitet* svarer til kategoriar som Kuznetsova har nytta til å dela inn verb. Vidare samlar Kuznetsova fleire typar åtferd i den overordna kategorien «negatively evaluated behavior» (Kuznetsova 2015, 44). Med utgangspunkt i denne tilnærminga har eg laga kategoriane *positivt vurderte trekk* og *negativt vurderte trekk*. Mens Kuznetsova sitt system berre omfattar åtferd, har eg også inkludert meir permanente karaktertrekk.

Kategorien *patienstypar* omfattar nokre få perfektum partisippformer som ikkje enkelt let seg gjera å plassera i dei andre kategoriane, men som har til felles at den menneskelege referenten har patiensrolle i ei handling (t.d. *slagen mann*).

---

32 Til dømes adjektivet *full*, som kunne ha vore rekna saman med andre forbigåande fysiske tilstandar, men har i staden blitt plassert i klassen «drikking», som viser til ein situasjon.

Tabell 6: Semantiske kategoriar for adjektivkollokat

Overordna kategori	Semantisk klasse	Typisk døme
mellommenneskeleg	personlege forhold	<i>beslektet, gift</i>
	sosial anerkjenning	<i>populær, anerkjent, stor</i> <sup>33</sup>
klassifiserande	yrke	<i>prostituert</i> <sup>34</sup>
	kjønn	<i>mannlig, kvinnelig, maskulin, feminin</i>
	opphav	<i>lokal, bergensk</i>
	busetjing	<i>Oslo-basert</i>
	etnisitet/nasjonalitet	<i>norsk-pakistansk</i>
	hudfarge	<i>svart, hvit</i>
	religion	<i>muslimsk</i>
	legning	<i>homofil, pedofil</i>
	sosial stilling	<i>fattig, universitetsutdannet</i>
	politikk	<i>ekstrem</i>
fysisk skildring	liv og død	<i>død</i>
	klede	<i>sortkledd, hijabkledd</i>
	utsjånad	<i>skjeggete, skallet</i>
	hudfarge	<i>hvit, svart, farget</i>
	farge	<i>grønn, hvit</i> <sup>35</sup>
	attraktivitet	<i>pen</i>
	svangerskap	<i>høygravid</i>
	bygnad	<i>sterk, rask</i>
	helse	<i>syk, skadd</i>
	begjær	<i>sulten, kåt</i>
utstyr	<i>bevæpnet</i>	
personleg	humør/stemming	<i>lykkelig, trist</i>

33 Adjektivet *stor* kan brukast om menneske både i tydinga «som tek mykje rom» og «med høg sosial status». Desse tydingane er oppførte i *Bokmålsordboka* som *stor* (1) og *stor* (4) (*Bokmålsordboka*, under «stor,» lese 23. mars 2023).

34 Markering av yrkestilrar med adjektiv er ikkje vanleg på norsk.

35 Pga. kollokasjonen *hvit dame*.

	positivt vurderte trekk	<i>høflig</i>
	negativt vurderte trekk	<i>frekk</i>
	intelligens	<i>smart, klok</i>
	moral	<i>ond, god</i>
	evne	<i>kvalifisert, synsk</i>
	åtferdstrekk	<i>travel, ivrig</i>
	interesse	<i>skyteglad</i>
	personlege særdrag	<i>enkel, kreativ</i>
generelle eigenskapar	tid	<i>moderne</i>
	kostnad	<i>dyr, billig</i>
vurdering	positivt	<i>bra</i>
	negativt	<i>dårlig</i>
	norm	<i>normal</i>
	normavvik	<i>eksentrisk</i>
ikkje-skildrande	relasjonelt	<i>første, andre</i>
	ytringsrelatert	<i>førstnevnte</i>
handlingar og situasjonar	vald og krenking (utøvar)	<i>trakasserende</i>
	vald og krenking (offer)	<i>utsatt, voldtatt</i>
	kriminalitet (tiltalt)	<i>tiltalt, mistenkt</i>
	kriminalitet (fornærma)	<i>fornærmet</i>
	drikkning	<i>drikkende</i>
	dans	<i>dansende</i>
	kjensler	<i>gråtende, jublende</i>
	hell	<i>heldig</i>
	ulykke	<i>uheldig, skadd</i>
	svangerskap og barn	<i>fødende</i>
	medisinsk	<i>abortsøkende</i>
	uføre	<i>savnet, forlist</i>
	patienstypar	<i>slagen</i>



### 3.7.1. Skildring av kategoriane

Kategorien *mellommenneskeleg* viser til adjektiv som slår fast referenten sitt forhold til andre menneske. Underklassen *sosial anerkjening* viser til referenten sin sosiale status, altså korleis hen vert oppfatta og vurdert av eit hypotetisk sosialt fellesskap.

Kategorien *klassifiserande* omfattar adjektiv som plasserer menneske i ei gruppe basert på bestemte eigenskapar.

Kategorien *fysisk skildring* omfattar adjektiv som viser til utsjånad og andre fysiske eigenskapar til referenten. Klassen *utsjånad* omfattar adjektiva som påpeiker konkrete fysiske særdrag, mens klassen *attraktivitet* omfattar dei «subjektive» adjektiva som inneheld ei vurdering av attraktiviteten til referenten. Klassen *bygnad* omfattar adjektiv som viser til fysisk form.

Kategorien *personleg* omfattar adjektiv som skildrar personlegdommen og åtferda til referenten. Adjektiv for åtferdstrekk og karakterdrag som ålment vert oppfatta som negative, er plasserte i klassen *negativt vurderte trekk*. Åtferdstrekk og karakterdrag som ålment vert oppfatta som positive, er plasserte i klassen *positivt vurderte trekk*. Dei åtferdstrekka og karakterdraga som ikkje har klare positive eller negative konnotasjonar, er delte inn i klassane *åtferdstrekk* og *personlege eigenskapar*.

Kategorien *vurdering* omfattar adjektiv som uttrykkjer ei generell vurdering av referenten utan å påpeika spesielle eigenskapar. Eg har plassert dei vurderande adjektiva langs to aksar: *positiv/negativ* og *norm/avvik*.

Kategorien *ikkje-skildrande* omfattar adjektiv som ikkje seier noko innhaldsmessig om referenten. Klassen *relasjonelt* plasserer referenten i forhold til andre i tid og rom. Klassen *ytringsrelatert* er adjektiv som viser til talesituasjonen.

Kategorien *handling og situasjon* viser til deltaking i ei konkret handling eller situasjon som er avgrensa i tid. Adjektiv som viser til tilfelle av vald, krenking er delte i inn i *utøvar* og *offer*, medan adjektiva som viser til kriminalitet og straffeprosess, er delte inn i *tiltalt* og *fornærma*.

### 3.7.2. Tvilstilfelle

Adjektivet *pedofil* er under tvil plassert i den semantiske kategorien *legning*. Adjektivet *prostituert* er under tvil plassert i kategorien *yrke*.

### 3.7.3. Semantisk tagging

Eg tok utgangspunkt i kollokasjonstabellen med *mann* og *dame* + *kvinne*, og kopierte ut dei 150 mest distinktive adjektiva for *mann* og dei 150 mest distinktive adjektiva for *dame* + *kvinne*. Desse

orda kopierte eg til eit nytt rekneark. Deretter sette eg inn ein ny kolonne til høgre for adjektiva og annoterte kvart adjektiv med éin semantisk kategori, med utgangspunkt i kategoriane i tabell -----.

Kvart adjektiv vart annotert med éin kategori, og kategoriane vart behandla som gjensidig utelukkande. Etter å ha gått gjennom lista ein gong og tildelt éin kategori til kvart adjektiv, gjekk eg på nytt gjennom kategorisystemet. Unytta kategoriar vart fjerna, nokre generelle kategoriar vart delte opp i fleire meir spesifikke kategoriar, og nokre adjektiv vart tildelte nye kategoriar.

Eg gjennomførte annoteringa først på materialet med *mann* og *dame/kvinne*. Deretter nytta eg dei same kategoriane på materialet med *dame* og *kvinne*. Som regel har like adjektiv vorte tildelt same semantiske kategori uansett kjønn. Eit unntak er adjektivet *hvit*. Kollokasjonane *hvit kvinne* og *hvit mann* har fått kategorien «hudfarge», men kollokasjonen *hvit dame* har fått kategorien «farge».<sup>36</sup>

### 3.8. Konkordansanalyse

#### 3.8.1. Om diskursanalyse

Diskursanalyse viser til ulike tilnærmingar som har til felles at dei granskar språket i bruk, til forskjell frå språket som abstrakt system (Johnstone 2008, 1–2). Ordet *diskurs* kan definerast på fleire måtar. I éin vanleg definisjon er ordet nytta som uteljeleg nomen, og viser til «actual instances of communicative action in the medium of language» (Johnstone 2008, 2). Eg kallar dette «språkbruk» og «tilfelle av språkbruk» i oppgåva. I ein annan definisjon, som er assosiert med Foucault, er *diskurs* eit teljeleg nomen, og viser til «conventional ways of talking that both create and are created by conventional ways of thinking» (Johnstone 2008, 3). Eg nyttar ordet «diskurs» i denne tydinga, til skilnad frå «språkbruk».

Kritisk diskursanalyse er ein variant av diskursanalyse nyttar teoretiske verktøy frå den kritiske tradisjonen med mål om å avsløra og overvinna sosial ulikskap og undertrykking (van Dijk 2015, 466). Grensa mellom «diskursanalyse» og «kritisk diskursanalyse» er uklar, men generelt sett har den kritiske diskursanalysen eit tydelegare sosialt engasjement, og har ikkje som mål å skildra diskursar i isolasjon, men forklara dei i samanheng med den sosiale omverda (van Dijk 2015, 467). Diskursanalyse tek ofte utgangspunkt i avistekster; delvis fordi det er relativt enkelt å samla inn avistekster i stort omfang gjennom søkbare korpus, og delvis fordi avisdiskursane når ut til mange (Baker 2006, 71–72). Konkordansar er godt eigna til diskursanalyse, då dei (til skilnad frå

---

36 «Hvit dame» er namnet på ei kake. Eg meiner det er rimeleg å gå ut frå at det er denne bruksmåten som dominerer i korpusmaterialet.

frekvenslister) inneheld kontekst som fortel noko om korleis frasar faktisk er nytta i diskurs (Baker 2006, 71).

### 3.8.2. *Om konkordansar*

I korpuslingvistisk samanheng er ein konkordans ei liste som viser alle treff på eit søkjeuttrykk med kontekstane det står i; uttrykket Keyword in Context (KWIC) vert også nytta (Stefanowitsch 2020, 50). Det finst eit utval av konkordansprogram som kan laga konkordansar med utgangspunkt i korpusmateriale. Korpuskel-portalen til UiB har eit innebygd konkordansverktøy, som gjer det mogleg å laga konkordansar for søk i Norsk aviskorpus (bokmål) (Andersen og Hofland 2012, 17–18). Figur 3 illustrerer konkordansgrensesnittet i Korpuskel.

Paul Baker tilrår å kombinera kvantitative og kvalitative metodar i korpuslingvistiske undersøkingar (Baker 2006, 16). På denne måten kan ein hypotese styrkjast eller svekkjast frå fleire hald. Konkordansar er godt eigna for kvalitativ analyse, då dei gjer det lettare å få auge på mønster som elles ikkje ville ha vore synlege (Baker 2006, 71–72).

### 3.8.3. *Bakers stegvise metode*

Eg har teke utgangspunkt i Paul Bakers stegvise modell for konkordansanalyse, her gjengitt fritt etter Baker (2006, 92–93):

1. Bygg opp eller få tilgang til eit korpus.
2. Vel søkjeuttrykk og ta høgde for talbøying, eufemismar og anaforar.
3. Skaff ein konkordans for søkjeuttrykket/-uttrykka.
4. Reinsk ut irrelevante konkordanslinjer.
5. Sorter konkordansen gjentekne gonger med utgangspunkt i forskjellige ord i venstre- og høgrekonteksten. Sjå etter prov på grammatiske, semantiske eller diskursive mønster.
6. Sjå etter vidare prov på mønster i korpuset.
7. Sjå nærmare på særleg interessante uttrykk, til dømes ved å utforska kollokat, eller sjå korleis dei fordeler seg i eit referansekorpus.
8. Når du ikkje finn fleire mønster, gjer ei nærlesing av dei resterande konkordanselinjene.
9. Legg merke til diskursar som opptre sjeldan eller aldri, og sjå om dei opptre i meir generelle korpus (her må ein bruka intuisjon og teoretiske forkunnskapar).
10. Prøv å lage hypotesar om korfor mønster opptre, og knyt dette til forhold ved tekstproduksjon og -resepsjon.

Av omsyn til oppgåva sitt omfang har eg gjort nokre tilpassingar. Eg har anaforar utanfor søka, og eg har ikkje gått aktivt inn for å søkja etter eufemismar (ref. punkt 2). Eg har ikkje sortert linjene etter enkeltord i høgre- og venstrekonteksten (ref. punkt 5), då eg har handsama konkordansane med reknearkprogram og ikkje eit dedikert konkordansverktøy. Når det gjeld punkt 7, har eg gått fram i omvendt rekkjefølgje av det Baker føreslår, ved å først gjennomføra distinktiv kollekssemanalyse og semantisk kategorisering, og deretter nytta konkordansanalysen som eit supplement for å kasta noko ljøs på dei føregåande undersøkingane.

#### 3.8.4. Avgrensing av søk

Konkordansanalyse krev nærlesing og kritisk vurdering av mange linjer med tekst, og er difor meir tidkrevjande enn metodar som distinktiv kollekssemanalyse. Det var difor nødvendig å avgrensa analysen til nokre få ord. Eg har avgrensa meg til å undersøkja tre adjektiv som attributt til *mann* og *kvinne*. *Dame* er valt bort fordi det opptreir færrest gongar av dei tre substantiva – dette gjer likevel at analysen ikkje vert heilt komplett.

Eg har valt å fokusera på ord som ikkje skildrar objektive eigenskapar, men er avhengige av tolking og vurdering frå talaren si side. Adjektiv som *Statoil-ansatt* og *høg* er meir eller mindre objektive.<sup>37</sup> Meir interessante er meir «subjektive» adjektiv av typen *modig*, *fortvilet*, *homofil*. Det første adjektivet, *modig*, viser til personleg karakter. Eigenskapen «mot» kan verken synast direkte eller målast objektivt, og nokon er modig eller ikkje, er eit spørsmål om subjektiv vurdering. Det andre adjektivet viser til ein kjenslemessig tilstand. At nokon er fortvila kan ikkje synast direkte, men kan utleiast gjennom åtferd. Det tredje adjektivet, *homofil*, viser til romantisk og/eller seksuell legning. Sidan legning har vore (og er) gjenstand for diskriminering og fordommar, er det rimeleg å gå ut frå at dette er reflektert i måten ordet *homofil* vert nytta på.

Eg vurderte fleire adjektiv for konkordansanalysen, mellom anna dei tre som er diskuterte ovanfor. Eg endte opp med å avgrensa analysen til tre forskjellige adjektiv: *stor*, *naken* og *moden*. Når eg har valt desse adjektiva, er det av følgjande grunnar: For det første fordi dei gir eit tilstrekkeleg tal på treff både i konteksten ADJ + *kvinne* og ADJ + *mann*. For det andre fordi dei er tvitydige. *Stor* kan til dømes syna til storleik og bety «svær, av betydelig omfang» eller syna til sosial stilling og bety «berømt, dyktig» (*Bokmålsordboka*, under «stor,» lese 23. mars 2023). *Naken* betyr stort sett «utan klede» (*Bokmålsordboka*, under «naken,» 1, lese 6. april 2023), og er sånn sett

---

37 I eit tidlegare utkast nemnte eg *norsk* som døme på eit meir «objektivt» adjektiv som ikkje ville ha vore eigna til denne typen kritisk gransking. Ved nærmare ettertanke har eg endra meining. Etniske merkelappar er historisk oppståtte og fleksible. Ein kritisk konkordansanalyse av *norsk*, gjerne med eit diakront perspektiv, kunne kasta ljøs over kor grensene for «norskheit» går: Kven er norsk under kva vilkår? Når går ein frå å vera norsk-pakistanar til pakistansk-nordmann eller berre *norsk*?

ikkje tvitydig når det gjeld tyding, men det er interessant å undersøkje kva kontekstar det er brukt i, då dette kan seia oss noko om forhold ved produksjon og resepsjon. For det tredje fordi eg hadde eigne forventningar til korleis bruken vil variera ut ifrå substantivet dei står til. Eg venta å finna:

At *nakne kvinner* er seksualiserte, mens *nakne menn* er forstyrrende og perverse

At *store kvinner* er tjukke, mens *store menn* har makt og innverknad

At *modne kvinner* er seksuelt erfarne, mens *modne menn* er mentalt vaksne

I avsnitt 6.7. Oppsummering kjem eg attende til korleis forventningane mine passa (og ikkje passa) på materialet.

### 3.8.5. Innhenting og reinsking av materialet

For å henta inn materialet nytta eg følgjande søkjeuttrykk.

```
"naken|nakne" %c "kvinne|kvinna|kvinnen|kvinner|kvinnene" %c
```

```
"naken|nakne" %c "mann|mannen|menn|mennene" %c
```

```
"stor|store" %c "kvinne|kvinna|kvinnen|kvinner|kvinnene" %c
```

```
"stor|store" %c "mann|mannen|menn|mennene" %c
```

```
"moden|modne" %c "kvinne|kvinna|kvinnen|kvinner|kvinnene" %c
```

```
"moden|modne" %c "mann|mannen|menn|mennene" %c
```

Søkjeuttrykka ovanfor gir treff på dei utvalde adjektiva direkte framfor substantiva i kva som helst bøyingsform og utan omsyn til stor eller liten forbokstav. Etter å ha gjennomført søket lasta eg ned konkordansen som .tsv-fil. Eg oppretta ein kopi og opna denne som rekneark i Calc.

Eg bestemte meg for å bruka tilfeldig utvalde konkordanslinjer i analysen for at ikkje utvalet skulle påverkast av mine eigne fordommar om kva som er interessant og ikkje. Eg rekna 60 linjer per frasetype som eit rimeleg omfang. For å henta ut tilfeldige linjer skreiv eg uttrykket '=TILFELDIG()' i kolonnen til høgre for datakolonnane. Denne kommandoen genererer eit tilfeldig tal mellom 0 og 1. Deretter markerte eg alle cellene i reknearket og sorterte radene i stigande rekkjefølgje med den aktuelle kolonnen som sorteringsnøkkel, slik at konkordanslinjene vart stokka om i tilfeldig rekkjefølgje. Deretter reinska eg ut irrelevante treff. Følgjande vart sletta:

- Duplikat
- Andre frasetypar enn ADJ(attr.) + SUBST.
- Avbrotne setningar

- **Døme:** «Jesus naken kvinne ¶ Kristus er dame»
- Ufullstendige setningar utan vidare kontekst
  - **Døme:** «Drøm om naken kvinne»

Deretter kopierte eg dei 60 første linjene til eit nytt dokument. Operasjonane vart gjennomførte for alle seks konkordanslistene.

### 3.8.6. Analyse

Etter å ha sortert ut 120 tilfeldige konkordanslinjer for kvart adjektiv nærles eg kvar linje mens eg noterte ned diskursive, tematiske og semantiske mønster som gjentok seg. Deretter las eg gjennom linjene på nytt og annoterte kvar linje med eit tematisk stikkord. Deretter sorterte eg reknearket alfabetisk med utgangspunkt i stikkordkolonnen, slik at tematisk liknande konkordanslinjer blei grupperte saman. Eg lag gjennom konkordansane på nytt og noterte nye stikkord.

Denne prosessen gjentok eg for kvar liste med konkordansar. Etter at eg hadde annotert alle dei utvalde konkordansane gjekk eg gjennom kvar av dei på nytt, med fokus på forskjellar mellom listene. På denne måten vart eg medviten om eigne fordommar, og gjorde nokre endringar i annoteringane for å bøta på dette. Eit døme: Etter den første gjennomgangen av konkordansane for *stor kvinne* hadde eg tolka dei aller fleste døma som 'eufemisme for tjukk'. Ved ei nærmare gjennomgang seinare endra eg fleire av desse linjene til «fysisk stor», då konteksten ikkje eigentleg gav klare teikn på at *stor* vart nytta som nett «tjukk». Dette illustrerer korleis subjektiviteten til forskaren verkar inn på «kva ein ser».

## 3.9. Reliabilitet og validitet

Her høver det å reisa spørsmålet om reliabilitet og validitet. *Reliabilitet* handlar om kor sikker ein kan vera på at andre forskarar vil koma fram til dei same funna med utgangspunkt i dei same metodane og det same materialet, mens *validitet* handlar om i kva grad funna faktisk representerer det dei skal representera (Stefanowitsch 2020, 15). Korpuslingvistar har argumentert for at kvantitative undersøkingar med utgangspunkt i korpusmateriale er meir reliable og har større validitet enn undersøkingar basert på intuitive vurderingar (Baker 2014, 20).

Opggåva mi består av tre delundersøkingar. Den distinktive kolleksemanalysen bør vera nokså reliabel: Ein som nyttar dei same søkjeuttrykka i det same korpuset og same metode for kolleksemanalyse vil sannsynlegvis koma fram til dei same funna. Delundersøkinga har høg validitet i den tydinga at han gir eit representativt bilete på adjektivkollokata i Norsk aviskorspus (bokmål). Den komparative analysen av semantiske kategoriar kan reknast som noko mindre

reliabel, fordi utforminga av kategoriar og sjølve annoteringa er avhengig av tolking; ein annan forskar som gjennomførte same annotering ville neppe kome fram til heilt same resultat. Eg har freista å redusera det subjektive innslaget ved å ta utgangspunkt i eksisterande semantiske kategoriseringssystem, men dette ikkje sikra intersubjektiv reliabilitet i eigentleg forstand. En viss grad av intersubjektiv reliabilitet kunne ha vore sikra om nokon andre hadde gjennomført annoteringa parallelt med utgangspunkt i det same kategoriseringssystemet, og deretter jamført resultata med mine (Stefanowitsch 2020, 128); dette var ikkje mogleg å gjennomføra. Ein må derfor ta høgde for at subjektive avgrensingar har påverka annoteringa i nokon grad. Den tredje undersøkinga er analyse av konkordanslinjer; dette er ein av dei meir kvalitative metodane som er assosierte med korpuslingvistikk (Baker 2006, 89). Konklusjonane av denne delundersøkinga bør ikkje reknast som sikre funn, men meir eller mindre velgrunna tolkingar.

## 4. Resultat av distinktiv kollekssemanalyse

### 4.1. Innleiing

I dette kapittelet presenterer eg resultata frå den distinktive kollekssemanalysen, Metoden er skildra i avsnitt 3.6. Distinktiv kollekssemanalyse. Fordi tyngdepunktet i oppgåva gjeld semantiske kategoriar, gjer eg ikkje nokon inngåande analyse i dette kapittelet. I dette kapittelet avgrensar eg meg derfor til å skildra resultata og peika på nokre viktige tendensar.

### 4.2. Om tabellane

Tabellane 7 og 8 viser dei 50 mest distinktive adjektivkollokata til høvesvis *dame* og *kvinne*, medan tabellane 9 og 10 viser dei 50 mest distinktive kollokata til høvesvis *dame/kvinne* og *mann*. I forklaringa som følgjer vil eg visa til tabell 7, men tabellane 8 til 10 skal lesast på same måte.

Kolonnen heilt til venstre oppgir rangeringa til kvart adjektiv på lista, sortert etter G-verdi. Adjektiva i kolonnen «Adjektiv» viser den samanslåtte forma til adjektiva (*naken* omfattar soleis både bøyingsformene «naken», «nakne» og feilstavingar som «nakkne», sjå avsnitt 3.5. Samanslåing av ordpartypar). Kolonnane «Frekv. *dame*» og «Frekv. *kvinne*» oppgir frekvensen på alle treff i korpuset på adjektivet som attributt til høvesvis *dame* eller *kvinne* i alle bøyingsformer. Kolonnen «G-verdi» viser talverdien viser resultatet av Log-Likelihood Ratio-testen (sjå avsnitt «3.6. Distinktiv kollekssemanalyse»).



### 4.3. Distinktive adjektivkolleksem til *dame*

Tabell 7 viser dei 50 mest distinktive kollokata for *dame*, jamført med *kvinne*. Den distinktive kolleksemanalysen som ligg til grunn, inkluderer frekvensane for adjektiva i kontekstane «ADJ + *dame*» og «ADJ + *kvinne*». Resten av korpuset, inkludert frekvensar i konteksten «ADJ + *mann*», er halde utanfor analysen (sjå avsnitt «3.6. Distinktiv kolleksemanalyse»). Adjektiv med ein frekvens på under 30 (til saman i kontekstane «ADJ + *dame*» eller «ADJ + *kvinne*» er heller ikkje tekne med.

Dei fem mest distinktive *dame*-adjektiva er *lettkledd*, *eldre*, *tøff*, *fin* og *flott*. Det er verd å merka seg at fleire av dei distinktive *dame*-kollokata førekjem oftare som kollokat til *kvinne*, dvs. har høgare frekvens i konteksten «ADJ + *kvinne*».<sup>38</sup> Adjektivet *eldre* er sterkt assosiert med *dame* (G-verdi: 2180,8), men opptrer meir enn tre gonger så ofte som kollokat til *kvinne* (*dame*-frekvens 2932, *kvinne*-frekvens 8424). Det same gjeld for *naken*, *voksen*, *liten*, *halvnaken*, *middelaldrende*, *fantastisk*, *singel*, *stor*, *best* og *toppløs*. Frekvensa til desse adjektiva i konteksten «ADJ + *dame*» er likevel langt høgare enn det ein skulle venta ut frå ei normalfordeling, då den totale frekvensen for alle *dame*-adjektiva er langt lågare enn for alle *kvinne*-adjektiva.

Adjektiva *fin*, *grå*, *lekker*, *feit*, *heit* og *sur* er distinktive for *dame* og opptrer svært sjeldan som kollokat til *kvinne*. Adjektiva *skyteglad*, *åltreit* og *spretten* er ikkje dokumenterte som kollokat til *kvinne* i korpuset. *Rå* opptrer som kollokat til *kvinne* éin gong, i konteksten «de rå kvinnene».<sup>39</sup>

Adjektivet *skyteglad* skil seg ut som oppsiktsvekkjande. Eit korpusøk viser at alle treffa er duplikat av éi overskrift frå Fædrelandsvennen.<sup>40</sup>

---

38 Sjå avsnitt «3.6. Distinktiv kolleksemanalyse» for forskjellen på frekvens og distinktivitet.

39 Søkjettrykk:

«"skyteglad|skyteglade" %c "kvinne|kvinna|kvinnen|kvinner|kvinnene" %c»,  
«"rå|råde" %c "kvinne|kvinna|kvinnen|kvinner|kvinnene" %c»,  
«"åltreit|åltreite" %c "kvinne|kvinna|kvinnen|kvinner|kvinnene" %c»,  
«"spretten|spretnene" %c "kvinne|kvinna|kvinnen|kvinner|kvinnene" %c».

40 Søkjettrykk:

«"skyteglad|skyteglade" %c "dame|dama|damen|damer|damene" %c». Søk gjennomført 7. mai 2023 i Norsk aviskorpus (Bokmål) via Korpuskel (Norsk aviskorpus 2020a). Sjå vedlegg, figur 4.

Tabell 7: Dei 50 mest distinktive adjektivkollokata til dame

	Adjektiv	Frekv. dame	Frekv. kvinne	G-verdi		Adjektiv	Frekv. dame	Frekv. kvinne	G-verdi
1	lettkledd	1040	399	3076,2	26	morsom	91	33	270,9
2	eldre	2932	8424	2180,8	27	snill	83	24	262,9
3	tøff	535	132	1767,9	28	lekker	64	7	242,2
4	fin	348	1	1546,8	29	bestemt	88	44	235,6
5	flott	438	125	1396,9	30	feit	57	4	226,4
6	enkel	300	17	1215,8	31	middelaldrende	240	565	221,0
7	naken	635	849	1015,1	32	fantastisk	155	248	212,7
8	hyggelig	280	44	1007,2	33	søt	64	18	204,1
9	skytetglad	222	0	994,4	34	populær	89	76	187,7
10	pen	305	82	985,7	35	grønn	50	6	186,9
11	ny	388	274	903,3	36	glad	63	34	163,8
12	bra	227	20	882,4	37	travel	63	34	163,8
13	voksen	910	2163	839,2	38	skjeggete	38	3	149,2
14	sint	239	83	721,7	39	kreativ	55	27	148,2
15	kul	193	31	691,1	40	heit	35	1	147,6
16	sprek	152	27	534,7	41	myndig	59	38	142,6
17	rå	96	0	429,6	42	vennlig	42	10	139,2
18	blid	123	29	408,9	43	stygg	61	46	137,0
19	åltreit	86	0	384,8	44	sprudlende	39	8	133,4
20	spretten	85	0	380,3	45	singel	89	139	124,6
21	liten	192	218	342,1	46	stor	81	119	119,3
22	driftig	116	49	329,5	47	sur	28	2	111,0
23	grå	82	6	324,4	48	best	144	395	107,9
24	halvnaken	175	218	292,5	49	spesiell	50	42	106,3
25	deilig	84	16	291,5	50	toppløs	77	124	104,9

#### 4.4. Distinktive adjektivkolleksjon til *kvinne*

Tabell 12 viser dei 50 mest distinktive kollokater i konteksten «ADJ + *kvinne*», jamført med *dame*. Tabellen byggjer på ein distinktiv kolleksjonanalyse basert på frekvensane for adjektiv i kontekstane «ADJ + *dame*» og «ADJ + *kvinne*». Resten av korpuset, inkludert frekvensar i konteksten «ADJ + *mann*», er haldne utanfor analysen. Adjektiv med ein frekvens på under 30 (til saman i kontekstane «ADJ + *dame*» eller «ADJ + *kvinne*») er heller ikkje tekne med.

Dei fem mest distinktive kollokater for *kvinne* er *norsk*, *savnet*, *ung*, *gravid* og *død*. Adjektiva *norsk* og *ung* utmerker seg med langt høgare frekvens enn dei andre adjektiva i tabellen – både to opptrer med over fire gonger så høg frekvens som *gravid*, som er på tredje plass i frekvens.<sup>41</sup>

Alle adjektiva i tabellen opptrer oftare som kollokat til *kvinne* enn til *dame*, av di konteksten «ADJ + *kvinne*» generelt har langt høgare frekvens enn konteksten «ADJ + *dame*».

Følgjande adjektiv er distinktive kollokat til *kvinne*, men ikkje dokumenterte som attributt for *dame*: *siktet*, *drapsiktet*, *irakisk*, *yrkesaktiv*, *omkommet*, *norskpakistansk*, *saudiarabisk*, *egyptisk*, *drapsdømt*, *forlist* og *drapstiltalt*.

Den tydelegaste skilnaden frå dei distinktive *dame*-kollokater er at *kvinne*-kollokater inneheld 17 adjektiv som viser til nasjonalitet eller opphav, mens ingen adjektiv i desse kategoriane opptrer i tabellen for *dame*-adjektiv.<sup>42</sup> Dette vil ikkje seia at dei aldri er nytta i konteksten «ADJ + *dame*». Merk til dømes at *norsk* opptrer som kollokat til *dame* med ein frekvens på 741, og *tysk* opptrer som kollokat til *dame* med ein frekvens på 62. Adjektivet *norsk* har høgare frekvens i konteksten «ADJ + *dame*» enn *tøff*, som er det tredje mest distinktive *dame*-kollokatet (sjå tabell 7). Grunnen til at *tøff* er distinktivt for *dame* mens *norsk* ikkje er det, er at *tøff* opptrer oftare som kollokat til *dame* enn ein skulle forventa.

---

41 *Norsk* opptrer som kollokat til *kvinne* med ein frekvens på 22 912, mens *ung* i same kontekst har frekvensen 22 343. Jamfør *gravid*, med frekvens 5 071.

42 Eg kjem attende til dette i avsnitt «5.4. Samanlikning av *dame* og *kvinne*».

Tabell 8: Dei 50 mest distinktive adjektivkollokata til kvinne

	Adjektiv	Frekv. dame	Frekv. kvinne	G-verdi		Adjektiv	Frekv. dame	Frekv. kvinne	G-verdi
1	norsk	741	22912	2054,3	26	utenlandsk	33	1235	121,4
2	savnet	13	4937	1005,9	27	skadet	12	826	115,0
3	ung	1348	22343	801,1	28	yrkesaktiv	0	425	96,2
4	gravid	66	5071	746,2	29	omkommet	0	393	88,9
5	død	17	3816	727,6	30	norskpakistansk	0	385	87,1
6	årig	48	4227	651,5	31	saudiarabisk	0	368	83,3
7	muslimsk	8	3169	645,5	32	nigeriansk	12	663	83,2
8	første	67	3538	437,3	33	rik	49	1209	78,7
9	fornærmet	2	1940	418,0	34	pakistansk	3	438	76,6
10	drept	0	1816	412,3	35	utviklingshemmet	1	376	75,7
11	andre	0	1183	268,2	36	rumensk	5	479	75,1
12	siktet	0	1180	267,5	37	egyptisk	0	327	74,0
13	prostituert	8	1423	259,5	38	drapsdømt	0	310	70,2
14	drapssiktet	0	1029	233,2	39	forlist	0	310	70,2
15	tiltalt	2	1086	225,9	40	voldsutsatt	1	345	68,9
16	britisk	35	1814	220,9	41	sovende	2	374	68,6
17	avdød	1	1005	216,4	42	høygravid	8	509	68,4
18	afghansk	3	995	198,1	43	omskåret	0	283	64,0
19	iransk	2	797	161,5	44	somalsk	13	571	62,7
20	fødende	1	691	145,9	45	indisk	6	439	62,6
21	palestinsk	4	763	140,7	46	moderne	9	464	56,1
22	voldtatt	1	624	130,9	47	drapstiltalt	0	247	55,9
23	irakisk	0	568	128,6	48	mishandlet	1	280	54,6
24	mektig	28	1160	122,7	49	vestlig	1	267	51,7
25	tysk	62	1674	121,5	50	sextiltalt	0	225	50,9

#### 4.5. Distinktive adjektivkolleksjon til *dame/kvinne*

Tabell 13 viser dei 50 mest distinktive adjektivkollokata for konteksten «ADJ + *dame/kvinne*». I den distinktive kolleksjonanalysen som ligg til grunn er «ADJ + *dame/kvinne*» rekna i forhold til «ADJ + *mann*». Adjektivfrekvensane for kontekstane «ADJ + *dame*» og «ADJ + *kvinne*» er altså slått saman. Resten av korpuset er halde utanfor analysen. Adjektiv med ein frekvens på under 30 (til saman i kontekstane «ADJ + *dame/kvinne*» eller «ADJ + *mann*») er heller ikkje tekne med.

Dei fem mest distinktive adjektiva for *dame/kvinne* er *norsk*, *gravid*, *vakker*, *prostituert* og *første*. Adjektiva *norsk*, *gravid*, *prostituert* og *første* er meir distinktive for *kvinne* enn for *dame* (sjå tabellane 7 og 8). Adjektivet *vakker* er ikkje blant dei mest distinktive adjektiva til *dame* eller *kvinne* jamført med kvarandre.

Adjektiva *savnet* og *-årig* er meir distinktive for konteksten «ADJ + *dame/kvinne*», men meir frekvente i konteksten «ADJ + *mann*».

Adjektiva *fødende* og *høygravid* er sterkt distinktive for *dame/kvinne*, men opptre berre éin gong kvar som kollokat i konteksten «ADJ + *mann*». Følgjande adjektiv, som er distinktive for *dame/kvinne*, er ikkje dokumenterte i konteksten «ADJ + *mann*» i korpuset: *ammende* og *abortsøkende*.

På same måte som *kvinne*-tabellen er adjektiv for nasjonalitet og opphav sterkt representerte blant dei distinktive kollokata til *dame/kvinne*. Det er rimeleg å rekna med at desse adjektiva er mest typiske for *kvinne*.

Adjektivet *sextiltalt* er det 36. mest distinktive i konteksten *dame/kvinne*. Adjektivet opptre utelukkande i éin kontekst med mange duplikat; sjå vedlegg, figur 8.

Tabell 9: Dei 50 mest distinktive adjektivkollokata til dame + kvinne

	Adjektiv	Frekv. mann	Frekv. d + kv.	G-verdi		Adjektiv	Frekv. mann	Frekv. d + kv.	G-verdi
1	norsk	8547	23653	17218,9	26	yrkesaktiv	43	425	569,2
2	gravid	53	5137	9369,6	27	iransk	289	799	552,2
3	vakker	187	2442	3525,2	28	tøff	197	667	541,9
4	prostituert	26	1431	2511,6	29	voldsutsatt	28	346	491,4
5	første	1377	3605	2386,0	30	dyktig	286	713	447,4
6	lettkledt	53	1439	2356,0	31	thailandsk	107	427	387,2
7	drept	253	1816	2194,7	32	toppløs	0	201	385,3
8	muslimsk	1220	3177	2090,3	33	utenlandsk	875	1268	379,6
9	eldre	9890	11356	2050,3	34	andre	797	1183	370,3
10	fornærmet	598	1942	1533,9	35	skytteglad	8	222	363,8
11	amerikansk	672	2003	1479,4	36	sextiltalt	11	225	353,0
12	fransk	145	1087	1333,1	37	omskåret	42	283	332,9
13	fødende	1	692	1313,2	38	ammende	0	172	329,7
14	voldtatt	25	625	1010,9	39	kvalifisert	67	322	324,7
15	høygravid	1	517	977,9	40	selvstendig	16	222	323,7
16	russisk	587	1501	967,1	41	abortsøkende	0	168	322,0
17	svensk	2062	3052	955,3	42	savnet	5632	4950	315,5
18	lesbisk	17	536	892,4	43	halvnaken	122	393	307,5
19	britisk	984	1849	840,4	44	afghansk	688	998	299,1
20	tysk	982	1736	724,2	45	lavtlønnet	15	197	283,8
21	nigeriansk	133	675	700,4	46	årig	4846	4275	277,2
22	filippinsk	72	521	630,1	47	deltidsarbeidende	10	179	274,5
23	forlist	0	310	594,3	48	saudiarabisk	123	368	271,7
24	fattig	150	631	591,0	49	kinesisk	332	611	269,1
25	flott	110	563	586,5	50	dansk	925	1167	260,3

## 4.6. Distinktive adjektivkolleksem til *mann*

Tabell 10 viser dei 50 mest distinktive adjektivkollokata for konteksten «ADJ + *mann*». I den distinktive kolleksemanalysen som ligg til grunn, er «ADJ + *mann*» rekna i forhold til med «ADJ + *dame/kvinne*». Resten av korpuset er haldt utanfor analysen, og adjektiv med ein frekvens på under 30 (til saman i kontekstane «ADJ + *dame/kvinne*» eller «ADJ + *mann*») er heller ikkje teke med.

Dei fem mest distinktive adjektivattibutta til *mann* er *væpnet*, *maskert*, *rett*, *bevæpnet* og *gammel*. Adjektivet *gammel* utmerkjer seg med over dobbelt så høg frekvens som det nest mest frekvente adjektivkollokatet. Ein merkar seg at *gammel* ofte opptre i frasen «x år gammel», og ikkje i meininga «av høg alder».<sup>43</sup> Dette vil bli diskutert nærmare i avsnitta «5.5.1. Forskjellar innanfor dei semantiske kategoriane» og «7.2. Variasjon innanfor semantiske kategoriar».

Alle adjektiva blant dei 50 mest distinktive for *mann* kan også dokumenterast i konteksten «ADJ + *kvinne*», dvs. ingen har frekvens null. Følgjande adjektiv opptre svært sjeldan i konteksten «ADJ + *dame/kvinne*», dvs. fem gonger eller mindre: *vis*, *lettet*, *dresskledd* og *pedofil*.

Blant dei 50 mest distinktive kollokata til *mann* er det relativt mange adjektiv som har med kriminalitet eller våpen å gjera. Blant dei fem mest distinktive finn vi *væpnet*, *maskert* og *bevæpnet*. Lenger ned på lista finn vi *pågrepet*, *ettersøkt*, *siktet*, *mistenkt* og *etterlyst*. Det er ikkje overraskande at desse adjektiva vert oftare nytta om menn enn kvinner, all den tid menn oftare utøvar valdskriminalitet, og oftare vert straffa for brotsverk generelt (Statistisk sentralbyrå 2018b).

Kollokatet *tolvte* rangerer på 39. plass på lista. Eit korpusøk gir 578 treff på frasen «tolvte mann».<sup>44</sup> 191 av desse treffa er den ordrette frasen «den tolvte mann». Merk at mange av treffa er duplikat, sjå figur 7 (vedlegg). Det er sannsynleg at dette for det meste er ein norsk vri på det engelske forballuttrykket «the twelfth man», som viser kollektivt til tilhengjarane på benken (*Cambridge Dictionary*, under *twelfth man*, lese 9. mai 2023). Det kan også tenkjast at nokre av treffa er referansar til filmen *Den 12. mann*, sjølv om tittelen ikkje er gjengitt ordrett.

---

43 *Gammel*(1): «som har levd lenge; av høg alder; merket av elde», jamfør *gammel*(7): «av en viss alder» (*Bokmålsordboka*, under «gammel,» lese 22. mars 2023).

44 Søkjettrykk: ["tolvte" %c "mann|mannen|menn|mennene" %c]. Søk gjennomført 28. april 2023 i Korpuskel.

Tabell 10: Dei 50 mest distinktive adjektivkollokata til mann

	Adjektiv	Frekv. mann	Frekv. d. + kv.	G-verdi		Adjektiv	Frekv. mann	Frekv. d. + kv.	G-verdi
1	væpnet	9317	16	8895,3	26	hvit	2968	687	659,446
2	maskert	5626	26	5192,7	27	mistenkt	1397	162	623,422
3	rett	5769	91	4849,2	28	farlig	1241	120	620,01
4	bevæpnet	4394	72	3670,6	29	fjerde	702	7	614,62
5	gammel	100086	46761	3476,3	30	skadet	3215	838	589,356
6	fri	2921	208	1702,1	31	betrodd	720	15	579,511
7	rik	6076	1258	1584,1	32	etterlyst	1198	124	574,987
8	tredje	1603	12	1435,1	33	mektig	4006	1188	571,538
9	pågrepet	2499	198	1387,0	34	skuffet	644	9	545,836
10	ukjent	3791	640	1243,0	35	glad	1057	97	543,524
11	ettersøkt	1404	24	1162,7	36	fremmed	1787	355	487,261
12	siktet	5063	1180	1117,5	37	tolvte	573	11	466,695
13	homofil	1669	82	1112,4	38	høy	946	96	459,316
14	full	1913	148	1072,9	39	lettet	465	4	411,769
15	beruset	3691	786	923,7	40	voldelig	556	21	398,163
16	bakerst	1055	15	892,9	41	dyr	532	22	372,151
17	riktig	1251	53	870,2	42	brysom	558	30	360,744
18	viktig	1644	150	848,7	43	dresskledd	372	4	323,476
19	sist	1251	58	848,1	44	fornøyd	535	36	318,249
20	slagen	1090	29	842,3	45	lykkelig	690	77	315,587
21	stor	1756	200	793,6	46	pedofil	338	1	315,46
22	god	1266	77	784,2	47	gal	633	62	313,665
23	populær	1616	165	782,5	48	navngitt	1122	219	312,201
24	rask	2193	366	725,5	49	neste	507	35	298,409
25	vis	775	5	699,7	50	myk	431	20	291,831



## 5. Resultat og analyse av semantisk kategorisering

### 5.1. Innleiing

I dette kapittelet skildrar og analyserer eg resultatane av den semantiske kategoriseringa. Framgangsmåten er gjort greie for i avsnitt «3.7. Semantisk kategorisering». Først syner eg fram rangeringa av dei semantiske kategoriene og kommenterer nokre viktige tendensar i resultatane. Deretter vil eg sjå på variasjonen i ord innanfor kategoriene.

I dei følgjande avsnitta viser «*dame*-lista» til lista over dei semantiske kategoriene for dei 100 mest distinktive adjektivkollokata til *dame*, det vil seia tabell 11. Tilsvarende vil eg også nytta nemningane «*Kvinne*-lista», «*mann*-lista» og «*dame/kvinne*-lista».

Skildringa og analysen av *dame*-lista og *kvinne*-lista er grupperte saman, mens skildringa og analysen av *dame/kvinne*-lista og *mann*-lista er grupperte saman.

### 5.2. Utval

Eg har kategorisert dei 50+50 mest distinktive adjektiva til *dame* og *kvinne* jamført med kvarandre, til saman 100 kollostruksjonar (sjå avsnitt 3.7. Semantisk kategorisering). For *dame/kvinne* jamført med *mann* har eg teke utgangspunkt i dei 75+75 mest distinktive adjektiva, til saman 150 kollostruksjonar. Når eg har valt ulike tal, dvs. 150 og 100, er det først og fremst fordi samanlikninga mellom *dame* og *kvinne* tek utgangspunkt i eit mindre materiale enn *dame/kvinne* samanlikna med *mann* – 150 adjektivkollokat ville soleis ha utgjort ein urimeleg høg prosentdel av alle adjektivkollokata til *dame* og *kvinne* og teke lengre tid enn nødvendig. Om lista med distinktive kollokat for *dame/kvinne* skulle ha blitt utvida til 150 adjektiv, ville ho dessutan ha inkludert adjektiv med relativt låge G-verdiar, dvs. kollokat med relativt låg grad av distinktivitet.<sup>45</sup>

### 5.3. Om tabellane

I tabellane 11, 12, 13 og 14 er kvar semantiske kategori illustrert med høgst åtte døme, utan noka nedre grense på G-verdi. Døma i tredje kolonne er stilte opp frå høgast til lågast G-verdi. Cella

---

<sup>45</sup> For for å illustrera forskjellen:

Det 150. mest distinktive kollokatet for *dame* er *kongelig*, med ein G-verdi på 2,95.

Det 150. mest distinktive kollokatet for *kvinne* er *rusavhengig*, med ein G-verdi på 12,44.

Det 150. mest distinktive kollokatet for *dame/kvinne* er *aktiv*, med ein G-verdi på 63,57.

Det 150. mest distinktive kollokatet for *mann* er *hederlig*, med ein G-verdi på 60,97.

lengst nede til høgre i tabell 11 og 12 oppgir summen av frekvensane til dei 100 mest distinktive adjektiva for *dame* og *kvinne*. Cella lengst nede til høgre i tabell 13 og 14 viser tilsvarande sum for dei 150 mest distinktive adjektiva til *dame/kvinne* og *mann*. Resten av rutene i fjerde kolonne viser dei samanlagde frekvensane til adjektiva innanfor kvar semantiske kategori. Om eg hadde utvida kategoriseringa til å omfatta fleire adjektiv, ville frekvenstala ha vore høgare (sjå fjerde kolonne i tabellane 11 til 14). Sidan utvalet for *dame/kvinne* jamført med *mann* er større enn utvalet for *dame* jamført med *kvinne*, kan ikkje frekvenstala i tabell 7 og 8 jamførast direkte med frekvenstala i tabell 9 og 10. Ein lyt derfor heller sjå på rangeringa til kategoriane.

#### 5.4. Samanlikning av *dame* og *kvinne*

Kategorien NASJONALITET er den klart største kategorien blant dei 100 mest distinktive *kvinne*-adjektiva, med ein frekvens på 43 814 (døme: *norsk, britisk, afghansk*). Denne er ikkje representert på lista over distinktive *dame*-adjektiv.

Kategorien ALDER rangerer på 1. plass blant dei 100 mest distinktive *dame*-adjektiva (frekvens 4 121, døme: *eldre, voksen, middelaldrende*), og på 2. plass blant dei 100 mest distinktive *kvinne*-adjektiva (frekvens 26 835, døme: *ung, -årig, jevnaldrende*). Grunnen til at denne kategorien er blant dei øvste for *dame* og *kvinne* er at kvart av substantiva har ulike distinktive adjektiv i denne kategorien; sjå døma ovanfor. *Dame* er assosiert med eldre livsstadium medan *kvinne* er assosiert med ungdom og aldersspesifiserande uttrykk.<sup>46</sup>

Kategoriane KLEDE, ATTRAKTIVITET og BYGNAD har til felles at dei generelt har noko å gjera med utsjånad eller kropp. KLEDE og ATTRAKTIVITET er høvesvis plasserte på 2. og 3. plass i *dame*-tabellen (frekvensar høvesvis 1 980 og 1 634). Døme på distinktive kollokat til *dame* i kategorien KLEDE er *lettkledd, naken* og *halvnaken*, mens døme i kategorien ATTRAKTIVITET er *fin, flott* og *pen*. Desse to kategoriane er ikkje representerte i tabellen for *kvinne*. BYGNAD er på 6. plass blant *dame*-kategoriane med ein frekvens på 690 (døme: *sprek, spretten, liten*), men på siste plass blant *kvinne*-kategoriane med ein frekvens på 106 (døme: *keivhendt*).

HUMØR/STEMNING er på 7. plass på *dame*-lista (frekvens 474, døme: *sint, blid, glad*) og på 23. plass på *kvinne*-lista (frekvens 151, døme: *fortvilt*). ÅTFERDSTREKK er på 13. plass på *dame*-lista (frekvens 235, døme: *travel, streng, engasjert*) men er ikkje representert på *kvinne*-lista.

Kategoriane SITUASJON ULYKKE, KRIMINALITET TILTALT, LIV OG DØD, VALD OG KRENKING OFFER, HELSE og KRIMINALITET FORNÆRMA har til felles at dei alle omfattar adjektiv som ofte vert

---

46 Det hadde vore interessant å undersøkje grensene mellom (ung) *kvinne* og *jente* i avisdiskursar.

nytta i nyheitssaker om ulykker, vald og kriminalitet. Alle seks kategoriane er representerte på *kvinne*-lista, men ingen av dei er representerte på *dame*-lista. SITUASJON ULYKKE rangerer på 3. plass på *kvinne*-lista (frekvens 5 640, døme: *savnet, omkommet, forlist*). KRIMINALITET TILTALT rangerer på 5. plass (frekvens 5 280, døme: *siktet, drapssiktet, tiltalt*), LIV OG DØD rangerer på 6. plass (frekvens 4 821, døme: *død, avdød*), VALD OG KRENKING OFFER rangerer på 10. plass (frekvens 2 901, døme: *drept, voldtatt, voldsutsatt*), HELSE rangerer på 11. plass (frekvens 2 228, døme: *skadet, utviklingshemmet, omskåret*) og KRIMINALITET FORNÆRMET rangerer på 14. plass (1 940, døme: *fornærmet*).

Kategorien EVNE er på 10. plass på *dame*-lista (frekvens 383, døme: *driftig, flink, oppegående*) og på 20. plass på *kvinne*-lista (frekvens 315, døme: *kvalifisert*). Kategorien INTELLIGENS er på 14. plass på *dame*-lista (frekvens 229, døme: *klok, smart, dum*), men opptrer ikkje på *kvinne*-lista. Desse adjektiva er sannsynlegvis lite nytta i tekster i det «saklege» registeret, slik som pressemeldingar, leiarartiklar, nyheitsreportasjar og byråmeldingar.

Blant dei 100 mest distinktive kollokata til *dame* er dei følgjande kategoriane ikkje representerte: ANDRE PATIENSTYPAR, HANDLING KROPPSFUNKSJON, HANDLING RØRSLE, HANDLING SEKSUALITET, HANDLING SVANGERSKAP OG BARN, HANDLING SØVN, HELSE, HUDFARGE, KOSTNAD, KRIMINALITET FORNÆRMA, KRIMINALITET TILTALT, LEGNING, LIV OG DØD, NASJONALITET, NEGATIVT VURDERTE TREKK, OPPHAV, POLITIKK, RELIGION, SITUASJON ULYKKE, SOSIAL STILLING, SVANGERSKAP, UTSTYR, VALD OG KRENKING OFFER, VALD OG KRENKING UTØVAR, VURDERING NORM, VURDERING NORMAVVIK, YRKE og YTRINGSRELATERT. Desse kategoriane har til felles at adjektiva i dei ofte vert nytta i framstillingar av ikkje-namngitte menneske, t.d. nyheitssaker om «upersonlege» emne som ulykker, kriminalitet, økonomiske tendensar, forbruksmønstre osv.<sup>47</sup>

Blant dei 100 mest distinktive kollokata til *kvinne* er dei følgjande kategoriane ikkje representerte: ANDRE PATIENSTYPAR, ATTRAKTIVITET, DRIFT, FARGE, HANDLING DANS, HANDLING KJENSLER, HANDLING KROPPSFUNKSJON, HANDLING RØRSLE, HANDLING SEKSUALITET, INTELLIGENS, INTERESSE, KLEDE, KOSTNAD, MORAL, NEGATIVT VURDERTE TREKK, POLITIKK, POSITIVT VURDERTE TREKK, SITUASJON HELL, SITUASJON RUS, SOSIAL ANERKJENNING, TID, UTSJÅNAD, UTSTYR, VALD OG KRENKING UTØVAR, VURDERING NORM, VURDERING NORMAVVIK, VURDERING POSITIV og ÅTFERDSTREKK. Merk at fleire av desse kategoriane omfattar slike adjektiv som har å gjera med personlege eigenskapar, åtferd eller utsjånad. Det er rimeleg å gå ut frå at dei oftare vert nytta om individ enn grupper, og oftare om navngitte referentar enn anonyme.

---

47 Merk at kategorien POLITIKK berre inneheld adjektivet *ekstrem*.

Dei følgjande kategoriane er ikkje representerte blant verken dei 100 mest distinktive kollokata til *dame* eller dei 100 mest distinktive kollokata til *kvinne*: ANDRE PATIENSTYPAR, HANDLING KROPPSFUNKSJON, HANDLING RØRSLE, HANDLING SEKSUALITET, KOSTNAD, NEGATIVT VURDERTE TREKK, POLITIKK, UTSTYR, VALD OG KRENKING UTØVAR og VURDERING NORM. Dette kan forklarast på to måtar. Éi forklaring er at kategoriane er meir typiske for *dame/kvinne* enn *mann*, men med ikkje-signifikante forskjellar mellom *dame* og *kvinne*. Den andre forklaringa er at kategoriane er meir typiske for *mann* enn *dame/kvinne*. Den første forklaringa gjeld for kategoriane HANDLING KROPPSFUNKSJON (døme: *menstruerende*) og HANDLING SEKSUALITET (døme: *villig, flørtende*). Den andre forklaringa gjeld for dei andre kategoriane, som alle er meir typiske for *mann* enn *dame/kvinne* (sjå avsnitt «5.5. Samanlikning av *dame/kvinne* og *mann*»). Fleire av adjektivkategoriane som er typiske for *mann* (og ikkje representerte blant dei distinktive kollokata for *dame/kvinne*), er knytte til kriminalitet eller aggressiv/sosialt uakseptabel åtferd.

#### 5.4.1. Forskjellar innanfor dei semantiske kategoriane

Blant dei mest distinktive adjektiva til *dame* innanfor kategorien ALDER viser dei fleste til framskriden alder. Blant *kvinne*-adjektiva er det delvis motsett, då det mest distinktive adjektivet er *ung*. Adjektivet *jevnaldrende* er komparativt og viser ikkje til noko spesifikt livsstadium, mens «adjektivet» (eigentleg etterleddet) *-årig* tek talord til forledd og er då nytta for å spesifisera alder.<sup>48</sup>

Kategorien TID inneheld eitt distinktivt *dame*-adjektiv (*ny*) og eitt distinktivt *kvinne*-adjektiv (*moderne*). Sjølv om desse adjektiva er plasserte i same overordna kategori, har dei svært forskjellige bruksmåtar som kollokat. Frasen «ny *dame*» opptre ofte i setningar som «han har fått seg ny *dame*».<sup>49</sup> I samanhengar som dette er det ikkje eigentleg *dama* som er *ny*, men det implisitte kjærastforholdet. Adjektivet *moderne* i frasen «*moderne kvinne*» viser derimot til haldningar og/eller livsførsel. Dette illustrerer problema med å utforma koherente semantiske kategoriar; dette kjem eg attende til i 7.6. Kritiske merknadar.

---

48 Merk at adjektivet *-årig* berre opptre som etterledd til kvantor eller adjektiv, sjå *Bokmålsordboka* (under «-årig,» lese 2. mai 2023).

49 Dette vart stadfesta ved eit korpussøk på uttrykket «». Sjå vedlegg, figur 10.

Tabell 11: Semantiske kategoriar for adjektiv + dame

	Semantisk kategori	Mest distinktive døme	Frekvens adj. + dame
1	alder	<i>eldre, voksen, middelaldrende, aldrende</i>	4121
2	klede	<i>lettkledd, naken, halvnaken, toppløs, bikinikledd, avkledd</i>	1980
3	attraktivitet	<i>fin, flott, pen, deilig, lekker, søt, heit, stygg</i>	1634
4	personlege særdrag	<i>tøff, enkel, rå, morsom, bestemt, kreativ, myndig, sprudlende</i>	1332
5	vurdering positiv	<i>bra, ålreit, fantastisk, best, spesiell, rett, strålende, spennende</i>	750
6	bygnad	<i>sprek, spretten, liten, feit, stor, tykk, fet, høy</i>	690
7	humør/stemming	<i>sint, blid, glad, sur, fornøyd</i>	474
8	positivt vurderte trekk	<i>hyggelig, trivelig, tålmodig, fornuftig</i>	399
9	tid	<i>ny</i>	388
10	evne	<i>driftig, flink, oppegående, dyktig</i>	383
11	sosial anerkjenning	<i>kul, populær, stakkars</i>	316
12	farge	<i>grå, grønn, hvit</i>	256
13	åtferdstrekk	<i>travel, streng, engasjert, energisk, aktiv, ivrig</i>	235
14	intelligens	<i>klok, smart, dum, gal</i>	229
15	interesse	<i>skyteglad</i>	222
16	personlege forhold	<i>singel, fremmed, fraskilt</i>	195
17	utsjånad	<i>skjeggete, blond, gråhåret</i>	152
18	moral	<i>snill, god</i>	111
19	situasjon rus	<i>full</i>	63
20	drift	<i>kåt, villig</i>	53
21	relasjonelt	<i>feil</i>	50
22	handling dans	<i>dansende</i>	40
23	handling kjensler	<i>smilende</i>	35
24	situasjon hell	<i>heldig</i>	23
25	vurdering normavvik	<i>eksentrisk</i>	16
	<b>Sum</b>	-	<b>14070</b>

Tabell 12: Semantiske kategoriar for adjektiv + kvinne

	<b>Semantisk kategori</b>	<b>Mest distinktive døme</b>	<b>Sum</b>
1	nasjonalitet	<i>norsk, britisk, afghansk, iransk, palestinsk, irakisk, tysk, norskpakistansk</i>	43814
2	alder	<i>ung, -årig, jevnaldrende</i>	26835
3	situasjon ulykke	<i>savnet, omkommet, forlist</i>	5640
4	svangerskap	<i>gravid, høygravid</i>	5580
5	kriminalitet tiltalt	<i>siktet, drapssiktet, tiltalt, drapstdømt, drapstiltalt, mishandlet, sextiltalt, pågrepet</i>	5280
6	liv og død	<i>død, avdød</i>	4821
7	relasjonelt	<i>første, andre</i>	4721
8	religion	<i>muslimsk, jødisk</i>	3439
9	sosial stilling	<i>mektig, rik, sivil, lavtlønnet, utdannet, likestilt, undertrykt</i>	3354
10	vald og krenking offer	<i>drept, voldtatt, voldsutsatt, bortført</i>	2901
11	helse	<i>skadet, utviklingshemmet, omskåret, forslått, ebolasmittet, hivpositiv, bevisstløs, smittet</i>	2228
12	opphav	<i>utenlandsk, vestlig, afrikansk</i>	2028
13	yrke	<i>prostituert, yrkesaktiv, deltidsarbeidende</i>	2027
14	kriminalitet fornærmet	<i>fornærmet</i>	1940
15	personlege forhold	<i>gift, enslig, ugift</i>	1820
16	handling svangerskap og barn	<i>fødende, ammende, abortsøkende</i>	1031
17	legning	<i>lesbisk, heterofil</i>	694
18	personlege særdrag	<i>moderne</i>	464
19	handling søvn	<i>sovende</i>	374
20	evne	<i>kvalifisert</i>	315
21	ytringsrelatert	<i>navngitt</i>	216

22	hudfarge	<i>farget</i>	160
23	humør/stemning	<i>fortvilt</i>	151
24	bygnad	<i>keivhendt</i>	106
	<b>Sum</b>	-	<b>119939</b>

## 5.5. Samanlikning av dame/kvinne og mann

Kategorien NASJONALITET utmerker seg som den klart mest frekvente kategorien for *dame/kvinne* (frekvens 48 407, dømme: *norsk, amerikansk, fransk*). Same kategori rangerer på 20. plass på *mann*-lista (frekvens 1 975: *polsk, litauisk*).

ALDER rangerer på 1. plass på *mann*-lista (frekvens 108 825, dømme: *gammel, voksen, middelaldrende*) og 2. plass på *dame/kvinne*-lista (frekvens 16 008, dømme: *eldre, -årig, moden*). Når ALDER rangerer høgt for både *dame/kvinne* og *mann*, er forklaringa at dei to substantiva har forskjellige distinktive adjektiv i denne kategorien.

KRIMINALITET TILTALT er på 2. plass på *mann*-lista (frekvens 14 056, dømme: *pågrepet, ettersøkt, siktet*) og på 23. plass på *dame/kvinne*-lista (frekvens 512, dømme: *sextiltalt, IS-tiltalt, hovedtiltalt*).<sup>50</sup> KRIMINALITET FORNÆRMA er på 12. plass på *dame/kvinne*-lista (frekvens 1 942, dømme: *fornærmet*) og på 36. plass på *mann*-lista (frekvens 208, dømme: *ranet*).

Kategorien SVANGERSKAP rangerer på 3. plass på *dame/kvinne*-lista (frekvens 5 736, dømme: *gravid, høygravid, fruktbar*). Kategorien er (ikkje overraskande) ikkje representert på *mann*-lista.<sup>51</sup> Kategorien HANDLING KNYTT TIL SVANGERSKAP OG BARN rangerer på 18. plass på *dame/kvinne*-lista (frekvens 1 073, dømme: *abortsøkende, fødende, ammende*) og heller ikkje denne kategorien er representert på *mann*-lista.

Kategorien UTSTYR rangerer på 3. plass på *mann*-lista (frekvens 13 887, dømme: *væpnet, bevæpnet, ubevæpnet*), men er ikkje representert på *dame/kvinne*-lista. Merk at denne kategorien stort sett inneheld adjektiv som viser til innehaving av våpen.

Kategorien ATTRAKTIVITET er på 6. plass på *dame/kvinne*-lista (frekvens 4 550, dømme: *vakker, pen, frodig*)<sup>52</sup> og på 34. plass på *mann*-lista (frekvens 367, dømme: *kjekk*). Merk at adjektiva i denne kategorien er meir typiske for *dame* enn for *kvinne*.<sup>53</sup> ATTRAKTIVITET-adjektiva som er assosierte med *dame* og *kvinne* refererer direkte til ytre utsjånad, medan *kjekk* er meir generisk.

---

50 Frasen *sextiltalt kvinne* (søkjettrykk: «"sextiltalt kvinne" %c») har en frekvens på 223 i korpuset, men alle treffa er duplikat av dei to overskriftene «Påstand om to års fengsel for sextiltalt kvinne» og «Påstand om to år for sextiltalt kvinne». Frasen *sextiltalt mann* (søkjettrykk: «"sextiltalt mann" %c») har en frekvens på 5 i korpuset; tre identiske tekstsekvensar + to identiske tekstsekvensar. Søk gjennomført 2. mai 2023 (Norsk aviskorpus 2020a). Sjå vedlegg, figur 8 og .

51 Transmenn med livmor kan verta gravide, men dei er sjeldan omtala i avisene. Når dei vert omtala i avisene vert dei framstilte som kuriositetar, eller omtala i debatten om forholdet mellom biologi, kjønn og orda «mann» og «kvinne». Eit søk på *gravid mann* (med bøyingsformer; uttrykk: «"gravid|gravide" %c "mann|mannen|menn|mennene" %c») gir 63 treff. Søk gjennomført 2. mai 2023 (Norsk aviskorpus 2020a).

52 Plasseringa av *frodig* i kategorien «attraktivitet» kan nok diskuteras. Adjektivet «frodig» vert gjerne nytta som eufemisme for 'tjuk', jamfør *stor* (sjå 6.5.2. Stor kvinne). Eg vurderer *frodig* som hakket meir positivt ladd enn *stor*, men samtidig (eller nettopp av den grunn) meir synleg eufemistisk.

53 Sjå avsnitt 5.4. *Samanlikning av dame og kvinne*.



Kategorien KLEDE rangerer på 7. plass på *dame/kvinne*-lista (frekvens 3 830, døme: *toppløs, halvnaken, hijabkledd*) og på 8. plass på *mann*-lista (frekvens 6 883, døme: *maskert, dresskledd, uniformert*). UTSJÅNAD er på 24. plass på *dame/kvinne*-lista (frekvens 383, døme: *blond, lyshåret*) og på 26. plass på *mann*-lista (frekvens 911, døme: *blodig, skallet, skjeggete*).

SITUASJON ULYKKE rangerer på 4. plass på *dame/kvinne*-lista (frekvens 5 355, døme: *forlist, savnet, forsvunnet*) og på 24. plass på *mann*-lista (frekvens 1 213, døme: *omkommet*). VALD OG KRENKING OFFER rangerer på 9. plass på *dame/kvinne*-lista (frekvens 3 068, døme: *drept, voldtatt, voldsutsatt*) og på 29. plass på *mann*-lista (frekvens 533, døme: *partert, knivstukket*).

Kategorien HELSE er på 12. plass på *mann*-lista (frekvens 4 626, døme: *skadet, blødende, såret*) og på 16. plass på *dame/kvinne*-lista (frekvens 1 264, døme: *omskåret, brystkreframmet, ebolasmittet*).

Kategorien YRKE er på 10. plass på *dame/kvinne*-lista (frekvens 2 398, utelukkande pga. *prostituert*), men er ikkje representert på *mann*-lista. Merk at markering av yrke gjennom adjektiv ikkje er vanleg på norsk.

Kategorien HUDFARGE er på 10. plass på *mann*-lista (frekvens 5 846, døme: *hvit, mørkhudet, svart*), men er ikkje representert på *dame/kvinne*-lista. Kategorien RELIGION er på 8. plass på *dame/kvinne*-lista (frekvens 3 177, døme: *muslimsk*), men er ikkje representert på *mann*-lista.

Blant dei 150 mest distinktive kollokata til *dame/kvinne* er dei følgjande kategoriane ikkje representerte: ANDRE PATIENSTYPAR, FARGE, HANDLING SØVN, HUDFARGE, HUMØR ELLER STEMNING, KOSTNAD, LIV OG DØD, MORAL, NEGATIVT VURDERTE TREKK, POLITIKK, SITUASJON HELL, SITUASJON RUS, UTSTYR, VALD OG KRENKING UTØVAR, VURDERING NORM, VURDERING NORMAVVIK og YTRINGSRELATERT. Her kan ein særleg merka dei kategoriane som er assosierte med vald (UTSTYR omfattar ord som *væpnet, bevæpnet*).

Blant dei 150 mest distinktive kollokata til *mann* er dei følgjande kategoriane ikkje representerte: HANDLING DANS, HANDLING KJENSLE, HANDLING KROPPFUNKSJON, HANDLING RØRSLE, HANDLING SEKSUALITET, HANDLING SVANGERSKAP OG BARN, HANDLING SØVN, LIV OG DØD, OPPHAV, RELIGION, SVANGERSKAP, VURDERING NORMAVVIK og YRKE.

Kategoriane HANDLING SØVN og LIV OG DØD førekjem ikkje blant dei 150 mest distinktive kollokata til *dame/kvinne* eller dei 150 mest distinktive kollokata til *mann*. Adjektivkollokata i desse to kategoriane er berre distinktive for *kvinne* jamført med *dame* (sjå 5.4. *Samanlikning av dame og kvinne*).

### 5.5.1. Forskjellar innanfor dei semantiske kategoriane

I kategorien ALDER er *eldre* mest distinktivt for *dame/kvinne*, mens *gammel* er mest distinktivt for *mann*. *Eldre* er komparativforma til *gammel*, men vert også ofte nytta som «absolutt komparativ» og har då betydninga 'nokså gamal' (*Bokmålsordboka*, under «eldre,» 2, lese 30. januar 2023). *Eldre* og *gammel* kan soleis vera nærsynonyme når dei er nytta som attributt, men med litt ulike konnotasjonar; *eldre* er den eufemistiske varianten. Det er også verd å merka seg at *gammel* opptrer i frasen «X år gammel», som talfestar alder. Adjektiv med etterleddet *-årig* (som i ordet «50-årig») fyller same funksjon og er distinktivt for *dame/kvinne*.

I kategorien KLEDE er det store forskjellar mellom dei distinktive *dame/kvinne*-adjektiva og dei distinktive *mann*-adjektiva. Adjektiva knytte til konteksten *dame/kvinne* viser anten til (halv)nakenheit eller muslimske plagg. Adjektiva knytte til *mann* kategoriserer kleda sin farge eller funksjon, utan å visa til særskilde plagg. Adjektiva *uniformert* og *sivilkledd* har militære konnotasjonar, mens *maskert* har kriminelle konnotasjonar – dette kan nokre gonger også gjelda for *mørkkledd*, men ikkje alltid.

I kategorien ATTRAKTIVITET er det eit variert tilfang av adjektiv som er distinktive for *dame*.<sup>54</sup> Dei nærsynonyme adjektiva *vakker*, *pen* og *fin* viser generelt til å vera tiltalende for auget som ser. Det er interessant at *lekker* gjerne vert nytta både om attraktive damer/kvinner og om velsmakande mat. Adjektivet *frodig* kan brukast om kvinner i betydninga 'yppig', det vil seia formfull eller 'frisk og fyldig' (*Bokmålsordboka*, under «frodig,» lese 6. april 2023) (*NAOB*, under «frodig,» lese 6. april 2023). På *mann*-lista er det berre eitt distinktivt adjektiv (*kjekk*) i kategorien ATTRAKTIVITET. Ordet viser til attraktivitet på ein ganske generell måte og kan visa til både fysisk attraktivitet og behageleg veremåte.

Kategorien UTSJÅNAD har to adjektiv som er distinktive for *dame/kvinne*, og baa to viser til (lys) hårfarge. Når det gjeld *mann*, er det interessant å merka seg at det mest distinktive adjektivkollokatet i denne kategorien er *blodig*.<sup>55</sup> Dei to andre (*skallet*, *skjeggete*) viser til hår (eller skort på dette), men ikkje til hårfarge.

Kategorien PERSONLEGE SÆRDRAG omfattar fleire adjektiv som må kunne seiast å avvika frå den stereotype oppfatninga av kjønnsroller. For *dame/kvinne* er adjektiva *tøff*, *bestemt*, *moderne*, *rå*

---

54 Alle adjektiva i kategorien ATTRAKTIVITET på *dame/kvinne*-lista er distinktive for *dame* heller enn for *kvinne*; sjå tabell 11 og 12.

55 Eg har plassert *blodig* i kategorien UTSJÅNAD heller enn HELSE, VALD OG KRENKING OFFER eller SITUASJON ULYKKE. Det er klart at blodige menn ofte er blodige fordi dei har vore utsette for vald eller hamna i ei ulykke, men dette kan ikkje avgjerast utan kontekst. Det er heller ikkje nødvendigvis slik at ein blodig mann er skada – han kan også ha utøvd vald mot ein annan, eller hjelpt eit skada menneske.

og *myndig* blant dei mest distinktive. *Moderne* viser ikkje til éin spesifikk eigenskap, men viser til livsførsel og eigenskapar som skil seg frå det som er rekna som tradisjonelt (for ei kvinne).

Tabell 13: Semantiske kategoriar for adjektiv + dame/kvinne

	<i>Semantisk kategori</i>	<b>mest distinktive døme</b>	<b>Sum</b>
1	nasjonalitet	<i>norsk, amerikansk, fransk, russisk, svensk, britisk, tysk, nigeriansk</i>	48407
2	alder	<i>eldre, -årig, moden</i>	16008
3	svangerskap	<i>gravid, høygravid, fruktbar</i>	5736
4	situasjon ulykke	<i>forlist, savnet, forsvunnet</i>	5355
5	relasjonelt	<i>første, andre</i>	4788
6	attraktivitet	<i>vakker, pen, frodig, fin, lekker, elegant, glamorøs, sexy</i>	4550
7	klede	<i>toppløs, halvnaken, hijabkledd, burkakledd, niqabkledd, naken, bikinikledd</i>	3830
8	religion	<i>muslimsk</i>	3177
9	vald og krenking offer	<i>drept, voldtatt, voldsutsatt, mishandlet</i>	3068
10	yrke	<i>prostituert, yrkesaktiv, deltidsarbeidende, hjemmeværende, -ansatt, sysselsatt</i>	2398
11	evne	<i>dyktig, kvalifisert, selvstendig, driftig, synsk, kompetent, flink</i>	1986
12	kriminalitet fornærma	<i>fornærmet</i>	1942
13	sosial stilling	<i>fattig, lavtlønnet, undertrykt, utdannet, frigjort, likestilt, ressurssterk, kongelig</i>	1841
14	opphav	<i>utenlandsk, vestlig</i>	1536
15	personlege særdrag	<i>tøff, bestemt, moderne, rå, myndig</i>	1465
16	helse	<i>omskåret, brystkreftrammet, ebolasmittet, frossen, frisk, forslått, hjerneskadet, brystkreftoperert</i>	1264
17	personlege forhold	<i>enslig, ugift</i>	1151
18	Handling knytt til svangerskap og barn	<i>abortsøkende, fødende, ammende, førstegangsfødende</i>	1073
19	vurdering positiv	<i>flott, ålreit</i>	649
20	positivt vurderte trekk	<i>modig</i>	627

21	legning	<i>lesbisk</i>	536
22	bygnad	<i>sårbar, spretten, sprek, keivhendt</i>	523
23	kriminalitet tiltalt	<i>sextiltalt, IS-tiltalt, hovedtiltalt</i>	512
24	utsjånad	<i>blond, lyshåret</i>	383
25	handling kjensler	<i>gråtende, smilende</i>	299
26	handling rørsle	<i>forbipasserende</i>	281
27	sosial anerkjenning	<i>ukul, kul</i>	272
28	interesse	<i>skyteglad</i>	222
29	åtfærdstrekk	<i>aktiv</i>	213
30	intelligens	<i>intetanende</i>	153
31	handling seksualitet	<i>flørtende</i>	112
32	handling kroppsfunksjon	<i>menstruerende</i>	65
33	handling dans	<i>dansende</i>	64
34	tid	<i>historisk</i>	63
35	drift	<i>villig</i>	52
	<b>Sum</b>	-	<b>114601</b>

Tabell 14: Semantiske kategoriar for adjektiv + mann

	Semantisk kategori	Mest distinktive døme	Sum
1	alder	<i>gammel, voksen, jevngammel, middelaldrende</i>	108825
2	kriminalitet tiltalt	<i>pågrepet, ettersøkt, siktet, mistenkt, etterlyst, voldtektssiktet, arrestert</i>	14056
3	utstyr	<i>væpnet, bevæpnet, ubevæpnet</i>	13887
4	vurdering positiv	<i>rett, riktig, god, best, bra, bedre</i>	11187
5	sosial stilling	<i>rik, mektig, hjemløs, holden</i>	10767
6	sosial anerkjenning	<i>viktig, stor, populær, ettertraktet, forhatt, verdiløs. sentral, upopulær</i>	7999
7	bygnad	<i>rask, høy, sterk, lang, mindre, kraftig</i>	7246
8	klede	<i>maskert, dresskledd, uniformert, mørkkledd, sivilkledd, svartkledd</i>	6883
9	relasjonelt	<i>tredje, bakerst, sist, fjerde, neste, femte, nær</i>	6492
10	hudfarge	<i>hvit, mørkhudet, svart</i>	5846
11	situasjon rus	<i>full, beruset</i>	5604
12	ytringsrelatert	<i>ukjent, navngitt</i>	4913
13	helse	<i>skadet, blødende, såret, frostskaadet, hivsmittet, blind</i>	4626
14	personlege særdrag	<i>fri, myk, stolt, beskjeden, alvorlig, rolig</i>	4275
15	humør/stemning	<i>skuffet, glad, lettet, fornøyd, lykkelig, sinna, trist</i>	3625
16	personlege forhold	<i>betrodd, fremmed, fraseparert</i>	2657
17	moral	<i>farlig, edsvoren, hellig, ærlig, ond, slem</i>	2410
18	legning	<i>homofil, pedofil, homoseksuell</i>	2181
19	intelligens	<i>vis, gal, klok</i>	2055
20	nasjonalitet	<i>polsk, litauisk</i>	1975
21	tid	<i>tidlig, ny</i>	1843
22	vurdering norm	<i>vanlig, klassisk</i>	1575
23	negativt vurderte trekk	<i>brysom, mistenkelig, aggressiv, vanskelig</i>	1262
24	situasjon ulykke	<i>omkommet</i>	1213
25	andre pasienstypar	<i>slagen, avslørt</i>	1179
26	utsjånad	<i>blodig, skallet, skjeggete</i>	911
27	vald og krenking utøvar	<i>voldelig, truende, blodtørstig</i>	859
28	kostnad	<i>dyr, billig</i>	704

29	vald og krenking offer	<i>partert, knivstukket</i>	533
30	farge	<i>grønn</i>	464
31	evne	<i>rusten, nyttig, rutinert</i>	431
32	åtferdstrekk	<i>travel</i>	410
33	positivt vurderte trekk	<i>hjelpsom, høflig, sindig</i>	387
34	attraktivitet	<i>kjekk</i>	367
35	situasjon hell	<i>heldig</i>	288
36	kriminalitet fornærmet	<i>ranet</i>	208
37	politikk	<i>ekstrem</i>	173
38	interesse	<i>fartsglad</i>	97
39	drift	<i>øltørst</i>	87
	<b>Sum</b>	-	<b>240500</b>

## 6. Konkordansanalyse

### 6.1. Innleiing

I dette kapitlet tek eg utgangspunkt i forskingsspørsmål 3 og undersøker i kva grad adjektiv vert nytta ulikt eller får ulike konnotasjonar avhengig av kva for eit substantiv dei står til. Dette gjer eg gjennom ei kritisk lesing av 120 tilfeldig utvalde konkordanslinjer for kvart av adjektivkollokata *naken*, *stor* og *moden* (inkludert bøyingsformer), kombinert med *mann* eller *kvinne* (inkludert bøyingsformer). Til saman las eg 360 konkordanslinjer. Alle tre adjektiva er fleirtydige (polyseme). For adjektiva *moden* og *stor* viser eg korleis dei ulike tydingar viser seg i konkordansane. Adjektivet *naken* er utelukkande nytta i tydinga 'udekt, utan klede' i konkordansane. Her er det ikkje variasjon mellom tydingar som er interessant, men kva treffa kan seia oss om forhold ved produksjon og resepsjon.

Eg vil gjera greie for ordtydingar og diskursar som gjentek seg i materialet og illustrera med autentiske døme. Dei fullstendige konkordansane (60 tilfeldig utvalde linjer per frase) er lagde ved som tabell 17, 18, 19, 20, 21 og 22. Døma er annoterte med fraseinitialar (NK for «naken kvinne», SM for «stor mann» osv.) og linjenummer i den relevante tabellen.<sup>56</sup>

#### 6.1.1. Definisjonar

Som referansegrunnlag gjengir eg *Bokmålsordboka* og *NAOB* sine definisjonar på *naken*, *stor* og *moden*. Definisjonar som openbert ikkje er relevante for analysen, er haldne utanfor.

#### 6.1.2. Nokre ord om sjangrar og representativitet

Som tidlegare nemnt er ikkje «avisspråk» éin einskapleg storleik, men summen av språkbruken i dei teksttypene som står på trykk i aviser, og desse tekstene vert gjerne delte inn i ulike sjangrar (sjå 2.5. Avisspråket). Ein bør derfor merka at når eg nyttar ordet «avisspråk» i oppgåva er dette ein abstraksjon. I dei følgjande tre underkapitla vil eg skriva kort om kva sjangrar som dominerer i kvar konkordans. Merk at sjangeromgrepet er noko tvitydig (sjå 2.5.1. Sjangrar og emne). Når det er behov for å spesifisera, vil eg nytta omgrepa «emne» (t.d. film, krim, sport) og «teksttype» (t.d. reportasje, kronikk).

Den vanlegaste teksttypen i konkordansane for *naken kvinne* og *naken mann* var nyheitsartiklar og reportasjar om kriminalitet. I tillegg til dette var det mange innslag av

---

<sup>56</sup> Soleis viser «NK26» viser til *naken kvinne*, linjenummer 26 (sjå tabell 18).



kulturjournalistikk, særleg om kunst, og portrettintervju. Konkordansane for *stor kvinne* og *stor mann* innehaldt generelt mindre nyheitsjournalistikk enn konkordansane for *naken kvinne* og *naken mann*, men konkordansen for *stor mann* innehaldt forholdsvis mange tekster om emnet sport (nyheits- og kommentarstoff). Konkordansane for *moden kvinne* og *moden mann* innehaldt mange nyheitsartiklar med populærvitskapleg innhald og portrettintervju med kulturpersonlegheiter.

Det er rimeleg å gå ut frå at dei ulike søkjeorda «tving fram» forskjellige sjangrar i søkjetreffa. Ordet «moden» er sannsynlegvis nytta mindre i dei «saklege sjangrane» (reportasje, nyheitsartikkel, byråtelegram) og meir i dei personlege sjangrane (kronikk, debattinnlegg, portrettintervju). Ordet «naken» er stort sett nytta i éi tyding, og naken i tydinga 'udekt, utan klede' er ikkje i seg sjølv eit ladd ord. Det kan derfor brukast i dei «saklege sjangrane». Det er derfor ikkje overraskande at det er fleire nyheitsartiklar i konkordansane for *naken* (i båe kontekstar, dvs. «ADJ + *mann*» og «ADJ + *kvinne*») enn i konkordansen for *moden* (i båe kontekstar). Adjektivet *stor* kan nok seiast å vera i ei slags mellomstilling.

Det er nødvendig å løfta spørsmålet om representativitet. Som tidlegare nemnt er Norsk aviskorpus (bokmål) eit representativt bilete på språket i bokmålsavisene på nett (i perioden 1994-2022) på grunn av det store omfanget (sjå 3.2. Om Norsk aviskorpus). Det vil ikkje nødvendigvis seia at den følgjande undersøkinga er representativ for avisspråk generelt, eller eingong for språket i Norsk aviskorpus. Eg har granska 120 konkordansar for kvart av tre adjektiv; dette er eit lite materiale i den store samanhengen, og dess mindre utvalet er, dess større er sjansen for at eventuelle funn kan forklarast med tilfeldigeheiter. Når det gjeld reliabilitet, er konkordansanalyse ein høgst kvalitativ metode som er avhengig av tolking, og derfor sårbar for subjektiviteten til forskaren. Ein annan forskar som granska det same materialet ville sannsynlegvis fått auge på noko ulike ting sjølv om ho nytta dei same metodane.

## 6.2. Naken

Frasen *naken kvinne* (med bøyingsformer) gir 855 treff i bokmålsdelen av korpuset ved siste oppdatering (Norsk aviskorpus 2020b). Frasen *naken mann* (med bøyingsformer) gir 1649 treff. Adjektivet *naken* opptre oftare som kollokat til *mann*, men det er rimeleg å gå ut frå at det er distinktivt for *kvinne*, altså at det opptre oftare som kollokat til *kvinne* enn det ein skulle venta ut frå ei normalfordeling.<sup>57</sup>

---

<sup>57</sup> Når eg ordlegg meg på dette viset, er det fordi eg ikkje har gjennomført nokon distinktiv kolleksemanalyse med variablane *mann* og *kvinne* jamført med kvarandre. Adjektivkollokatet *naken* er distinktivt for *dame/kvinne* jamført med *mann* (G-verdi 121,4). Merk likevel at når ein jamfører *dame* og *kvinne*, er *naken* svært distinktivt for *dame* (G-verdi 1015,1).

### 6.2.1. Definisjon

*Bokmålsordboka* oppgir følgjande definisjonar på adjektivet *naken* (under «naken,» lese 6. april 2023):

1. uten klær, bar
2. udekt, snau
3. usminket, utilslørt

*Det Norske Akademis Ordbok* oppgir følgjande definisjonar (under «naken,» lese 6. april 2023):

1. (om person) som er uten klær
  - (om kroppsdel) bar
3. (overført) som er uten utstyr, pynt, dekke eller vanlig tilbehør; udekket
  - uten forskjønnende eller evaluierende elementer ; objektiv ; nøktern
  - utilslørt
  - reinspikka ; ren
  - uten hygge ; kald

### 6.2.3. Naken kvinne

Dei fleste tekstene i konkordansen kan kategoriserast som nyheitsartiklar om kriminalitet (typisk blotting eller innbrot) eller kulturjournalistikk. Kriminalitet og kunst var omtrent like vanlege tematikkar. Nokre frå linjer er frå nyheitsartiklar som diskuterer framstillingar av nakne kvinner i media. Eit par linjer er frå artiklar om sport, der ei kvinne viser seg naken for ein idrettsutøvar.

I alle linjene er ordet *naken* nytta i tydinga 'uten klær, bar'. I kontrast til *stor* og *moden* har ikkje *naken* ei eufemistisk tyding. Derimot er det interessant å sjå nærmare på kva konkordansen kan seia oss om forhold ved produksjon og resepsjon. Merk at *naken* er eit distinktivt kollekssem for *dame/kvinne* (sjå tabell 9, side 69).

*Tematikk: kunst eller porno:*

**NK13:** «[...] avgjørelse tatt ut fra estetiske hensyn. Sannheten er at han for lenge siden godkjente bildet av den **nakne kvinnen** under burkaen, et bilde han nå kaller for pornografisk og latterlig. Han sendte til og med bildet p [...]» (linje 13)

**NK14:** «[...]je gikk midt under forestillingen, teaterkritikere raste og de tyske tabloidavisene ryddet forsidene. **Nakne kvinner**, prostituerte, masturbasjon og penisser ble i overkant selv for liberale tyskere. ¶ Nå bringer Boye [...]» (linje

**NK15:** [...] Picassos "porno" ¶ Suksess. En kvinne studerer et av Picasso-bildene av en **naken kvinne** på utstillingen i Paris. Det er ikke mange år siden mange av bildene ble betraktet som pornografisk [...]

*Diskurs: menn kan ikke motstå nakne kvinner:*

**NK26:** «[...] rgan fått så god eksponering på det brede lerret som i disse dager, hevder avisa. - Når man viser en **naken kvinne** på film, går alle menn i sexmodus. Men for kvinner er det ikke slik. De ser en naken, gråtende mann[...]

**NK2:** «[...] irog og slår av en prat med en av de utstoppede sauene. Zetor er et topp sted for nordmenn på tur. ¶ **Nakne kvinner** og greske søyler ¶ MIDDAG FOR TO: Det sies at finnene er flinkere til å lage russisk mat enn russer[...]

**NK46:** «[...] nye høyder. Pornoforbruket i Norge har også økt kraftig. Fra et webkamerastudio i et annet land tar **nakne kvinner** norske menn med inn i en verden av erotiske fantasier. «CAMGIRL»: Alexandra (29) har jobbet foran w [...]» (linje 46)

I NK26 vert det hevda at «alle menn går i sexmodus» når dei ser ei naken kvinne på film, men at kvinner ikkje reagerer tilsvarande på nakne menn. I NK2 vert namnlause «nakne kvinner» sideordna med «greske søyler» (eit inanimat objekt). Dei nakne kvinnene er altså ein turistattraksjon som *nordmenn* 'må få med seg'. Fokusetninga i døme NK46 har ein interessant subjekt-objekt-struktur. «Norske menn» vert meir eller mindre passivt lokka eller dradd (av nakne kvinner) inn i «en verden av erotiske kvinner» av; *menn som ser på porno* får ein patiensrolle i setninga, mens nakne kvinner får ein agensrolle. I NK46 kan vi snakka om eit «fristerinne-motiv». Dei tre døma sett under eitt illustrerer ein diskurs om at menn ikkje kan motstå nakne kvinner.

*Diskurs: naken kvinne som metonymi for umoral:*

**NK52:** «[...] selv - tibetanernes åndelige leder, Dalai Lama. - Han er en frastøtende figur som holder selskap med **nakne kvinner**. Han er hverken en åndelig eller politisk leder. Jeg anser ham bare som en narr som gjør hva andre [...]

**NK5:** «[...] et velkjent faktum at Taliban er mot alkoholkonsum i enhver form og at de mener det er en synd å se **nakne kvinner**. ¶ Vi oppfordrer derfor alle kvinner til å løpe nakne rundt gjennom kontorene denne fredagen klokke [...]

I NK52 er «selskap med nakne kvinner» nytta som prov på Dalai Lamas umoral. Det implisitte premisset er at «nakne kvinner» er syndig og diskvalifiserande for ein åndeleg leiar. Døme NK5 er frå eit anonymt lesarbrev til Dagbladet, og gir eit døme på strategisk bruk av ein diskurs om

undertrykking av kvinneleg seksualitet. Baker har dokumentert slik strategisk bruk i (deiting-)annonser på Craigslist, der menn oppfordrar kvinner til å kasta frå seg sine seksuelle hemningar (ved å ha sex med dei) (Baker 2014, 187–89). I NK5 kan ein godt tala om seksualisering, men då opphavet er eit lesarbrev (som Dagbladets Fin Fredag-redaksjon omtalar som «besynderlig»)<sup>58</sup> kan det ikkje brukast som prov på seksualisering i norsk avisspråk.

*Tematikk: diskusjon av medieframstillingar av nakne kvinner:*

**NK42:** [...]stoppet ¶ Av Espen Bjerke ¶ Forbrukerombudet kan stoppe Dressmanns nye reklamekampanje som bruker en **naken kvinne** for å selge herreundertøy. ¶ Dressmann satser nå millioner av kroner på den største kampanjen i Dref[...]»

**NK24:** «[...]m slipper å ta kostnadene ved å reparere skaden. Det fører til samfunnsøkonomisk tap. Mediene elsker **nakne kvinner** ¶ Mediene har vært økende rause med oppmerksomhet til nakne kvinner. Noen med næringsvett i yrker s[...]»

#### 6.2.4. *Naken mann*

Dei fleste linjene i konkordansen, omtrent to tredjedelar, er henta frå nyheitsartiklar om kriminalitet, særleg blotting. Rundt fem linjer var henta frå nyheitsartiklar der den nakne mannen er offer for vald eller anna krenking. Eit par linjer var henta frå nyheitsartiklar om nakne menn som var hamna i ulykker.

Nett som i konkordansen for *naken kvinne* er tydinga 'udekt, utan klede' einerådande i konkordansen for *nakne mann*. Til forskjell frå konkordansen for *naken kvinne* fanst det i liten grad diskusjon om framstillingar av nakne menn i media (unntak: NM19). Diskursar om grensene mellom kunst og porno fanst også i konkordansen for *naken mann*, men var mindre vanleg enn i konkordansen for *naken kvinne*. Det fanst ingen «mannleg» motpart til fristerinnemotivet (sjå s. 90, «menn kan ikke motstå nakne kvinner»).

*Diskurs: 'naken mann som mat'*

**NM48:** «[...]get Ida Marias hardkjørrock og scenedeklareringer om at det " eneste jeg elsker mer enn hvalkjøtt er **nakne menn**". ¶ Nå ligger hun på en brisk backstage. Svettene renner, blemmete gitarfingre blør, men alt er ba[...]»

**NM38:** «[...]Nakne menn til frokost ¶ Tre **nakne menn** ødela frokost-konsentrasjonen på Jørpelandsholmen søndag morgen. Eg såg bare nakken på kånå. Hu sti[...]»

Døme NM48 er henta frå eit intervju med ein kvinneleg musikar. NM38 ser ut til å vera henta frå ei nyheitsreportasje med innslag av intervju. Overskrifta «Nakne menn til frokost» er ei humoristisk

58 Frå den utvida konteksten til konkordansen.

omskrivning der dei omtalte nakne mennene vert metaforisk reduserte til mat (sjå også «moden mann som mat», side 100).

*Tematikk: innbrot og seksuelle krenkingar*

**NM28:** «[...]Eldre kvinne vekket av **naken mann** ¶ Tingvoll (NTB): Den eldre kvinnen i Tingvoll våknet av en **naken mann** på soverommet. Skriket hennes gjorde at han flyktet ut gjennom vinduet. Den eldre kvinnen våknet na

**NM33:** «[...]NAKEN MANN I SENGA: Gifte Siv Gørbitz i Bergen Frp våknet opp med en **naken mann** i hotellsenga etter fylkesårsmøtet i Frp i fjor. Hun hevder partiledelsen sto bak spøken. I kveld e[...]»

I både NM28 og NM33 er dei nakne mennene omtala passivt, mens offeret er subjekt i setninga. I døme NM33 er emnet ei hending etter årsmøtet i eit FrP-fylkeslag, der ein mann la seg naken i senga til Siv Gørbitz. Siv Gørbitz er subjekt i setninga, mens den nakne mannen derimot er ikkje-namngitt og grammatikalsk passiv. Her er det også interessant å merka bruken av adjektivet «gift»; når Gørbitz' sivilstatus er markert, er det eit implisitt premiss at dette er relevant informasjon i denne samanhengen, og at ein kunne vurdert saka annleis om referenten ikkje var gift.

*Diskurs: 'naken mann som kuriositet'*

**NM41:** «[...]rituelt bad i går. ¶ bakgrunn ¶ Yre som femåringer før sommerens første bad hopper hundrevis av grå **nakne menn** opp og ned ved vannkanten. Der Ganges møter Yamuna og den underjordiske Saraswati, starter reisen t[...]»

**NM46:** «[...]t til Armageddon kommer. - Mange av dem kommer og ber i fjellsidene. Jeg har til og med sett en helt **naken mann** som gjorde noen ritualer der oppe, sier ordføreren. Innbyggerne i landsbyen klager også over at hus[...]»

*Diskurs: 'nakne menn er god underholdning'*

**NM8:** «[...]Sivertsen, ANB Marianne Riddervold. Nudist ble blikkfang i o-EM ¶ Ventspils (ANB-NTB): ¶ En splitter **naken mann** gjorde EM-stafetten i orientering ekstra minneverdig for de norske orienteringsjentene i helgen. Pu[...]»

**NM51:** «[...]fordi (delvis spoiler) man kan oppleve en splitter naken Bjørn Sundquist slåss med en annen splitter **naken mann** i forsetene på en bil (endelig ny nordnorsk nakenscene å trekke fram i tide og utide). Men fordi ma[...]»

## 6.5. Stor

### 6.5.1. Definisjonar

Bokmålsordboka (under «stor,» lese 23. mars 2023) oppgir følgjande definisjonar på adjektivet *stor*:

1. «motsatt liten», «svær, av betydelig omfang».

2. «betydelig, omfattende».
  - «viktig, vesentlig»
4. «som har høy (sosial) stilling»
5. «flott, fin»
  - «ikke smålig»
  - «ordentlig, riktig»
  - «full, hel»
  - «god»

I tillegg til definisjonane ovanfor, oppgir *Bokmålsordboka* det faste uttrykket «store og små», med betydninga «voksne og barn».

*Det Norske Akademi's Ordbok* oppgir følgjande definisjonar (under «stor,» lese 6. april 2023):

1. «som er av (forholdsvis) betydelig høyde, utstrekning eller omfang; som opptar, strekker seg over adskillig rom eller plass»
2. (poetisk) «høy»
3. «som har (forholdsvis) lang utstrekning i tid; lang; langvarig»
4. «som er kommet temmelig, forholdsvis høyt opp i barnealderen»
  - «voksen»
7. «som har (forholdsvis) betydelig styrke, grad kraft, intensitet e.l.»
8. (om person, institusjon eller foreteelse) «som har en høy eller høyt ansett (sosial) stilling»
  - «betydningsfull og/eller mektig person»
9. (om person) «stolt ; kaut ; kry»
  - «brautende; skrytende»
10. «betydelig i makt, evne, dyktighet, kvalitet e.l. ; navngjeten ; berømt»

Merk at korkje *Bokmålsordboka* eller *Det Norske Akademi's Ordbok* oppgir 'overvektig, tjukk' som definisjon på *stor*. Denne tydinga kan moglegvis reknast som del av definisjonane *stor* (1) i *Bokmålsordboka* og *stor* (1) i *NAOB*. Eg kjem attende til dette i avsnitt 7.3. Kva kan konkordansane seia oss?

### 6.5.2. *Stor kvinne*

Sjangrar som utmerkte seg var kulturjournalistikk og kommentar/debattinnlegg. Nokre få treff var frå nyheitssaker der konkrete store kvinner var omtala, men det var påfallande at konkordansen for *stor kvinne* hadde relativt få innslag av nyheitsjournalistikk. Godt over halvparten av treffa i konkordansen var fleirtalsforma «kvinner»; det ser altså ut til at *stor* oftare vert nytta om kvinner som gruppe enn individuelle kvinner. Til jamføring var forholdet om lag 1:1 mellom eintalsformer og fleirtalsformer av *kvinne* i korpuset som heilskap (sjå side 110).

Den vanlegaste tydinga i konkordansen var 'tjukk, tung'. Nesten like vanleg var tydinga 'viktig, mektig eller respektert'. I fem linjer tydde *stor* 'fysisk stor', men ikkje nødvendigvis 'tjukk, tung'. I éi av desse linjene såg *stor* ut til å ha tilleggstydinga 'sterk'. I to linjer fann eg tydinga 'av ein viss alder'.

*Tyding: 'tjukk, tung'*

**SK25:** «[...]så vanskelig. - Det var en tung ungdomstid. Å handle klær var krevende. Hun måtte gå på avdeling for **store kvinner**. Det var ikke moro for en ung jente. Hun hatet å gå i klesbutikker, sier Bodil. Resultatet ble at I[...]»

**SK10:** «[...]seg som dominobrikker. Fire fargede kvinner med store smykker og minimale gevanter har ankommet. ¶ - **Store kvinner** er sensuelle. Vi er sexy, sier Karina Thomas, og peker på søsteren Loretta. ¶ - Vi er ikke her for[...]»

I døma SK25 og SK10 kan «stor» bytast ut med «tjukk» eller «tung» utan at grunntydinga vert endra. Eg vil hevda at SK25 er døme på eufemistisk bruk av «stor», der «stor» er valt i staden for moglege synonym for å unngå negative konnotasjonar. Døme SK10 er heller døme på taktisk ordval. Talaren som står bak ytringa skildrar seg sjølv som ei «stor kvinne» med hensikt å endre haldningar mot store kvinner.<sup>59</sup>

*Tyding: 'mektig', 'viktig' eller 'respektert':*

**SK34:** «[...] behersker. " We play with two stoppers and three spisses ". Men i motsetning til veldig mange andre **store kvinner** og menn i dette landet slapp han å hoppe etter Bjørn Wirkola. Nils Arne Eggen trente Bjørn Wirkola.[...]»

**SK9:** «[...]kommer til en plass som dette, sitter på i følgebilen, og deretter sykler hun seg en tur. Hun er en **stor kvinne** som kan gjøre noe slikt, sier han. ¶ Avslapping ¶ Men det blir forandret når Armstrong legger opp. [...]»

---

59 Her har eg valt å sjølv nytta formuleringa «store kvinner». Nokre alternativ var «overvektige», «tjukke», «tyngre» eller «kraftige». Eg oppfattar «overvektige» og «tjukke» som negativt ladde, og «tyngre» og «kraftige» som i overkant eufemistiske. Når det ikkje finst noko ålment godteke ord som vert oppfatta som «ikkje ladd», har eg valt moderat eufemisme framfor negativ ladning.

Døme SK34 illustrerer ei vanleg overført tyding av adjektivet *stor*. Her er adjektivet nytta i tydinga 'høgt akta' eller 'som har gjort viktige ting'. Merk at subjektet i hovudsetninga er ein mann; det ser ut til at «store kvinner» i dette tilfellet er lagt til framfor «menn» for å skapa symmetri i uttrykket. Bruken i SK9 liknar, men er ikkje identisk. Her er samanhengen at eit intervjuobjekt (Lance Armstrong) uttrykkjer personleg vyrdnad overfor kona si – *stor* er soleis nytta i tydinga 'som talaren har respekt for'. Medan SK34 er ein påstand om sosial vyrdnad, er SK9 ei personleg vurdering.

*Tyding: 'Av ein viss alder':*

**SK33:** «[...]her framstår like frigide eller sexgale, tuslete og patetiske som de alltid gjør hos Weldon) så er "Store kvinner gråter ikke" et oppgjør med nittitallskvinner og - menn. Som, dette vet vi jo, bare tenker på seg [...]"»

**SK4:** «[...]lte 60 år sist høst, fikk vi debatten om hun virkelig var et handlekraftig ideal for vår tids små og store kvinner, eller om hun var et mistilpasset, asosialt og ulykkelig barn, som bare appellerte til medlidenhete[...]»

Tydinga 'av en viss alder' fanst i to av konkordansane for *stor kvinne*. Merk at i døme SK33 opptre frasen «store kvinner» i ein boktittel som har vorte feilsitert – den eigentlege tittelen er *Store jenter gråter ikke*, som i sin tur er ein allusjon til tropen «store gutter gråter ikke». I døme SK4 er «store» del av det faste uttrykket «små og store». Dermed vert det implisert at jenter er «små kvinner». Ut over desse merknadane er det lite ein kan generalisera ut frå desse to døma.

### 6.5.3. *Stor mann*

Sjangeren som utmerkte seg i størst grad var sportsjournalistikk. Den nest mest vanlege teksttypen var nyheitsartiklar om nyleg avdøde menn. Nokre få linjer var henta frå nyheitsjournalistikk med emna helse/livsstil og kriminalitet.

Den heilt klart vanlegaste tydinga var 'viktig, anerkjent eller berømt' (42 linjer). I fire linjer var *stor* tydeleg nytta som eufemisme for 'overvektig'. Denne tydinga var langt mindre vanleg i konkordansen for *stor mann* enn i konkordansen for *stor kvinne*. I sju linjer tydde *stor* 'fysisk kraftig og sterk', mens i fire linjer tydde *stor* 'fysisk stor, men ikkje nødvendigvis tjukk'.

### *I tydinga tjukk*

**SM29:** «[...]Sølvi gjør store menn mindre Av Anita Midtun (tekst og foto) Sølvi Skjørestad er mektig imponert. På sju uker er det blitt[...]»



**SM19:** «[...]o også en del nordmenn begynt å forstå sporten og lever ikke lenger i trua om at det bare er tjukke, **store menn** som springer inn i hverandre. En kulturbegivenhet ¶ Kjell Håvard Lorentzen fra Trondheim har spilt[...]

I døme SM29 er *store* nytta som eufemisme for *overvektige*. Ei alternativ formulering er «Sølvi gjør overvektige menn lettere». Grunntydninga er omtrent den same, men dei to uttrykksmåtane vekker ulike assosiasjonar. I døme SM19 opptrer *tjukke* og *store* saman i sideordna adjektivfrase (Faarlund, Lie, og Vannebo 1997, 409). Adjektivet *stor* er derfor ikkje nytta som eufemisme strengt teke, sidan tydinga *tjukk* er uttrykt direkte. Likevel finn eg det rimeleg å rekna med at «tjukke» og «store» viser til om lag same eigenskap i denne samanhengen.

*Fysisk stor, men ikkje nødvendigvis tjukk:*

**SM14:** [...]må dermed ha vært rundt 1.80. Det var langt etter datidens standarder. ¶ Foto: NIKU Skjelettet av en **stor mann** er funnet etter arbeid med en ny teknisk sentral i kirken. Mannen døde trolig på 1100-tallet. ¶ AST [...]

**SM51:** «[...]EBEKK (foto) TRONDHEIM (VG) - Jeg ser ikke fotografen. Men det gjør kanskje du, John? En liten og en **stor mann**. Latter. Gapskratt, som to smågutter som har hørt en litt-på-kanten-vits. EN LITEN OG EN STOR: Mini[...]

**SM52:** [...]under 1-1-kampen forrige uke. Møtet med den tidligere Arsenal-stjernen forbløffet ham: ¶ - Han er en **stor mann**. Jesus, han er enorm! Han er nesten to hoder høyere enn meg, sier han til Irish Mirror. Få med deg[...]

*Kraftig og sterk:*

**SM20:** «[...]til å perfektionere rollen. Det tar ikke lang tid før man glemmer at det skjuler seg en atletisk og **stor mann** under parykk, sminke og elegante klær. Eller, nesten glemmer. ¶ - Ved å blande kjønnene stiller du [...]

*Mektig, viktig eller respektert:*

**SM49:** «[...]loide måten boken er blitt markedsført på, ikke minst gjennom store oppslag i VG. Einar Førde var en **stor mann**, og jeg vil ikke bidra til å dra ham ned i slike greier. Det blir rett og slett for nedverdige. [...]

**SM34:** «[...]Amsterdam: ¶ Hvil i fred og takk for mye morro! Ivan, Oslo: En fantastisk epoke er over ¶ Det er en **stor mann** som nå sover ¶ Duoen Carlsen og Rike ¶ Mangler sin like ¶ Jeg glemmer deg aldri, jeg lover Ingunn ([...])

## 6.6. Moden

### 6.6.1. Definisjonar

*Bokmålsordboka* (under «moden,» lese 6. april 2023) oppgir følgjande definisjonar på adjektivet *moden*:

1. som er fullt utviklet, utvokst, ferdig til å spises
2. fullvoksen, livserfaren, ferdig, klar

*Det Norske Akademis Ordbok* oppgir følgjande definisjonar (under «moden,» lese 6. april 2023):

1. (om frukt, korn og om visse næringsmidler) som har nådd sin fulle utvikling, har fått sin riktige fylde, farge, smak | jf. fullmoden, overmoden, umoden
  - (om fenomen, foreteelse) fullt utviklet
2. (om person) som er fullt utviklet kroppslig (og mentalt) | jf. kjønnsmoden, åndsmoden; jf. også voksen
  - som har nådd en forholdsvis høy alder ; som inntreffer forholdsvis sent i livet
  - (om refleksjonsnivå, tankevirksomhet e.l.) som viser, er preget av full utvikling, livserfaring, sindighet

Merk at *moden* (NAOB, 1) er avgrensa til frukt, korn og visse næringsmiddel. Den er likevel attgjeven her, då eg vil argumentera for at denne tydinga er til stades som konnotasjon sjølv når ordet er nytta i andre tydingar. Merk at *Bokmålsordboka* ikkje skil mellom *moden* brukt om frukt og menneske; sjå *moden* (BOB, 1).

### 6.6.2. Moden kvinne

Den vanlegaste sjangeren såg ut til å vera kulturjournalistikk. Dette omfattar filmmeldingar, musikkmeldingar og portrettintervju med skodespelarar eller musikarar.<sup>60</sup> Andre teksttypar som var representerte var nyheitsartiklar om forbruksvanar og sport og kronikkar om sex/forhold.

Når konkrete (modne) kvinner vert omtala, er det oftast snakk om skodespelarar, musikarar, politikarar eller idrettsutøvarar. Når (modne) kvinner generelt vert omtala, er det gjerne i samanheng med sex og forhold, kvinnehelse eller forbruksvanar.

Den vanlegaste tydinga var *moden* som i 'eldre' eller 'godt vaksen', som var representert i 48 linjer. I 8 linjer ser *moden* ut til å tyda 'med livsfaring' eller 'intellektuelt utvikla'. I 3 linjer ser *moden* ut til å bety 'kroppslig mogen', 'kjønns mogen'. Eitt døme (MK43) var noko uklart.

*Tyding: 'eldre' eller 'godt vaksen'*

**MK28:** «[...]verdige om hva folk mener, og det er bare å håpe på at hun vil fortsette å utvide handlingsrommet for **modne kvinner**. Om Madonna hadde sluttet å vise seg lettkledd nå som kroppen forandrer seg hadde det passet perfekt[...]

Merk også at i dømet MK28 er det implisert at kjendiskvinner har eit ansvar overfor alle andre kvinner; dette kan kallast ein variant av diskursen om universelt søsterskap.

*Diskurs: 'unge menn har lyst på mogle kvinner'*

**MK37:** «[...]¶ - For kvinner derimot er det motsatt. Her stiger appetitten i takt med at de modnes. Unge menn og **modne kvinner** er likemenn i et seksuelt forhold på den måten at kvinnen vet hva hun vil, og at mannen gjerne bruk[...]

**MK1:** «[...]Forskning.no skriver i dag at jungelens glade gutter helst gjør det med **modne kvinner**. Alder betyr mindre når man kan finne seg ei ny dame over natten, og sjimpansehunner blir bare bedr[...]

I linje MK1 vert unge hannsjimpansar omtala som «gutter», mens hunnsjimpansar vert omtala som «modne kvinner». Dette er eit interessant døme på at åtferd i dyreriket vert tolka som stadfesting på ein høgst menneskeleg stereotypi.

*Tyding: 'intellektuelt mogen'*

**MK56:** «[...]ar uten unntak vært intellektuelt modne i forhold til alderen, bedyrer han. ¶ Jacks definisjon av en **moden kvinne** er at hun ikke insisterer på å gå til den neste klubben for enda en drink klokken halv tre om natte[...]

---

<sup>60</sup> Musikaren treng ikkje å vera kvinne – linje MK9 omhandlar ein ung, mannleg musikar som har skriva ein «musikalsk hyllest» til «modne kvinner».

**MK26:** «[...]har hun lagt det musikalske stoffet sitt i hendene til Odd Børretzen-kompanjong Myhre. - Kaia er en **moden kvinne**, både musikalsk og tekstmessig. Det virker som om mange forutsetter at unge kvinner ikke har fått e[...]»

I døma MK56 og MK26 er adjektivet *moden* nytta for å visa til livserfaring og mental utvikling. Eigenskapen «modenheit» er tilsynelatande ikkje bestemt av alder. I linje MK56 vert ei (intellektuelt) moden kvinne definert (av «Jack») som ei kvinne som «ikke insisterer på å gå til den neste klubben for enda en drink klokken halv tre om natte[n]». I denne uttrykte definisjonen er det åtferd som er det avgjerande. I linje MK26 er referenten moden «musikalsk og tekstmessig», dvs. ho skriv musikk og tekst som signaliserer visdom og livserfaring. Det er altså mogleg for ei kvinne å vera *moden* gjennom åtferd og personlege eigenskapar, og ikkje i kraft av alder.

*Uklar tyding:*

**MK43:** «[...]Døving får spesielt Hadia Tajik mye oppmerksomhet som en person som forener det å være en liberal og moden kvinne og muslimskhet. - Hadia Tajik er en de mener taler med to tunger. Det er et manipulert bilde som er[...]»

Det er vanskeleg å avgjera nett kva *moden* vil seia i denne samanhengen. Konteksten er ein artikkel der Cora A. Døving, forskar ved Holocaustsenteret, forklarar kva slags rolle Arbeidarpartiet har i høgreekstreme konspirasjonsteoriar.<sup>61</sup> Eitt forslag til tolking er at *moden* vil seia 'eldre' eller 'godt vaksen', men dette verkar ikkje sannsynleg, då Hadia Tajik var 34 år gamal ved publiseringstidspunktet til artikkelen (17. mars 2018) – ei heller er det noka motseiing mellom det å vera 34 år gamal og «muslimskhet». Det er meir sannsynleg at *moden* vil seia noko sånt som 'sindig' eller 'sjølvstendig tenkande' i denne samanhengen. I alle høve er det, i det høgreekstreme verdsbiletet slik Døving skildrar det, ei oppfatta motseiing mellom å vera *moden kvinne* og muslim.

### 6.6.3. *Moden mann*

Ein vanleg teksttype i konkordansen for *moden mann* var nyheitsartiklar innanfor feltet «helse, sex og samliv». Andre vanlege sjangrar var portrettintervju (gjerne med musikarar eller politikarar) og artiklar om kultur (filmmeldingar, konsertmeldingar). Nokre få linjer var henta frå nyheitsartiklar om økonomi, sport og kriminalitet.

Dei aller fleste tilfella av *moden* var med tydinga 'eldre eller godt vaksen'. Det såg ut til at adjektivet stort sett var nytta med positiv eller nøytral ladning. I nokre få døme (~6 linjer) vert

---

61 Artikkelen er henta frå Dagbladet, 17. mars 2018 (Norsk aviskorpus 2020a). Full kontekst tilgjengeleg på: <https://clarino.uib.no/korpuskel-classic/document-element?session-id=255021122849649&cpos=1773479111&corpus=avis-plain>.

*moden* nytta i tydinga 'med livserfaring' eller 'som viser sofistikasjon'. I nokre få døme (~4 linjer) er *moden* tydeleg kontrastert med *ung*.

Det heilskaplege biletet er at *moden* i konteksten «ADJ + *mann*» er nytta med same tydingar som i konteksten «ADJ + *kvinne*». Det er 'eldre, godt voksen' som er den dominerande tydinga. I både kontekstane er *moden* stort sett nytta med positive konnotasjonar. Seksuelle undertonar var noko meir iaugefallande i *kvinne*-konkordansen. I den grad *moden mann* hadde seksuelle undertonar, tok det form av den objektifiserande metaforen «modne menn er mat».

*Tyding: 'eldre eller vaksen'*

**MM32:** «[...]emlighet er et svulstig ord. Særlig på denne tiden av året. Da forandres jeg fra å være en hyggelig, **moden mann** til å bli sur, gammel gubbe. Det skyldes all støyen og overfladiskheten fra høytiden som er mer for[...]»

**MM48:** «eskyttede servere, sier Lars Wilberg. ¶ Avslør aldri identitet ¶ 13 år gamle jenter har hatt sex med **modne menn** som de har opprettet kontakt med via pratekanaler på internett. Fra Finland finnes eksempel på at e»

**MM33:** «[...]n at det var planlagt. Mannen hadde kontakt med jentene over flere uker. Retten påpeker at han er en **moden mann** som er etablert i arbeidslivet og har et ordnet familieliv. Retten finner det straffskjerpende at h[...]»

I linje MM32 vert frasen «hyggelig, moden mann» kontrastert med «sur, gammel gubbe». Her er det eit intervjuobjekt som skildrar seg sjølv, og ymtar om at han heller vil vera ein «moden mann» enn ein «gammel gubbe». *Moden* vert soleis stilt opp som det positivt ladde alternativet til *gammel*. I linje MM48 synest det ikkje rimeleg å skildra valet av *moden* som eufemistisk. Ordvalet synest heller å retta merksemd mot den kroppslege ulikskapen mellom «13 år gamle jenter» og dei «modne» mennene, samtidig som aldersforskjellen vert noko tilslørt. I linje MM33 er «moden» eit interessant ordval. Her er det nytta i tydinga «godt vaksen», og kopla saman med å vera «etablert i arbeidslivet» og ha «et ordnet familieliv». *Moden* får dermed ei positiv ladning som strir med den alvorlege tematikken i nyheitssaka. I både MM48 og MM33 kan det argumenterast for at ordvalet *moden* bidrar til å skapa ein ufarleggjerande tone.

*Diskurs: 'modne menn er mat'*

**MM44:** «[...]Nå bugner det av **modne menn** på byen! (Pass på at du ikke ender opp med en uspiselig sopp) ¶ Ukens stripe byr på en one-night-st[...]»

**MM25:** «[...]m selv. For slik er det ikke lenger. Selv blant jevnaldrende kvinner er det mange som opplever at de **modne mennene** har gått ut på dato som mulige partnere. Denne trenden er sannsynligvis heller ikke spesielt positi[...]»

I linje MM44 vert *modne menn* metaforisk samanlikna med mat, som ein kan plukka fritt av. Metaforen er gjort eksplisitt gjennom åtvaringa mot å enda opp med «en uspiselig sopp». Merk verbet *bugne*, som typisk (men ikkje utelukkande) er nytta om mat, særleg frukt (*NAOB*, under «bugne,» 2, lese 15. mai 2023). Linje MM25 kan også lesast med dette perspektivet; «de modne mennene» kan gå ut på dato som gamal frukt. Likevel bør vi vakta oss for å lesa for mykje ut av dette, då den overførte tydinga av å «gå ut på dato» kan brukast i fleire samanhengar; Bokmålsordboka nemner både «holdninger», «infrastruktur» og «dataprogram» som døme på ting som kan «gå ut på dato» i overført tyding (*Bokmålsordboka*, under «gå ut på dato,» lese 15. mai 2023). I alle høve er matmetaforen eit ganske konkret døme på objektivering, det vil seia at («modne») menn vert omtala som objekt.

*Diskurs: 'unge kvinner vil ha modne menn':*

**MM5:** «[...]jig av den eldre sorten. Noen mener det dreier seg om søken etter en farsfigur. ¶ - Jeg vil kalle dem **modne menn**, sa Celina til NRK i 1999. ¶ - De har mye klokskap og kompetanse. Som rådmenn er de fantastiske. Me[...]»

**MM18:** «[...]jigger på samme nivå som hos menn midt i 40-årene. Forskere tror dette er en av grunnene til at mange **modne menn** og unge kvinner finner hverandre. VG grafikk \* HVERDAGSMAS. Kvinners kjønnsdrift er mer påvirkelig[...]»

I fire av konkordanslinjene var temaet modne menn i forhold med yngre kvinner. Dei to linjene ovanfor føreslår ulike forklaringar på denne typen forhold (og det er eit usagt premiss i båd linjene at forhold mellom «modne» menn og yngre kvinner er utbreidd nok til at det treng ei forklaring). I linje MM5 er søking etter farsfigur føreslått som forklaring, mens det i linje MM18 vert vist til biologiske (kroppslige) forskjellar mellom kvinner og menn – artikkelen handlar om forskjellen mellom «mennis» og «kvinner» kjønnsdrift.

## 6.7. Oppsummering

### 6.7.1. Naken

Adjektivet *naken* var utelukkande nytta i tydinga 'utan klede'; her var det ingen variasjon mellom konkordansane. I konkordansen for *naken kvinne* fanst det fleire tekster som diskuterte objektivering av kvinner i media og kulturen. Denne diskursen fanst ikkje på same måte i konkordansen for *naken mann*. Det tydelegaste dømet på objektivering i konkordansen for *naken*

*kvinne* var ei overskrift der «naken kvinne» var sideordna med «greske søyler». Dette var derimot ikkje eit mønster. I konkordansen for *naken mann* fanst det objektifiserande motivet 'naken mann som mat' (som kan sjåast i samanheng med 'moden mann som mat'), men dette dominerte ikkje i konkordansen. I det store biletet var ikkje adjektivet *naken* nytta i direkte objektifiserande diskursar i materialet mitt. Det er likevel noko problematisk å sjå etter objektifisering i konkordansar for ordet *naken* utan annan relevant kontekst, til dømes eventuelle biletoppslag. Det er også verd å merka at *naken* er eit distinktiv kollekssem for *dame* jamført med *kvinne*, og for *dame* og *kvinne* sett under eitt og jamført med *mann*.<sup>62</sup> Både nakne kvinner og nakne menn er ofte omtala i norske aviser, men nakne kvinner relativt oftare.

### 6.7.2. *Stor*

Adjektivet *stor* i tydinga 'tykk, tung' var vanlegast for *kvinne*. Tydinga 'kraftig, sterk' var noko vanlegare for *mann* enn for *kvinne*, men ganske sjeldan i både konkordansane. Tydinga 'anerkjent, viktig' om *kvinner* såg ut til å vera noko meir brukt om historiske kvinner, mens *store menn* i større grad var sportsutøvarar som vart omtala i samband med idrettsbragdar. 'Anerkjent, viktig' var den dominerande tydinga i konkordansen for *stor mann*.

Det er interessant å merka seg at det ikkje fanst noko døme på *stor mann* i tydinga «vaksen», mens denne tydinga fanst i to av konkordansane for *stor kvinne*. Om det skulle vera slik at «*stor* ('vaksen') *kvinne*» vart nytta mykje meir enn «*stor* ('vaksen') *mann*», kunne det tyda på at frasen «*stor* ('vaksen') *kvinne*» er meir akseptabel enn frasen «*stor* ('vaksen') *mann*». I så fall kunne det tolkast som at grensa mellom *jente* og *kvinne* er oppfatta som meir ullen enn grensa mellom *gut* og *mann*. Her har eg likevel ikkje nok grunnlag til å trekkja nokon konklusjon i eine eller andre retninga.

### 6.7.3. *Moden*

Dei to konkordansane sett ser ut til å stadfesta ein stereotypi om at «yngre kvinner vil ha modne menn og yngre menn vil ha modne kvinner». Dei yngre kvinnene vil ha «modne menn» fordi dei er (eller vert oppfatta som) intellektuelt modne. Yngre menn vil ha eldre kvinner fordi dei er (eller vert oppfatta som) seksuelt erfarne. Modne kvinner og modne menn vil ha (høvesvis) yngre menn og yngre kvinner. I både konkordansane vart *moden* nytta i tydinga 'eldre' eller 'godt vaksen' med ei positiv ladning. Dette var den dominerande tydinga i både konkordansane. Den positive ladninga kan sjåast i samanheng med ei grunntyding som vert nytta om frukt, korn osv. ('klar til å etast').

<sup>62</sup> I kollekssemanalysen for *dame/kvinne* og *mann* hadde *naken* ein klar preferanse for *dame/kvinne* med ein G-verdi på 121,4. *Naken* er likevel ikkje blant dei 50 mest distinktive adjektivkollekssema for konteksten «ADJ + *dame/kvinne*» og derfor ikkje med i tabell 9.

## 7. Diskusjon

I dette kapittelet vil eg byggja vidare på utgreiingane i tidlegare kapittel, og diskutera korleis funna kan tolkast i lys av kvarandre og i lys av relevant teori. Først vil eg diskutera kva rangeringa av dei semantiske kategoriane kan fortelja oss, før eg går vidare til å diskutera forskjellane innanfor dei semantiske kategoriane. Deretter vil eg diskutera korleis konkordansanalysen bør forståast i lys av feministisk språkteori og det vi veit om avisspråk. Til slutt vil eg diskutera kva funna i undersøkingane kan seia oss om språket i avisene, og kva rolle avisspråket spelar i å skapa og reprodusera ideologiske førestillingar om kjønn.

### 7.1. Kva kan rangeringa av semantiske kategoriar fortelja oss?

Her vil eg diskutera kva som kan lesast ut rangeringa av dei semantiske kategoriane av adjektivattributt. Eg vil først diskutera rangeringa av *dame*-kategoriane jamført med *kvinne*, deretter *dame* og *kvinne* under eitt jamført med *mann*. Variasjon i adjektivbruk innanfor dei semantiske kategoriane vil venta til avsnitt «7.2. Variasjon innanfor semantiske kategoriar».

#### 7.1.1. Dame jamført med kvinne

Om vi vender attende til definisjonane frå Bokmålsordboka, kan vi jamføra funna med definisjonen av *dame* som «(voksen) kvinne» (Bokmålsordboka, under «dame»). I ordboka er *dame* og *kvinne* definert som nærsynonym, og baa to orda kan ofte brukast om ein og same referent i røynda. Likevel er dei ikkje utskiftbare i alle situasjonar. Vi kan illustrera dette med adjektiva *trivelig* og *savnet*, som er distinktive kollekssem til kontekstane *dame* og *kvinne*.

- a) Hun er en veldig trivelig dame
- b) ?Hun er en veldig trivelig kvinne
- c) Turgåer fant savnet kvinne (50)
- d) ?Turgåere fant savnet dame (50)

Dei fleste med norsk som morsmål vil nok godta døme a) utan å reagera. Døme b) høyrer derimot noko unaturleg ut. Ei mogleg forklaring er at setninga uttrykkjer ei personleg vurdering. I døme a) er det samsvar mellom kjerna (*dame*) og attributtet (*trivelig*) i predikatet (*trivelig dame*). I døme b) oppstår det dissonans fordi *trivelig* høyrer til det personlege stilnivået, mens *kvinne* synest å høyra til det upersonlege. Døme d) er grammatisk haldbar og har eit forståeleg innhald, men er pragmatisk



tvilsam. Det er ikkje grammatiske restriksjonar som gjer frasen *trivelig kvinne* tvilsam og frasen *savnet dame* nokså uakseptabel – forklaringa er heller den diskursive konteksten dei inngår i. Konteksten «nyheitssak om ulykke eller forsvinning» krev den «upersonlege» varianten *kvinne*, slik at den «personleg koda» varianten *dame* vil høyrast feilplassert ut.

I nyheitssaker om ulykker, dødsfall eller kriminalitet, der namnet på referenten er ukjent eller referenten er anonym, vil *kvinne* verta nytta framfor *dame* i så å seia alle tilfelle. Også i saker som omhandlar kriminalitet der offeret eller tiltalte er ei namngitt kvinne, vert *kvinne* nytta heller enn *dame*. Ei mogleg forklaring på dette er at *dame* er for kvardagsleg til å passa i omtaler av kriminalitet. Nyheitssaker om ulykker og kriminalitet er det mange av i avisene, og preferansen for *kvinne* framfor *dame* gjeld for nyheitsspråk generelt. I bokmålsdelen av aviskorpuset som heilskap er *dame* nytta langt mindre enn *kvinne*, med eit storleiksforhold på 1:9,6.<sup>63</sup>

For ein peikepinn på korleis teksttypene i eit korpus spelar inn på frekvensane til *dame* og *kvinne*, kan ein jamføra frekvensane i Norsk aviskorpus med frekvensar frå HaBiT-korpuset og Leksikografisk bokmålskorpus. HaBiT-korpuset er bygd opp med automatisk innsamla tekst frå nettet og omfattar fleire tekstsjangrar enn aviskorpuset. Korpuset er lemmatisert med Oslo-Bergen-taggeren, slik at søk på ei grunnform også gir treff på bøyingsformer («To nye, store webkorpus for nynorsk og bokmål» 2017). Eit enkelt søk på *dame* og *kvinne* i HaBiT gir 143,358 treff på *dame* og 402,066 treff på *kvinne*, altså eit storleiksforhold på om lag 1:2,8.<sup>64</sup> Tilsvarende søk i Leksikografisk bokmålskorpus gir 10 687 treff på *dame* og 51 984 treff på *kvinne*, altså eit storleiksforhold på om lag 1:4,9. Som vi ser er *kvinne* nytta langt oftare enn *dame* i alle tre korpusa, men frekvensforskjellen mellom *dame* og *kvinne* i aviskorpuset er langt meir ekstrem enn i dei to andre. Det er sannsynleg at teksttype er ein viktig del av forklaringa. Både HaBiT og Leksikografisk bokmålskorpus inneheld noko avistekst, men andre teksttypar er også representerte, til skilnad frå Norsk aviskorpus.

Det er naturleg å trekkja parallellar til Lakoffs analyse av skiljet mellom *lady* og *woman*. Ordparet *dame* og *kvinne* har til felles med ordparet *lady* og *woman* at dei to orda ikkje er kan bytast ut med kvarandre i alle samanhengar. Samtidig svarer ikkje *dame* fullstendig til engelske *lady*. Som nemnt tidlegare oppgir Lakoff følgjande setning som døme på ein situasjon der *woman* ikkje utan vidare kan skiftast ut med *lady*:

---

63 Søk på *dame* og *kvinne* i alle bøyingsformer gir høvesvis frekvensane 28 802 og 275 802. Regulære søkjeuttrykk: «"dame|dama|damen|damer|damene" %c» og «"kvinne|kvinna|kvinnen|kvinner|kvinnene" %c». Søk gjennomført i Norsk aviskorpus (bokmål) 10. februar 2023.

64 Søkjeuttrykk, ikkje regulært: «dame» og «kvinne».

She's my woman, see, so don't mess around with her.

\*lady

På norsk kunne ein kanskje uttrykt omtrent det same med setninga:

Ho er dama mi, skjønar du, så ligg unna ho.

\*kvinna

Her kan ikkje *dame* utan vidare bytast ut med *kvinne*, av di *kvinne* høyrer til eit upersonleg register. Merk at Bokmålsordboka oppgir 'kvinnelig kjæreste' som ein av definisjonane på *dame* (s.v. «dame (3),»). Dette forklarar korfor adjektivet *ny* er distinktivt kollokat for *dame*, som i "han har fått seg ny dame". Lakoffs hypotese om *lady* som eufemisme har mykje føre seg, men han kan ikkje overførast direkte på *dame* og *kvinne* sjølv om det finst nokre parallellar. Det vi kan stadfesta med utgangspunkt i dei semantiske kategoriane som assosierte med *dame* og *kvinne* er at *dame* er meir kvardagsleg og personleg, mens *kvinne* er meir upersonleg.

### 7.1.2. Dame og kvinne jamført med mann

Vi har sett at kategorien NASJONALITET rangerer øvst for *dame/kvinne* og på 20. plass for *mann*. Ei mogleg forklaring på denne forskjellen er at når ein omtalar menn av ein viss nasjonalitet er det vanleg å bruka substantiv (*nordmann*, *polakk*), mens nasjonalitet for kvinner stort sett vert markert med nasjonalitetsmarkerande adjektiv (*norsk kvinne*). Dette vil også seia at ord som *nordmann*, *polakk* og *pakistanar* oftast vert tolka som 'norsk mann', 'polsk mann' og 'pakistansk mann' når kjønnet på referenten ikkje er spesifisert. Det er interessant å merka seg at adjektivkollokata *polsk* og *litauisk* er distinktive kolleksem for *mann*, og det er ikkje urimeleg å gå ut frå at polske og litauiske kvinner er relativt lite omtala i avisene.

Kategorien SVANGERSKAP er blant dei mest frekvente for *dame/kvinne*, men dekkjer ingen av dei distinktive adjektivkollokata for *mann*. Dette kan forklarast med «naturlege grunnar», då langt dei fleste menn ikkje har evna til graviditet, og difor i liten grad vert omtalt som gravide.

Adjektiv i kategorien EVNE har høgare frekvens for *dame/kvinne* (1986) enn *mann* (431), sjå tabell 13 og 14 på høvesvis side 83 og 85. Dei distinktive evne-adjektiva for *dame/kvinne* inkluderer adjektiv som *dyktig*, *kvalifisert*, *selvstendig*, *driftig*, *synsk*, *kompetent*, *flink* – adjektivet *synsk* skil seg ut frå dei andre ved at det har ei overnaturleg tyding. Dei andre har til felles at dei helst fungerer som ros, og kan gjerne setjast i samanheng med klisjéen om «sterke kvinneskikkelser» (Uri 2018, 330). Ifølgje Uri bidrar denne typen ros-ord til å understreka ubalansen som finst mellom kjønna: om «sterke kvinner» skriv ho at det «er et uttrykk som snarere enn å vektlegge kvinners styrke og

kompetanse understreker kvinners underlegne posisjon og dermed behovet for verbal oppbakking» (Uri 2018, 330). Ho hevdar derfor at den utbreidde bruken av frasar som «sterk kvinne» og «selvstendig kvinne» bidrar til å understreka kvinner si underordna stilling. Sagt på ein annan måte bidrar formuleringar som dette til å reprodusera ein ideologi om at menn og kvinner er vesensforskjellige og at *sterk*, *selvstendig* og *tøff* er eigenskapar som vanlegvis høyrer til menn, og berre unntaksvis til kvinner. Dette er ei mogleg forklaring på at adjektiva i EVNE-kategorien (inkludert *flink*, *kompetent*, *tøff*) er langt meir typiske for *dame* og *kvinne* enn *mann*. Om kvinner og menn møtte dei same forventningane i samfunnet, skulle ein forventa at slike vurderande adjektiv vart nytta om kvinner og menn i omtrent like stor grad.

Det er tydeleg at adjektiv som har å gjera med kriminalitet, vald og innehaving av våpen er langt meir assosierte med substantivet *mann* enn *dame* og *kvinne*. Dette skulle ikkje vere særleg overraskande, all den tid dei fleste som vert straffa for brotsverk er menn, og menn generelt utfører grovare brotsverk enn kvinner (Statistisk sentralbyrå 2018b). Menn (særleg unge menn) er oftare ofre for generell valdskriminalitet, medan kvinner langt oftare vert utsette for seksualisert vald og andre seksuallovbrot (Statistisk sentralbyrå 2021).<sup>65</sup> For å låna ei formulering frå Pearce, er kriminalitet ei overveldande mannleg aktivitet (Pearce 2008, 9). Det er derfor ikkje overraskande at dette er reflektert i omtala av menn og kvinner i aviskorpuset.

Det må påpeikast at rangeringa av kategoriar ikkje gir eit fullstendig bilete. Kategorien KLEDE er til dømes på 7. plass på *dame/kvinne*-lista og på 8. plass på *mann*-lista. Eit einseitig fokus på rangeringa av kategoriane tilslørar store forskjellar innanfor kategoriane. Som vi vil sjå i neste avsnitt, er det nokså ulike KLEDE-adjektiv som er assosierte med *dame/kvinne* og *mann*.

## 7.2. Variasjon innanfor semantiske kategoriar

Sidan kategorien YRKE berre inneheld adjektiv som er distinktive for *kvinne*, og ingen adjektiv som er distinktive for *dame* (jamført med *kvinne*) eller *mann* (jamført med *dame/kvinne*) er det ikkje mogleg å bruka resultata for å jamføra kva slags yrke som mest typisk er nemnde for kvinner kontra menn. Dei fleste av dei distinktive adjektiva i denne kategorien viser ikkje til noko bestemt yrkestittel, men heller forhold til yrkeslivet (*deltidsarbeidende*, *X-ansatt*). Unntaket er *prostituert*, og det er ikkje reint uproblematisk å kategorisera prostitusjon som eit yrke.<sup>66</sup> Årsaka til at det ikkje finst fleire adjektiv i denne kategorien er at det ikkje er vanleg å markera yrkestitlar med adjektiv på

65 Her nyttar eg uttrykka «generell valdskriminalitet» og «seksualisert vald» for å markera at seksuallovbrot og valdskriminalitet ikkje er gjensidig utelukkande kategoriar.

66 Her vil eg ikkje ta stilling for eller mot det eine eller andre standpunktet i ordskiftet om «sexarbeid». Eg har uansett plassert *prostituert* i den semantiske kategorien YRKE, då dette er den kategorien som passar best innanfor systemet mitt.

norsk, og dei fleste norske yrkestitlar er ikkje knytt til noko avleia adjektiv. Eit mogleg unntak her er *prest* og *presteleg* (bokmål: *prestelig*), men dette adjektivet vert ikkje nytta for å markera yrkestilhøyrse. NAOB oppgir tydinga 'som tilhører, tilkommer eller er egen for en prest (NAOB, under «prestelig,» lese 2. mai 2023). Ein kvinneleg prest går derfor i *presteleg drakt*, og kan godt også vera ei *presteleg kvinne* (ha eigenskapar som er typiske for ein prest), men om ein skal slå fast at ho er prest av yrke, må ein nok lita på substantivet *prest*. Når kjønn vert spesifisert for yrkesmenneske, er det derfor gjerne med kjønnsmarkerande adjektiv (*mannleg*, *kvinneleg*), samansetjing med kjønnsmarkert etterledd (*-mann*, *-kvinne*) eller avleieing suffiks (*-inne*, *-erske*) (Gjengedal 2021, 11–15). Det er stort sett hokjønn som vert markert med adjektiv og suffiks, og Uri har hevda at «[v]i markerer hunkjønn, men anser hankjønn for å være umarkert og kjønnsnøytralt» (Uri 2018, 208). Ein nyttar derfor gjerne den kjønnsmarkerande frasen *kvinneleg prest*, men ikkje *mannleg prest*.

Som tidlegare nemnt rangerer kategorien KLEDE nokså likt for *dame/kvinne* og *mann*. Ei jamføring av adjektiva innanfor kategorien viser nokså store forskjellar. Dei sju mest distinktive KLEDE-adjektiva for *dame/kvinne* er *toppløs*, *halvnaken*, *hijabkledd*, *burkakledd*, *niqabkledd*, *naken* og *bikinikledd*. Dei mest distinktive KLEDE-adjektiva for *mann* er *maskert*, *dresskledd*, *uniformert*, *mørkkledd*, *sivilkledd*, *svartkledd*. Alle klede-adjektiva som er særleg assosierte med *dame* og *kvinne* viser til muslimske plagg eller ulike gradar av nakenheit. Fire av dei sju adjektiva viser til spesifikke plagg. Blant adjektiva for mann er det berre eitt som viser til eit spesifikt plagg (*dresskledd*). *Uniformert* og *sivilkledd* har å gjera med militæret eller politi, medan *maskert*, *mørkkledd* og *svartkledd* sannsynlegvis opptrer mest i nyheitssaker om kriminalitet. Vi kan formulera hovudskilnaden slik: Når kvinner vert omtala i avisene med KLEDE-adjektiv, er det typisk snakk om muslimske kvinner eller nakne kvinner. Elisabeth Hagen har hevda, basert på ei kvalitativ gransking av avismateriale frå 1995, har hevda at «innvandrankvinnene» i dei norske avismedia ofte vert omtala som offer (2000, 125–26). Det er ikkje usannsynleg at kvinnene som vert omtala med adjektiva *hijabkledd*, *burkakledd* og *niqabkledd* ofte inngår i offerdiskursar. På den andre sida er mennene som vert omtala med KLEDE-adjektiv assosierte med makt og status (*dresskledd*), det repressive statsapparatet (*uniformert*, *sivilkledd*) eller kriminalitet (*maskert*, *mørkkledd*).

### 7.3. Kva kan konkordansane seia oss?

Konkordansanalysen som metode er avhengig av subjektiv tolking, og utvalet er nødvendigvis mindre representativt enn i dei to føregåande undersøkingane. Funna kan med ein viss rett reknast som representative for måten *naken*, *stor* og *moden* er nytta på i bokmålsaviser på nett mellom 1994

og 2022, men kan ikkje generaliserast. Ein bør også ha i hug at søkjeorda «tvingar fram» nokså forskjellige teksttyper. Adjektivet *naken* er ikkje i seg sjølv verdiladd, og kan derfor brukast i det saklege tekstregisteret. Adjektiva *moden* og *stor* er delvis eufemistiske og delvis verdiladde, og opptrer derfor sjeldnare i nyheitsartiklar, pressemeldingar og byråtelegram.

### 7.3.1. *Nakne kvinner og menn*

Nokre få av døma på *naken kvinne* inngjekk i metadiskusjon om framstillingar av nakne kvinner i media (sjå side 91). Tilsvarende metadiskusjon kan ikkje dokumenterast med konkordansane for *naken mann*. Ei mogleg forklaring (basert på intuisjon) er at omfanget av objektivering av menn i media er mindre, og derfor ikkje inviterer til metadiskusjon i like stor grad.

Då eg valde å granska konkordansane til *naken kvinne* og *naken mann* var det delvis med ei forventning om at kvinner vert meir seksualiserte i aviser enn menn, og at dette ville koma språkleg til uttrykk i konkordansane. Empirien svara ikkje heilt til forventningane; jamføringa av konkordansane til *naken kvinne* og *naken mann* har ikkje gitt grunnlag for å hevda at nakne kvinner og nakne menn vert omtala svært forskjellig i norske nettaviser. Seksualiserte framstillingar av kvinner samanlikna med menn i norsk aviser må nok undersøkjast frå andre vinklar og med andre metodar. Likevel er det rimeleg å seia at nakne kvinner og menn (særleg kvinner!) er svært «nyheitsverdige», og det ser ut til at nakenheit ofte er eit tilstrekkeleg kriterium for at ei sak skal ha nyheitsverdi (sjå 2.1.2. Språk og kjønn i norske aviser).

### 7.3.2. *Modne kvinner og menn*

Adjektivet *moden* er eit nærsynonym til *eldre*, *gammel* og *godt vaksen*, og kan i dei fleste samanhengar bytast ut med dette. Likevel er det ikkje likegyldig kva for eitt ein vel å bruka i ein gitt samanheng, sidan kvart av orda har ein eigen assosiativ og kjenslemessig komponent. Det er derfor interessant å gjera nokre gissingar om kva slags forhold som styrer valet av det eine nærsynonymet framfor det andre.

*Moden* har nokre konnotasjonar som *gammel* og *eldre* ikkje har. Kva for ein av desse assosiasjonane som styrer ordvalet, er avhengig av kontekst. *Moden* konnoterer livserfaring, seksuell verdi og visdom. Generelt kan ein seia at *moden* er ein meir «positivt ladd» variant enn *eldre* og *gammel*. Valet av ordet *moden* framfor nærsynonym som *eldre* eller *gammel* kan derfor reknast som ein diskursiv strategi for å motverka tendensen til å avseksualisera eldre menneske. Dette kan illustrerast med eit tenkt døme.<sup>67</sup> Karen er 27 år gamal og har nyleg fått seg ein eldre

---

<sup>67</sup> Her har eg fått hjelp av min venn Vetle Vedal, som fekk lesa det tenkte dømet og stadfesta at det høyrst verkeleg ut.

kjæraast, Stian. Karen har introdusert Stian til venninna si Kristine. Når han har dratt, vert dei to venninnene att. Kristine, som er overraska over aldersforskjellen, ymtar forsiktig: «Er ikke han litt gammel for deg?» Karen er budd på spørsmålet, og parerer med: «Han er ikke gammel, han er moden».<sup>68</sup>

Ved å avvise adjektivet «gammel» og føreslå adjektivet «moden» som alternativ, fremjar Karen ei alternativ strukturering av røynda, ved å retta merksemd mot andre eigenskapar. Det kan tenkjast at ho ønskjer framheva positivt oppfatta eigenskapar (livserfaring, intellektuell mogenheit, stabilitet) og retta merksemda bort frå aldersforskjellen mellom dei to.<sup>69</sup>

Som tidlegare nemnt forventta eg at *moden* i konteksten *moden kvinne* tyda 'seksuelt erfaren', medan *moden* i konteksten *moden mann* tyda 'mentalt utvikla'. Eg har ikkje funne eit skapt skilje i måten *moden* vert nytta på, avhengig av kjønnet på referenten. Derimot har eg funne at *moden* vert nytte med ulike tydingar *både* om kvinner og menn. Tydinga «intellektuelt moden» og «livserfaren» kunne dokumenterast for både *moden mann* og *moden kvinne*, men i bae kontekstane var dette ei mindre vanleg tyding.

Det hadde vore interessant å gjennomføra meir systematiske analysar av nærsynonyme ord til *moden*, og samanlikna kollokat. Om *moden* er ein eufemisme for *eldre* eller *gammel*, er det god grunn til å tru at frasane *moden mann*, *eldre mann* og *gammel mann* vil ha noko ulike kollokasjonar.

### 7.3.3. Store kvinner og menn

Eg gjekk inn i undersøkinga med ei forventning om at *stor* i konteksten «ADJ + *kvinne*» stort sett var nytta i tydinga 'overvektig, tjukk', og at *stor* i konteksten «ADJ + *mann*» stort sett var nytta i tydinga 'viktig, anerkjent eller berømt'. Denne forventninga vart stadfesta. I konkordansen for *mann* var 'viktig, anerkjent eller berømt' den klart vanlegaste tydinga. I konkordansen for *kvinne* var 'overvektig, tjukk' den vanlegaste tydinga, men ikkje dominerande. I konkordansen for *mann* fann eg tydinga 'kraftig, sterk' i sju linjer. Denne fanst i berre éi av linjene i *kvinne*-konkordansen.

Som tidlegare nemnt, oppgir verken Bokmålsordboka eller NAOB tydinga 'overvektig, tykk' som definisjon på *stor*. Dette kan reknast som omfatta av definisjonane «svær, av betydelig omfang» (BO, 1) og «som er av (forholdsvis) betydelig høyde, utstrekning eller omfang; som opptar, strekker seg over adskillig rom eller plass | jf. Svær» (NAOB, 1). På den andre sida er desse definisjonane svært generelle, og ein kan hevda at ordbøkene dermed usynleggjer den omfattande

68 Sidan Karen og Kristine er fødte og oppvaksne innanfor ramma av denne oppgåva, snakkar dei beint ut bokmål og ikkje målføre – sjå også 1.5.1. Korpus og målføre.

69 Eg spurde Vetle om korfor Karen heller ville kalla Stian for «moden» enn «gammel». Han svara at ho på den måten retta merksemda bort frå aldersforskjellen mellom dei to, og at Kristine vil kunne oppfatta dette som at Karen unnlet å svara ordentleg på spørsmålet.

eufemistiske bruken av adjektivet *stor* i tydinga 'overvektig, tykk'. Vi kan jamføra med definisjonane av *svær*:

«stor, kraftig, tykk» (*Bokmålsordboka*, under «svær,» 1, lese 2. mai 2023)

«kraftig og tung; grovdimensjonert; kompakt; massiv» (*NAOB*, under «svær,» 1, lese 2. mai 2023)

«stor av form, skikkelse eller av omfang, utstrekning; veldig; diger» (*NAOB*, under «svær,» 3, lese 2. mai 2023)

Ein mogleg måte å gjera ordbøkene sine definisjonar av «stor» meir dekkjande på, er å leggja til tydinga «(om menneske) 'kraftig, tykk'», etter modell frå «svær» (*Bokmålsordboka*, 1).

#### 7.4. Avisspråket og representasjonar av kvinner og menn

Menn vert oftare omtala om individ, medan kvinner oftare vert omtala som gruppe. Eit korpusøk på *dame*, *kvinne* og *mann* i eintal- og fleirtalsbøyingar gir ein peikepinn på dette. For både *dame* og *kvinne* er forholdet mellom eintal og fleirtalsformene om lag 1:1, medan for *mann* er forholdet mellom eintal og fleirtal om lag 2,5:1.<sup>70</sup> Dette kan ha fleire moglege forklaringar. For det første er menn generelt meir omtala i avisene, og mannlege kjelder kjem oftare til orde enn kvinnelege kjelder (sjå 2.1.2. Språk og kjønn i norske aviser). For det andre er kvinner ofte omtala i sosiologiske diskursar som peiker på kvinner si underordna stilling i samfunnet, med mål om å bøta på denne stoda (Pearce 2008, 19–21). Slike «sosiologiske diskursar» vil sannsynlegvis ha ein tendens til å omtala kvinner som gruppe heller enn individ, og dimed ha ein preferanse for fleirtalsformer. Sosiologisk diskurs er derimot ikkje ein sannsynleg forklaring på korfor *dame* opptrer omtrent like ofte i eintalsformer og fleirtalsformer i korpuset, fordi *dame* høyrer til eit personleg og uformelt stilnivå. Ei kvalitativ undersøking av utvalde konkordansar for «damer|damene» og «kvinne|kvinnene» ville kunne kasta ljós over dette.

Om språket er ein spegel på den sosiale røynda, kva slags røynd er det som vert gjenspegla i avisspråket, og kva slags kjønnsideologi er det som vert uttrykt i avisspråket? I dei fleste samfunn gjennom tidene har det funnest store sosiale, økonomiske og politiske ulikskapar mellom kvinner og menn. Det viktigaste materielle grunnlaget for sosial ulikskap mellom menn og kvinner er

---

70 Søk gjennomført 8. mai 2023 gjennom Korpuskel (Norsk aviskorpus 2020a):

«"mann|mannen" c%»: 1 368 165 treff.

«"menn|mennene" c%»: 543 850 treff.

«"dame|dama|damen" c%»: 44 283 treff.

«"damer|damene" c%»: 42 551 treff.

«"kvinne|kvinna" c%»: 54 7991 treff.

«"kvinner|kvinnene" c%»: 57 5205 treff.

arbeidsdelingen mellom kjønna, særleg delinga mellom produktivt og reproduktivt arbeid (Lewis 2016, 145–46). Arbeidsdelinga mellom kjønna har vorte grunnjevne med at kvinner og menn eignar seg til ulikt slags arbeid og sosiale oppgåver av di dei er vesensforskjellige, gjerne med eit nikk til biologiske forskjellar, og dette har kome til uttrykk i ulik barneoppsetting for gutar og jenter (Ryen 1976, 14). Ifølgje Ryen bidrar kjønnsrollemønsteret til at kvinner og menn nyttar språket ulikt (1976, 16). Om det er slik at språket er ein spegel på den sosiale røynda, er det også rimeleg å gå ut frå at kjønnsrollemønsteret verkar inn på korleis kvinner og menn vert *omtala*. Samtidig er det ikkje slik at avisene berre reproduserer eksisterande kjønnsrollemønster. Grønn har til dømes hevda at avisene i aukande grad fokuserer på utsjånad og kropp til mannlege idol, og at det i så måte har «skjedd en liten bevegelse i retning av økt likestilling» mellom kvinner og menn (Grønn 2000, 37). Her er det relevant å nemna at nokre av dei mest eksplisitte døma på objektivisering eg fann i materialet mitt var i konkordansen for *moden mann* (sjå 'naken mann som mat', side 91 og 'moden mann som mat', side 100).

På nokre område har likestillingssituasjonen endra seg stort dei siste seksti åra, mens det enno finst store forskjellar på andre område, til dømes det kjønnsdelte arbeidslivet. Sjølv om nesten like mange kvinner som menn har lønna arbeid i dag, har skiljet mellom produktivt og reproduktivt arbeid haldt seg ved lag i grove trekk, ved at kvinner oftare jobbar i omsorgsyрке og tenesteyting. Blant tilsette i offentleg sektor er fleirtalet kvinner, mens i den private sektoren er flertalet av dei tilsette menn (Statistisk sentralbyrå 2018a, 13). Tre av dei mest mannsdominerte yrka er elektriker, reparatør og bygningsarbeidar, medan yrke som frisør, sjukepleier og barnehageassistent er svært kvinnedominerte (Statistisk sentralbyrå 2018a, 14). Stereotypiar om mannleg og kvinneleg arbeid verkar inn på kva jobbar kvinner og menn vel, samtidig som situasjonen på arbeidsmarknaden verkar tilbake på stereotypiane. Det er derfor ikkje overraskande at vi finn ulike representasjonar av kvinner og menn i aviskorpuset, når språket generelt og avisdiskursar spesielt er ein spegel på samfunnet. Eg vil hevda at ein overordna kjønnsideologi som kjem til uttrykk i avisspråket er at kvinner og menn er to skarpt åtskilde kategoriar med forskjellige eigenskapar.

Språket er konservativt; Uri har hevda at «ord er broer tilbake til fortiden og til et samfunn og en levemåte vi har forlatt» (2018, 9). Dette kjem til syne i leksikaliserte kjønnsmarkerte uttrykk som *politimann* og *jomfru*. På den andre sida kan det hevdast at adjektivkollokat i større grad representerer *levande* haldningar, av di talaren må ta eit val i kvart konkrete tilfelle (anten det er medvitent eller umedvitent) om kva adjektiv ho skal bruka. Når avisspråket er særleg konservativt, heng det saman med at:



Mediene beskriver en verden i forandring, men fungerer samtidig som briller disse endringene vurderes gjennom. Kulturelt knytter de kontinuiteten mellom det som var og det som blir, de overfører verdier fra en generasjon til den neste (Allern 1992, 113).

Avisene kan forståast som del av det Althusser har kalla det ideologiske medie-statsapparatet («the media ISA»). Dette ideologiske statsapparatet reproducerer rådande førestillingar om kva menn og kvinner er og bør vera, og bidrar på denne måten til henta inn samtykke til visse (rådande) førestillingar om kjønn og seksualitet (Talbot 2014, 604). Ein fordel med ideologisk statsapparatmodellen ovanfor propaganda-modellen er at førstnemnte ikkje er avhengig av å tillegga hensiktar til aktørar. At avisspråket speglar ulikskapar mellom kvinner og menn treng ikkje å vera uttrykk for haldningane til den einskilde journalist.

Når eg har teke utgangspunkt i feministiske og marxistiske teoretiske perspektiv, er det fordi eg meiner dei kan gi verdifull innsikt i forholdet mellom avisspråket forstått som (ideologisk materiale) og den sosiale røynda. Desse teoretiske perspektiva har informert mi tolking av resultata mine. Det er ikkje sagt dimed at resultata har *prova* at verda er slik dei feministiske og marxistiske perpektiva ligg til grunn. Eg har hevda at ideologisk materiale er ein spegel på røynda, men det er viktig å ikkje forveksla ein spegel med eit vindauge. Barretts åtvaring mot å forveksla litterær analyse med sosiologi er relevant i denne samanhengen: «[d]en formidlinga av den sosiale røynda som er uttrykt i eit fiksjonelt verk gjer at historikaren vil støyta på mange farar om ho saumfarer litteraturen for sitt 'sosiale innhald'» (Barrett 1980, 98).<sup>71</sup> Sjølv om Barrett i utgangspunktet vendar seg til litteraturkritikarar i sitatet ovanfor, er åtvaringa også gyldig for den som granskar avistekster som ideologisk materiale.

## 7.6. Kritiske merknadar

Eg har undersøkt adjektivattributt til substantiva *dame*, *kvinne* og *mann*, og utelate nærsynonym som *kar*, *frue*, *jente*, *gutt* m.m. Av omsyn til oppgåva sitt omfang har eg vore nøydd til å avgrensa meg til nokre få substantiv, men dette kan ha gjort at viktige nyansar har gått tapt. Undersøkinga gir derfor ikkje eit fullstendig oversyn over framstillinga av kvinner jamført med menn i norske aviser. Som tidlegare nemnt er «avisspråk» ein abstraksjon, då aviser innheld eit mangfald av teksttypar i ulike stilnivå og med ulike emne. Eg har i litan grad skilja mellom dei ulike sjangrane i denne oppgåva, men rekna alt som «avisspråk».

Ei svakheit med konkordansanalysen er at eg ikkje har skilja tydeleg mellom direkte og indirekte framstillingsform, mellom ulike tekstsjangrar og mellom kjeldeytringar og

---

71 I originalteksten: «The mediation of social reality operating in any fictional work will ensure that the historian will face many dangers in pillaging literature for its 'social content'». Mi omsetjing.

journalistytringar. Analysen gir innsikt om kva slags tydingar av adjektiva *moden* og *stor* som vert nytta om kvinner og menn, men er ikkje like godt eigna til å trekkja konklusjonar om samfunnsideologiar i avisdiskursane. Diskursar som gjentek seg i avisene, kan gi ein peikepinn på kva diskursar som er hegemoniske i samfunnet, men som Baker påpeiker, bør ein vera forsiktig med å konkludera med at ein diskurs er hegemonisk berre fordi han er på trykk i ei avis (Baker 2006, 73). Det er særleg viktig å ikkje trekkja forhasta konklusjonar basert på kvalitative undersøkingar av relativt lite omfang, og å ikkje forveksla nokre få tekstutdrag med generelle mønster.

I ljuset av etterpåklokskapen trur eg at adjektivet *naken* med fordel kunne ha vore byta ut med eit meir semantisk tvitydig adjektiv i konkordansanalysen. Det er grenser for kva ein kan lesa ut av aviskonkordansar. Nettaviser er eit multimodalt medium der brødtekst, overskrift, bilete, hyperlenker og video spelar saman. Norsk aviskorpus (bokmål) filtrerer ut bilete og video i tekstinnsamlingsprosessen; dette gjer at konkordansar frå aviskorpuset ikkje er særleg eigna for forskingsspørsmål som krev at ein undersøker samspelet mellom bilete og tekst. Anna relevant informasjon som plassering av overskrift i forhold til bilete, skrifttype og farge i overskrifta, eventuelle orduthevingar. Analysen av *naken kvinne* og *naken mann* hadde vore langt rikare om han hadde supplert med andre tekstelement, t.d. bilete.

## 7.7. Til vidare undersøking

Eg har ymta om at nokre skildringar av «nakne menn som bryt seg inn eller legg seg i senga til kvinne» bidrar til å ufarleggjera seksuelle krenkingar. Sidan analysen min er av eit forholdsvis lite omfang, bør dette ikkje generaliserast til ein påstand om avisspråket generelt; då må det større undersøkingar til. Ei mogleg tilnærming kunne vera å ta utgangspunkt i skildringar av seksuelt krenkande hendingar i aviser i åra før og etter #MeToo-kampanjen. Orgeret og Sletteland peiker på at «[det i dag] snakkes om «et før og etter #MeToo», som om det var en feministisk revolusjon som endret folks holdninger over natten» (2020, 7). Så enkelt er det nok ikkje. Forfattarane peiker på at debatten rundt «Giskesaken» var prega av tre konkurrerande diskursar – *strukturell sexisme-diskursen*, *trakasseringssak i Ap-diskursen* og *heksejakt mot Giske-diskursen* – og hevdar at sistnemnde har fått dominera på ein problematisk måte (Sletteland og Orgeret 2020, 105, 170–71). Det hadde derfor vore interessant å bruka konkordansar som utgangspunkt for kritisk analyse av diskursar om seksuell trakassering i norske aviser i åra før og etter 2017.

Uri hevdar at eit nettsøk på «sterke kvinner» gir ganske forskjellige treff frå eit søk på «sterke menn»; mens dei sterke kvinnene er sterke i overført tyding, er dei sterke mennene fysisk

sterke (Uri 2018, 330). Det hadde vore interessant å granska dette vidare med konkordansar for *sterk kvinne* og *sterk mann* og undersøkje korleis stoda er i avisene.

I undersøkinga mi har eg ikkje teke høgde for kjønnet til journalisten, og eg har ikkje drøfta om mannlege og kvinnelege journalistar skriv ulikt om kvinner og menn. Sidan ein del tekster i aviskorpuset oppgir namn på tekstforfattaren hadde det vore mogleg å granska denne problemstillinga med utgangspunkt i korpusmateriale. Ei slik undersøking kan gjerne ta utgangspunkt i Zilliacus-Tikkanens påstand om at kvinnelege journalistar arbeider innanfor ein «mannleg» journalistkultur (Zilliacus-Tikkanen 1997, 56–57). I kva grad kjem dette til uttrykk i avisspråket? Er det mogleg å spora ei endring her over tid?

I eit tidlegare utkast av oppgåva hevda eg at adjektivet *norsk* i kontekstane «ADJ + *kvinne*» og «ADJ + *mann*» ikkje ville vere særleg godt eigna til ein konkordansanalyse. På dette punktet har eg endra standpunkt undervegs i skrivinga. Øvrebø har hevda at norske aviser ofte reproduserer stereotypiar om etniske minoritetar, men at menneske med innvandrarbakgrunn vert aksepterte som «norske» i nyheiter om bragdar innanfor sport og kultur (2013, 138). Ein kritisk analyse av aviskonkordansar med utgangspunkt i adjektiv som *norsk*, *utenlandsk*, *mørkhudet*, *pakistansk-norsk* osv. kunne ha gitt noko innsikt i den sosiale konstruksjonen av norsk etnisitet og korleis grensene for kategorien «norsk» utspeler seg i avisdiskursar.

## 8. Konklusjon

I denne oppgåva har eg undersøkt i kva grad kvinner og menn vert tillagde ulike eigenskapar gjennom adjektivbruken i norske aviser. Eg har gjennomført ei triangulerande undersøking for å kasta ljós på problemstillinga frå ulike hald ved å bruka tre ulike metodar: distinktiv kollekssemanalyse, semantisk kategorisering av distinktive adjektivkollekssem og diskursanalyse av konkordansar.

Den distinktive kollekssemanalysen var ein kvantitativ analyse med utgangspunkt i eit omfattande materiale. Denne delundersøkinga har høg reliabilitet, og resultata kan reknast som nokså objektive, så lenge eg ikkje har gjort feil i innsamlinga og annoteringa av materialet. Sidan eg har gjort utførleg greie for metoden for undersøkinga og oppgitt alle regulære uttrykk som vart nytta til datainnsamlinga, skal det vera relativt enkelt å reprodusera funna så lenge den relative fordelinga av ord i korpuset ikkje endrar seg nemneverdig.

Dei mest distinktive adjektivkollokata til *dame* (målt opp mot *kvinne*) var *lettkledd*, *eldre*, *tøff*, *fin* og *flott*. Dei mest distinktive kollokata til *kvinne* (målt opp mot *dame*) var *norsk*, *savnet*, *ung*, *gravid* og *død*. Dei mest distinktive kollokata til *dame* og *kvinne* (under eitt, målt opp mot *mann*) var *norsk*, *gravid*, *vakker*, *prostituert* og *første*. Dei mest distinktive kollokata til *mann* (målt opp mot *dame* og *kvinne* under eitt) var *væpnet*, *maskert*, *rett*, *bevæpnet* og *gammel*. Adjektiv knytte til vald og kriminalitet var påfallande typiske for *mann*.

Ei viktig feilkjelde som det er naudsynt å ta høgde for er at Norsk aviskorpus inneheld store mengder duplikat (sjå 3.2.1. Duplikat). Det er usikkert om dette har påverka resultata av den distinktive kollekssemanalysen i nemneverdig grad, men det kan tenkjast at nokre adjektiv er oftare dupliserte enn andre, t.d. adjektiv som opptre oftare i overskrifter enn i brødtekst. Sidan dei viktigaste funna passar godt med det ein skulle forventa ut frå tidlegare forskning på språk og kjønn, inkludert korpusstudiar på norsk og engelsk materiale, vil eg hevda at funna er nokså truverdige.

Den semantiske kategoriseringa av adjektivkollokat tok utgangspunkt i resultata frå den distinktive kollekssemanalysen. Dei semantiske kategoriane vart rangerte frå høgst til lågst etter frekvensane på dei distinktive adjektivkollekssema. Dei fem høgst rangerte kategoriane for *dame* var ALDER, KLEDE, ATTRAKTIVITET, PERSONLEGE SÆRDRAG og VURDERING POSITIV. Dei fem høgste kategoriane for *kvinne* var NASJONALITET, ALDER, SVANGERSKAP, SITUASJON ULYKKE og RELASJONELT. For *dame* og *kvinne* sett under eitt, var dei fem høgste kategoriane NASJONALITET, ALDER, SVANGERSKAP, SITUASJON ULYKKE og RELASJONELT. Tilsvarande for *mann* var ALDER, KRIMINALITET TILTALT, UTSTYR, VURDERING POSITIV og SOSIAL STILLING.

Substantivet *dame* (jamført med *kvinne*) var meir assosiert med adjektiv knytte til (forholdsvis) høg alder, personlege eigenskapar og fysisk attraktivitet. Substantivet *kvinne* (jamført med *dame*) var meir assosiert med adjektiv knytte til nasjonalitet og opphav, kriminalitet, offerstatus og svangerskap. Substantiva *dame* og *kvinne* sett under eitt (jamført med *mann*) var meir assosierte med nasjonalitet og opphav, offerstatus, svangerskap og utsjånad. Substantivet *mann* (jamført med *dame* og *kvinne* under eitt) var meir assosiert med kriminalitet, positive evaluativ og ikkje-skildrande adjektiv. Adjektiv for nasjonalitet er meir nytta om kvinnelege referentar, sannsynlegvis fordi nasjonalitetssubstantiva vert tolka som «mannlege» også når kjønnet ikkje er spesifisert.

Med utgangspunkt i forskjellane mellom *dame* og *kvinne* er det mogleg å seia at *dame* er høyrer til eit personleg stilnivå, mens *kvinne* er mindre personleg. Dette gjer at ordet *dame* ikkje passar i enkelte kontekstar der *kvinne* er det vanlege alternativet. Generelt sett er *kvinne* nytta langt meir enn *dame* i avisspråket, med eit høgare storleiksforhold enn i andre tekstsjangrar. Ranginga av semantiske kategoriar styrker biletet frå den første delundersøkinga om at *kvinne* er ein upersonlege varianten mens *dame* er ein personleg variant.

Ranginga av kategoriar gir rett nok ikkje eit fullstendig bilete. Innanfor éin og same kategori varierer adjektivkolleksema stort mellom dei tre substantiva. I kategorien ALDER er *dame* mest assosiert med adjektiv som viser til relativt høg alder (*eldre, voksen, middelaldrende*). I den grad *kvinne* er assosiert med noko livsstadium ville det vore ungdom (adjektivet *ung* er distinktivt kolleksem), men det andre (*-årig*) og tredje (*jevnaldrende*) mest distinktive kolleksema er ikkje knytte til noko spesielt livsstadium. Eit anna døme er kategorien KLEDE. Dei distinktive kolleksema for *dame* og *kvinne* sett under eitt viser til (halv)nakenheit eller muslimske plagg, mens dei distinktive kolleksema for *mann* er assosierte med status (*dresskledd*), kriminalitet (*mørkkledd, maskert*) eller statsmakt (*uniformert, sivilkledd*).

Den komparative analysen av semantiske kategoriseriar har andre feilkjelder i tillegg til problemet med duplikat. For det første er resultatane sårbare for forskaren sine fordommar, fordi semantisk annotering er avhengig av subjektive og skjønsmessige vurderingar. Når objektivitet ikkje er mogleg, er intersubjektiv reliabilitet å føretrekkja; ein måte å bidra til intersubjektiv reliabilitet på er om fleire forskarar annoterer datasettet uavhengig av kvarandre med utgangspunkt i same annotasjonsskjema og jamfører resultatane etterpå (Stefanowitsch 2020, 4). Dette har ikkje vore mogleg å gjennomføra innanfor rammene av dette prosjektet. Eg har freista å redusera effekten av subjektive feilkjelder i utforminga av kategoriane ved å ta utgangspunkt i nokre eksisterande system for semantisk kategorisering (sjå 2.7. Semantisk kategorisering av adjektiv). Dette løyser likevel ikkje problemet med kor dei einskilde kolleksema skal plasserast. Som tidlegare nemnt, har eg

plassert adjektiva *pedofil* og *prostituert* høvesvis i kategoriane LEGNING og YRKE (sjå også Feil: Fann ikkje kjelda til referansen ). Det kan godt tenkjast at ein annan annotør ville ha plassert dei i andre kategoriar. Vidare er desse tvilstilfella ein illustrasjon på at ei semantiske kategoriane ikkje er ideelle, men praktiske konstruksjonar av større eller mindre nytteverdi.

Konkordansanalysen er den mest kvalitative og minst generaliserbare av dei tre undersøkingane i oppgåva. Analyse av konkordanslinjer er basert på subjektiv lesing; funna er derfor «mindre sikre» enn resultatane av store, kvantitative undersøkingar, sjølv om dei kan vera vel så interessante. Undersøkinga er basert på totalt 360 konkordanslinjer. Jamført med grunnlaget for den distinktive kollekssemanalysen og den semantiske kategoriseringa er dette eit relativt lite materiale. Utvalet bør derfor ikkje sjåast som eit representativt bilete på norsk avisspråk, men tre «stikkprøvar». I den grad «funna» kan seiast å vera representative, er dei moglegvis representative for korleis adjektiva *naken*, *stor* og *moden* vert nytta i aviser på bokmål mellom 1994 og 2022. Trass i desse atterhalda har eg tru på at konkordansanalyse som metode kan brukast med fordel i felt som medievitenskapen, språk-kjønns-forsking og leksikografi.

Oppgåva har hatt ei triangulerande tilnærming, der adjektivattributt til *dame*, *kvinne* og *mann* har vorte granska frå forskjellige vinklar med tre nokså ulike metodar. Dei to første delundersøkingane viser til saman at kvinnelege og mannlege referentar i norsk avisspråk vert tildelte forskjellige eigenskapar gjennom ulike adjektivattributt. Den tredje delundersøkinga viser at likelydande adjektiv kan ha noko ulike konnotasjonar og ulike tydingar avhengig av om dei modifierer *kvinne* eller *mann*. Konkordansanalysen er eit verdifullt supplement til dei to første delundersøkingane, då han kan seia oss noko om korleis adjektiva faktisk er nytta i autentiske kontekstar.

Eg vil særleg trekkja fram to poeng som kan ha relevans for leksikografien. For det første: Jamføringa av kva slags adjektivattributt som er distinktive kolleksem for *dame* og *kvinne* viser at *dame* og *kvinne* har ulike konnotasjonar og delvis høyrer til ulike stilnivå, sjølv om dei ofte kan skiftast ut med kvarandre. Ein kan derfor hevda at dei ikkje er synonym, men nærsynonym. For det andre: Ei kritisk lesing av konkordansar for *moden* og *stor* ser ut til å visa at båe to har eufemistiske bitydingar som ikkje kjem klart fram i dei gjeldande definisjonane i *Bokmålsordboka* og *NAOB*. Dette er rett nok ikkje ein heilt sikker konklusjon, av di han er gjort med utgangspunkt i ei svært kvalitativ undersøking på eit relativt lite utval.

## Referansar

- Allern, Sigurd. 1992. *Kildenes makt: Ytringsfrihetens politiske økonomi*. Oslo: Pax.
- . 2001. *Nyhetsverdier: Om markedsorientering og journalistikk i ti norske aviser*. Kristiansand: IJ-forlaget.
- Althusser, Louis. 1971. «Ideology and Ideological State Apparatuses (Notes towards an Investigation)». I *Lenin and Philosophy and other Essays*, 127–86. New York: Monthly Review Press.
- . 2005. *For Marx*. Radical thinkers. London: Verso.
- Andersen, Gisle, og Knut Hofland. 2012. «Building a large corpus based on newspapers from the web». I *Exploring Newspaper Language: Using the web to create and investigate a large corpus of modern Norwegian*, redigert av Gisle Andersen, 1–28. Amsterdam: John Benjamins B.V.
- Andersson, Lars-Gunnar. 2001. *Språktypologi och språksläktskap*. Stockholm: Liber.
- Askedal, John Ole. 1994. «Norwegian». I *The Germanic Languages*, redigert av Ekkehard König og Johan van der Auwera, 219–70. Routledge Language Family Descriptions. London: Routledge.
- Baker, Paul. 2006. *Using corpora in discourse analysis*. London: Continuum.
- . 2010. «Corpus Methods in Linguistics». I *Research Methods in Linguistics*, redigert av Lia Litosseliti, 93–113. London: Continuum.
- . 2014. *Using Corpora to Analyze Gender*. London: Bloomsbury.
- Barrett, Michèle. 1980. *Women's Oppression Today: Problems in Marxist Feminist Analysis*. London: Verso.
- Beauvoir, Simone de. 1953. *The Second Sex*. Redigert av H. M. Parshley. London: Jonathan Cape.
- Bell, Allan. 1991. *The Language of News Media*. Language in Society. Cambridge: Blackwell.
- Blakar, Rolv Mikkel. 2006. *Språk er makt*. 7. utg. Oslo: Pax.
- Bucholtz, Mary. 2014. «The Feminist Foundations of Language, Gender, and Sexuality Research». I *The Handbook of Language, Gender, and Sexuality*, redigert av Susan Ehrlich, Miriam Meyerhoff, og Janet Holmes, 23–47. Hoboken: Wiley.
- Caldas-Coulthard, Carmen Rosa, og Rosamund Moon. 2010. «'Curvy, hunky, kinky': Using corpora as tools for critical analysis». *Discourse & Society* 21 (2): 99–133.
- Cameron, Deborah. 1992. *Feminism & Linguistic Theory*. 2. utg. London: MacMillan.

- Dahlen, Øystein Pedersen. 2011. «Nettaviser: Full tilgang og flytende produksjon». *Norsk medietidsskrift* 18 (4): 345–63.
- Dijk, Teun A. van. 2015. «Critical Discourse Analysis». I *The Handbook of Discourse Analysis*, redigert av Deborah Tannen, Heidi E. Hamilton, og Deborah Schiffrin, 2. utg., 1:466–85. Blackwell Handbooks in Linguistics. Wiley Blackwell.
- Ehrlich, Susan, og Miriam Meyerhoff. 2014. «Introduction: Language, Gender and Sexuality». I *The Handbook of Language, Gender, and Sexuality*, redigert av Susan Ehrlich, Miriam Meyerhoff, og Janet Holmes, 2. utg. Hoboken: Wiley.
- Ehrlich, Susan, Miriam Meyerhoff, og Janet Holmes. 2014. *The Handbook of Language, Gender, and Sexuality*. Hoboken: Wiley.
- Eide, Elisabeth. 1991. «Kvinnebildet i norsk dagspresse ved inngangen til 1990-årene – og journalistenes bilde». Oslo: Norsk journalisthøgskole.
- . 2000. «Falske speil: Hvorfor misforhold samfunns-medier?» I *Narrespeil: Kjønn, sex og medier*, redigert av Elisabeth Eide, 177–202. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Ferguson, Susan. u.å. «Social Reproduction: What's the big idea?» Pluto Books. Vitja 12. mai 2023. [https://www.plutobooks.com/blog/social-reproduction-theory-ferguson/#\\_ednref1](https://www.plutobooks.com/blog/social-reproduction-theory-ferguson/#_ednref1).
- Ferguson, Susan, og David McNally. 2013. «Capital, Labour-Power, and Gender-Relations: Introduction to the Historical Materialism Edition of Marxism and the Oppression of Women». I *Marxism and the Oppression of Women: Toward a Unitary Theory*, av Lise Vogel. Historical Materialism. Boston: Brill.
- Ferretter, Luke. 2008. *Louis Althusser*. Routledge Critical Thinkers. Oxford: Routledge.
- Freed, Alice F. 2014. «The Public View of Language and Gender: Still Wrong After All These Years». I *The Handbook of Language, Gender, and Sexuality*, redigert av Susan Ehrlich, Miriam Meyerhoff, og Janet Holmes, 625–45. Chichester: Wiley-Blackwell.
- Fridtun, Kristin. 2015. *Kjønn og ukjønn: ordhistoriske essay*. Oslo: Samlaget.
- Faarlund, Jan Terje, Svein Lie, og Kjell Ivar Vannebo. 1997. *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gabrielsen, Finn. u.å. *Eg eller je? Ei sosiolingvistisk gransking av yngre mål i Stavanger*. 1984: Novus.
- Gjengedal, Amalie Myrmel. 2021. «Om politikvinner, ekspeditriser og kontormenn». Masteroppgave, Bergen: Universitetet i Bergen.
- Gries, Stephan Th. 2012. «Collostructions». I *The Routledge Encyclopedia of second language acquisition*, redigert av Peter Robinson. London: Routledge.



- Gries, Stephan Th., og Anatol Stefanowitsch. 2004. «Extending collocation analysis». *International Journal of Corpus Linguistics* 9 (1): 97–129.
- Grønn, Margunn. 2000. «Det sjette nyhetskriteriet: Om sex i løssalgspresen». I *Narrespeil: Kjønn, sex og medier*, redigert av Elisabeth Eide, 17–38. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Grøtte, Marit. 2015. «Norsk kjendisjournalistikk på nett». *Norsk medietidsskrift* 22 (2): 1–25.
- Hagen, Elisabeth, og Elisabeth Eide. u.å. «Sju barn og analfabet? Å gjere ein fordom til ein etterdom: Om ‘innvandrerkvinnene’ i mediebildet». I *Narrespeil: Kjønn, sex og medier*, 119–32. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Hennessy, Rosemary. 1993. *Materialist feminism and the politics of discourse*. New York: Routledge.
- Hillesund, Terje. 1996. «Aktører, talehandlinger og nyhetsdramaturgi: Avisene som handlingsmedium.» Doktoravhandling, Universitetet i Bergen.
- Holst, Cathrine. 2017. *Hva er feminisme*. 2. utg. Hva er. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hundsnurscher, Franz, og Jochen Splett. 1982. *Semantik der Adjektive des Deutschen: Analyse der semantischen Relationen*. Opladen: Westdeutscher Verlag.
- Hågvar, Yngve Benestad. 2003. *Hele folkets diskurs: En kritisk analyse av den gode VG-sak*. Sakprosa. Oslo: Norsk sakprosa.
- Johnstone, Barbara. 2008. *Discourse Analysis*. 2. utg. Oxford: Blackwell.
- Kinn, Torodd. 2014. «Verbalt presens partisipp». *Norsk lingvistisk tidsskrift* 32: 62–99.
- Kulbrandstad, Lars Anders, og Torodd Kinn. 2016. *Språkets mønstre*. 4. utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kuznetsova, Julia. 2015. «3. Grammatical profiling and gender stereotypes». I *Linguistic Profiles: Going from Form to Meaning via Statistics*, 53:31–68. Cognitive Linguistics Research. Berlin: De Gruyter.
- Lakoff, Robin Tolmach. (1972) 2004. *Language and Woman's Place: Text and Commentaries*. Redigert av Mary Bucholtz. Studies in language and gender. Oxford: Oxford University Press.
- Lenin, Vladimir I. (1918) 1976. *Staten og revolusjonen*. Oktober.
- Lewis, Holly. 2016. *The Politics of Everybody: Feminism, Queer Theory and Marxism at the Intersection*. London: Zed Books.
- Marx, Karl. (1859) 1973. *Bidrag til kritikken af den politiske økonomi*. København: Forlaget Tiden. <https://www.marxists.org/dansk/marx/59-kpoek/forord.htm>.

- Marx, Karl, og Friedrich Engels. (1932) 1974. *The German Ideology [Students Edition]*. Redigert av C. J. Arthur. London: Lawrence & Wishart.
- Moi, Toril. 1998. *Hva er en kvinne? Kjønn og kropp i feministisk teori*. Oslo: Gyldendal.
- Moon, Rosamund. 2014. «From gorgeous to grumpy: adjectives, age and gender». *Gender and Language* 8 (1): 5–41.
- Mæhlum, Brit, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland, og Helge Sandøy. 2008. *Språkmøte: Innføring i sosiolingvistikk*. 2. utg. Oslo: Cappelen Akademisk.
- Nafstad, Hilde Eileen, og Rolv Mikkel Blakar. 2006. «Ideologier kartlagt gjennom mediespråket: en analysemetode». I *Språk er makt*, av Rolv Mikkel Blakar, 266–90. Oslo: Pax.
- Norsk aviskorpus. 2020a. «Norwegian Newspaper Corpus Bokmål». CLARINO UiB Portal. 2020. hdl:11495/D9B5-0349-4330-0.
- . 2020b. «Norwegian Newspaper Corpus Nynorsk». CLARINO UiB Portal. 2020. hdl:11495/D9F7-42A1-ED26-0.
- Norsk telegrambyrå. 2007. *NTB-språket: Ordliste og språklige råd*. Redigert av Anna Nesje. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Pearce, Michael. 2008. «Investigating the collocational behaviour of MAN and WOMAN in the BNC using Sketch Engine». *Corpora* 3 (1): 1–29.
- Prøitz, Lin, Fredrik Langeland, Kamilla Knutsen Steinnes, og Henry Mainsah. 2022. «Hybride maskuliniteter og hatideologi på nett: en litteraturgjennomgang om incels i et feministisk medievitenskapelig perspektiv». *Norsk medietidsskrift* 29 (2): 1–15. <https://doi.org/10.18261/nmt.29.2.3>.
- Rasinger, Sebastian M. 2010. «Quantitative Methods: Concepts, Frameworks and Issues». I *Research Methods in Linguistics*, redigert av Lia Litosseliti, 49–67. London: Continuum.
- Rasmussen, Terje. 2006. *Nettmedier*. 2. utg. Bergen: Fagbokforlaget.
- Ryen, Else, red. 1976. *Språk og kjønn*. Oslo: Novus.
- Sandøy, Helge. 1975. *Språk og politikk*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Serano, Julia. 2016. *Whipping Girl: A Transsexual Woman on Sexism and the Scapegoating of Femininity*. 2. utg. Berkeley: Seal Press.
- Sletteland, Anja, og Kristin Skare Orgeret. 2020. *Giskesaken – og hvordan vi får #metoo tilbake på sporet*. Oslo: Manifest.
- Stalin, Josef. (1950) 2000. «Marxism and Problems of Linguistics». *Stalin Reference Archive*, 2000. <https://www.marxists.org/reference/archive/stalin/works/1950/jun/20.htm>.

- Statistisk sentralbyrå. 2018a. «Dette er kvinner og menn i Norge». Oslo: Statistisk sentralbyrå.
- . 2018b. «Tre av fire straffede er menn». Statistisk sentralbyrå. 27. september 2018.
- . 2021. «Offerbilder i endring». Statistisk sentralbyrå. 25. mars 2021.  
<https://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/artikler-og-publikasjoner/offerbilder-i-endring>.
- Stefanowitsch, Anatol. 2006. «Corpus-based approaches to metaphor and metonymy». I *Corpus-Based Approaches to Metaphor and Metonymy*, redigert av Walter Bisang, Hans Henrich Hock, og Werner Winter, 1–16. Trends in Linguistics: Studies and Monographs 171. New York: Mouton de Gruyter.
- . 2020. *Corpus linguistics: A guide to the methodology*. Berlin: Language Science Press.
- Talbot, Mary. 2014. «Language, Gender, and Popular Culture». I *The Handbook of Language, Gender, and Sexuality*, redigert av Susan Ehrlich, Miriam Meyerhoff, og Janet Holmes, 2. utg. Hoboken: Wiley.
- «To nye, store webkorpus for nynorsk og bokmål». 2017. Universitetet i Oslo. 9. august 2017.  
<https://www.hf.uio.no/iln/om/organisasjon/tekstlab/prosjekter/lbk/index.html>.
- Tonne, Ingebjørg, Helene Uri, og Lars G. Bagoien Johnsen. 2022. «Om kjønn og adjektiv: ‘Trond er så eksepsjonell/nydelig/skjønn/grønn’». Redigert av Lene Antonsen og Sjur Nørstebø. *Nordlyd* 46 (1): 241–57.
- Universität Tübingen. u.å. «Adjectives in GermaNet». Vitja 8. november 2022. <https://uni-tuebingen.de/en/faculties/faculty-of-humanities/departments/modern-languages/departments-of-linguistics/chairs/general-and-computational-linguistics/ressources/lexica/germanet/description/adjectives/>.
- Uri, Helene. 2018. *Hvem sa hva?: Kvinner, menn og språk*. Oslo: Gyldendal.
- Vikør, Lars S. 1975. «Stalins språkanalyse og den norske målstoda». I *Språk og politikk*, av Helge Sandøy, 32–42. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Vinje, Finn-Erik. 1970. *Moderne norsk avisspråk: Noen tendenser i morfologi og syntaks*. Norsk språknemnd. Skrifter. Cappelen.
- . 1982. «Språk i journalistikk». I *Journalistspråket*, av Finn-Erik Vinje, Kirsten Bryn Lowzow, Gunnar J. Borrevik, Leif Andersen, og Nils E. Øy, 57–293. Fredrikstad: Institutt for Journalistikk.

- . 1995. *Med alle skalker lukket*. Fredrikstad: Institutt for Journalistikk.
- Vogel, Lise. 1995. *Woman Questions: Essays for a Materialist Feminism*. New York: Routledge.
- . (1983) 2013. *Marxism and the Oppression of Women: Toward a Unitary Theory*. Historical Materialism. Boston: Brill.
- Zilliacus-Tikkanen, Henrika. 1997. *Journalistikens essens i ett könsperspektiv*. Helsinki: Rundradions Jämställdhetskommitté.
- Øvrebø, Turid. 2013. «Norway: The Uncomfortable Gender Gap in News Media». I *The Palgrave International Handbook of Women and Journalism*, redigert av Carolyn M. Byerly, 137–50. Palgrave Handbooks. London: Palgrave Macmillan.

## Ordboksreferansar

- Bokmålsordboka*, under «dame,» lese 5. januar 2023, <https://ordbokene.no/bm/9197>.
- , under «eldre,» lese 30. januar 2023, <https://ordbokene.no/bm/18979>.
- , under «frodig,» lese 6. april 2023, <https://ordbokene.no/bm/18160>.
- , under «gammel,» lese 22. mars 2023, <https://ordbokene.no/bm/18979>.
- , under «gå ut på dato,» lese 24. april 2023, <https://ordbokene.no/bm/111775>.
- , under «kvinne,» lese 5. januar 2023, <https://ordbokene.no/bm/33223>.
- , under «mann,» lese 5. januar 2023, <https://ordbokene.no/bm/36912>.
- , under «moden,» lese 6. april. <https://ordbokene.no/bm/38836>.
- , under «naken,» lese 6. april 2023, <https://ordbokene.no/bm/40096>.
- , under «representere,» lese 6. mai 2023, <https://ordbokene.no/bm/48190>.
- , under «stor,» lese 23. mars 2023, <https://ordbokene.no/bm/57372>.
- , under «svær,» lese 2. mai 2023, <https://ordbokene.no/bm/58845>.
- , under «-årig,» lese 2. mai 2023, <https://ordbokene.no/bm/1101>.
- Det Norske Akademis Ordbok*, under *bugne*, lese 12. april 2023, <https://naob.no/ordbok/bugne>.
- , under «dame,» lese 20. januar 2023, <https://naob.no/ordbok/dame>.
- , under «frodig,» lese 6. april 2023, <https://naob.no/ordbok/frodig>.
- , under «kvinne,» lese 20. januar 2023, <https://naob.no/ordbok/kvinne>.
- , under «mann,» lese 20. januar 2023, <https://naob.no/ordbok/mann>.
- , under «moden,» lese 6. april 2023, <https://naob.no/ordbok/moden>.
- , under «naken,» lese 6. april 2023, <https://naob.no/ordbok/naken>.
- , under «prestelig,» lese 2. mai 2023, <https://naob.no/ordbok/prestelig>.
- , under «stor,» lese 6. april 2023, <https://naob.no/ordbok/stor>.

———, under «svær,» lese 2. mai 2023, <https://naob.no/ordbok/svaer>.

# Vedlegg

**Tabell 15: Semantisk inndeling av adjektiv i GermaNet**

Overordna klasse	Underklasse	Døme
Adjektiv knytte til sansing (Perzeption)	lysstyrke (Helligkeit)	<i>hell</i> 'lys', <i>dunkel</i> 'mørk'
	farge (Farbe)	<i>rot</i> , 'raud', <i>blau</i> 'blå'
	lyd (Geräusch)	<i>laut</i> , 'høglytt', <i>leise</i> 'stille'
	smak (Geschmack)	<i>süß</i> 'søt', <i>salzig</i> 'salt'
	lukt (Geruch)	<i>aromatisch</i> 'aromatisk', <i>muffig</i> 'muggen'
	overflate (Oberfläche)	<i>rauh</i> 'ru', <i>glatt</i> 'glatt'
Adjektiv knytte til rom (Ort)	dimensjon (Dimension)	<i>lang</i> 'lang', <i>kurz</i> 'kort'
	retning (Richtung)	<i>nördlich</i> 'nordleg', <i>frontal</i> 'fremre'
	plassering (Lokalisierung)	<i>ober</i> 'over', <i>unter</i> 'under'
	opphav (Herkunft)	<i>heimisch</i> 'heimleg', <i>fremd</i> 'framand'
	fordeling i rom (Raumverteilung)	<i>voll</i> 'full', <i>leer</i> 'tom'
	form (Form)	<i>rund</i> 'rund', <i>eckig</i> 'kanta'
	nærvær (Existenz)	<i>vorhanden</i> 'til stades'
Adjektiv knytte til tid (Zeit)	tid (Zeit)	<i>früh</i> 'tidleg', <i>spät</i> 'sein'
	fart (Geschwindigkeit)	<i>langsam</i> 'langsam', <i>schnell</i> 'rask'
	alder (Alter)	<i>alt</i> 'gamal', <i>jung</i> 'ung'
	vane (Gewohnheit)	<i>normal</i> 'normal', <i>typisch</i> 'typisk'
Adjektiv knytte til rørsle (Bewegung)	Rørsle <sup>72</sup>	<i>plump</i> 'klosset', <i>fließend</i> 'flytande'
Adjektiv knyttet til stoff (Substanz)	oppbygging (Beschaffenheit)	<i>golden</i> 'gyllen', <i>fein</i> 'fin'
	tilstand (Zustand)	<i>offen</i> 'open', <i>geschlossen</i> 'lukka'
	stabilitet (Stabilität)	<i>stabil</i> 'stabil', <i>wacklig</i> 'vaklande'
	konsistens (Konsistenz)	<i>flüssig</i> 'flytande', <i>fest</i> 'fast'
	mogenheit (Reife von Nahrung)	<i>reif</i> 'mogen', <i>frisch</i> 'fersk'
	fukt (Feuchtigkeit)	<i>feucht</i> 'fuktig', <i>trocken</i> 'tørr'

<sup>72</sup> Her oppgir nettsida berre det engelske ordet «motion» utan tysk omsetjing, sjå Universität Tübingen (u.å.).

	reinheit (Reinheit)	<i>schmutzig</i> 'skitten', <i>sauber</i> 'rein'
	vekt (Gewicht)	<i>schwer</i> 'tung', <i>leicht</i> 'lett'
	fysikk (Physik)	<i>elektrisch</i> 'elektrisk', <i>magnetisch</i> 'magnetisk'
	kjemi (Chemie)	<i>asbesthaltig</i> 'asbesthaldig', <i>dioxinhaltig</i> 'dioksinhaldig'
	temperatur (Temperatur)	<i>warm</i> 'varm', <i>kalt</i> 'kald'
<b>Adjektiv knytte til naturfenomen (natPhaenomen)<sup>73</sup></b>	ver/klima <sup>74</sup>	<i>schwül</i> 'lummer', <i>regnerisch</i> 'regnfull'
<b>Adjektiv knytte til kroppen (Koerper)<sup>75</sup></b>	liv (Belebtheit)	<i>lebendig</i> 'levande', <i>tot</i> 'daud'
	konstitusjon (Konstitution)	<i>stark</i> 'sterk', <i>schwach</i> 'svak'
	skade/uføre (Gebrechen/Krankheit)	<i>gesund</i> 'sunn', <i>krank</i> 'sjuk'
	drift, kjensle (Körpergefühl)	<i>hungrig</i> 'svolten', <i>müde</i> 'trøytt'
	kjønnsleg (Geschlecht)	<i>männlich</i> 'mannleg', <i>weiblich</i> 'kvinneleg'
	utsjånad (Aussehen)	<i>schön</i> 'skjønn', <i>häßlich</i> 'hesleg'
	kroppslig tilstand (Körperzustand)	<i>schwanger</i> 'svanger', <i>geschlechtsreif</i> 'kjønnsrogen'
<b>Adjektiv knytte til kjensle (Gefuehl)<sup>76</sup></b>	stemning ( <i>Empfindung/Gefühl</i> )	<i>froh</i> 'glad', <i>traurig</i> 'trist'
	inntrykk ( <i>Reiz</i> )	<i>angenehm</i> 'hyggeleg', <i>bewegend</i> '(opp)rørande'
<b>Adjektiv knytte til ånd (Geist)</b>	hug, merksemd ( <i>Intelligenz/Aufmerksamkeit</i> )	<i>klug</i> 'klok', <i>dumm</i> 'dum'
	viten, røynsle ( <i>Wissen/Erfahrung</i> )	<i>fähig</i> 'kunnig', <i>gebildet</i> '(ut)danna'
<b>Adjektiv knytte til åtferd (Verhalten)</b>	åtferd/karakter ( <i>Verhalten, Charakter</i> )	<i>faul</i> 'lat', <i>höflich</i> 'høfleg'
	spesifikt for dyr ( <i>tierspezifisch</i> )	<i>zahn</i> , 'tam' <i>wild</i> , 'vill'
	tukt	<i>streng</i> 'streng', <i>nachgiebig</i> 'ettergivande'
	evne ( <i>Geschicklichkeit</i> )	<i>geschickt</i> 'flink'
	relasjon (Beziehung)	<i>feindlich</i> 'fiendleg', <i>verliebt</i> 'forelska'
	sympati (Sympathie)	<i>beliebt</i> 'likt', <i>verachtet</i> 'forhatt'
	innstilling (Neigung)	<i>naschhaft</i> 'godtesjuk', <i>gesprächig</i> 'pratsam'
<b>Sosialt (Gesellschaft)</b>	sjikt (Schicht)	<i>arm</i> 'fattig', <i>reich</i> 'rik'
	institusjonelt/politisk (Institution/Politik)	<i>privat</i> 'privat', <i>demokratisch</i> 'demokratisk'

73 Sic.

74 Her oppgir nettsida berre dei engelske orda «weather / climate» utan tysk omsetjing, sjå Universität Tübingen (u.å.).

75 Sic.

76 Sic.

	religion (Religion)	<i>gläubig</i> 'truande', <i>christlich</i> 'kristeleg'
	rase (Rasse)	<i>weiß</i> 'kvit', <i>farbig</i> 'farga'
	stat (Land)	<i>europäisch</i> 'europeisk', <i>deutsch</i> 'tysk'
	region (Region)	<i>ländlich</i> 'landleg', <i>bundesweit</i> 'riksdekkjande'
<b>Kvantitetsrelaterte adjektiv (Quantität)</b>	talord (Zahl)	<i>zwei</i> 'to', <i>dritt-</i> 'tredje-'
	mengd (Quantität)	<i>viel</i> 'mykje', <i>wenig</i> 'lite'
	kostnad (Kosten)	<i>teuer</i> 'dyr', <i>billig</i> 'billig'
	avkastning (Ertrag)	<i>einträglich</i> 'lønnsam', <i>fruchtbar</i> 'fruktbar'
<b>Relasjonelle adjektiv (Relation)</b>	gyldighet (Geltung)	<i>gültig</i> 'gyldig', <i>möglich</i> 'mogleg'
	vissheit (Gewissheit)	<i>gewiß</i> 'visst', <i>eindeutig</i> 'entydig'
	naudsyn (Bedarf)	<i>wichtig</i> 'viktig', <i>nötig</i> 'naudsynt'
	verksemd (Wirksamkeit)	<i>wirksam</i> 'verksam', <i>effektiv</i> 'effektiv'
	vanskegrad/kraftbehov (Schwierigkeit/Energie-aufwand)	<i>schwer</i> 'vanskeleg', <i>einfach</i> 'enkel'
	funksjonalitet (Funktionalität)	<i>intakt</i> 'intakt', <i>defekt</i> 'defekt'
	tryggleik (Sikkerheit)	<i>gefährlich</i> 'farleg', <i>sicher</i> 'trygg'
	orden (Geordnetheit)	<i>ordentlich</i> 'ordentleg', <i>chaotisch</i> 'kaotisk'
	forbinding (Verknüpfung)	<i>lose</i> 'laus', <i>verbunden</i> 'tilknytt'
	samsvar (Übereinstimmung)	<i>gleich</i> 'lik', <i>verschieden</i> 'annleis'
	nøyaktighet (Genauigkeit)	<i>vage</i> 'vag', <i>klar</i> 'klar'
	heilskapsgrad (Vollständigkeit)	<i>komplett</i> 'komplett', <i>total</i> 'total'
	privativ (privativ)	<i>bloß</i> 'blott', <i>nackt</i> 'naken'
	referanse (Bezug)	<i>direkt</i> 'direkte', <i>symbolisch</i> 'symbolsk'
	gagn (Zuträglichkeit)	<i>heilsam</i> 'lækjande', <i>schädlich</i> 'skadeleg'
<b>Ålment (Allgemein)</b>	komparativ <sup>77</sup>	<i>enorm</i> 'enorm', <i>riesig</i> 'svær'
	vurdering	<i>gut</i> 'god', <i>schlecht</i> 'dårleg'
	norm	<i>grotesk</i> 'grotesk', <i>sonderbar</i> 'snodig'
<b>Pertonym (Pertonym)</b>	avleiingar	<i>medizinisch</i> 'medisinsk', <i>regional</i> 'regional'
<b>Privativ (Privativa)</b>	nektande	<i>rauchfrei</i> 'røykfri', <i>sorglos</i> 'sorglaus'

77 Her er berre oppgitt det engelske ordet «comparative», sjå Universitat Tubingen (u.a.). For dei pafolgjande kategoriane er det oppgitt hovesvis «evaluation», «norm», «'derived from'» og «defined by negation».



## Tabell 16: Kuznetsovas semantiske inndeling av russiske verb

Dei autentiske døma nedanfor er henta frå Kuznetsovas liste over dei 100 mest feminine og 100 mest maskuline verba i russisk (2015, 40–65); her gjengitt med den same latiniserte rettskrivinga som i originalteksten. Eg har fått hjelp av medstudent Anastasia Olsen til å kontrollere omsetjingane til norsk.

Semantisk klasse	Underklasse	Døme
rolle	leiar	<i>knjažit</i> 'å herska', <i>zatočit</i> 'å fengsla'
	kriminell	<i>vymogat</i> 'å utpressa', <i>ograbit</i> 'å rana'
	ryttar	<i>doskakat</i> 'å galoppera til ein stad', <i>zaprjagat</i> 'å tøyla'
	soldat	<i>otkozyrat</i> 'å gjera salutt' <i>provoevat</i> 'å vera i strid (over lengre tid)'
	fiskar	<i>smotat</i> 'å dra opp'
	skyttar	<i>celit</i> 'å sikta', <i>perestreljat</i> 'å skyta'
	handverkar	<i>smasterit</i> 'å sneikra ferdig'
	vognførar	<i>ssadit</i> 'å hjelpa ned'
	arkitekt	<i>sproektirovat</i> 'å utforma ferdig'
	dirigent	<i>dirižirovat</i> 'å dirigera'
	jeger	<i>naxaživat</i> 'å leita'
	fotograf	<i>zasnjat</i> 'å ta bilete'
	prest	<i>otpevat</i> 'å halda gravferd'
	reparatør	<i>remontirovat</i> 'å reparera'
	reisande	<i>iz"ezdit</i> 'å reisa overalt'
smed	<i>kovat</i> 'å smi'	
barbert mann/snauskalle	<i>obrit</i> 'å barbera av'	
Negativt vurdert åtfærd	drikking	<i>oxmelet</i> 'å bli brisen' <i>p'janstvovat</i> 'å drikk tungt'
	aggressiv sex	<i>traxat</i> 'å knulla' <i>oblapit</i> 'å tafsa'
	sløsing	<i>promotat</i> 'å sløsa bort pengane sine'
	spytting	<i>splevyvat</i> 'å spytta ut fleire gonger' <i>spljunut</i> 'spytt ut'
	plystring	<i>posvistat</i> 'plystra ein gong' <i>nasvistyvut</i> 'å plystra ein låt'
	raping	<i>rygnut</i> 'å rapa ein gong'
	opptre toskete	<i>otmočit</i> 'å gjera seg til latter'
	skryta	<i>otgroxat</i> 'å visa fram noko imponerende eller dyrt' <i>xvastat</i> 'å skryta'
Prat og argumentasjon	argumentasjon	<i>argumentirovat</i> 'å argumentera' <i>izlagat</i> 'å utgreia'
	vurdering	<i>pereocenivat</i> 'å overvurdera' <i>nedoponjat</i> 'å misforstå'
	måte	<i>pokašljat</i> 'å hosta' <i>balagurit</i> 'å spøka'
	lyd	<i>proorat</i> 'å brøla' <i>prognusavit</i> 'å snakka gjennom nasen'

Fysisk	kutta	<i>narubit</i> ' 'å hogga' <i>srubit</i> ' 'å skjera ned'
	hamra	<i>skolačivat</i> ' 'å hamra saman' <i>zakolačivat</i> ' 'å hamra inn'
	knusa	<i>vylomat</i> ' 'å bryta ut (øydeleggja)'
	grava	<i>zakapyvat</i> ' 'å grava ned'
	køyra inn i	<i>vognat</i> ' 'å køyra inn i'
	dytta bort	<i>rastalkivat</i> ' 'å skyva frå kvarandre'
Gest	hovud	<i>ponurit</i> ' 'å henga med hovudet' <i>naxlobučit</i> ( <i>na glaza</i> ) ' 'å trekkja ned over auga'
	bart, fingrar, hovud	<i>pokručivat</i> ( <i>usy, pal'cami, golovoj</i> ) ' 'å vri (på barten, fingrane eller hovudet)
	fingrar	<i>pobarabanit</i> ( <i>pal'cami</i> ) ' 'å tromma (med fingrane)'
	hender	<i>potirat</i> ( <i>ruki</i> ) ' 'å gni (hendene) saman'
	auge	<i>žmurit</i> ( <i>glaza</i> ) ' 'å mysa'
	bein	<i>pošagat</i> ' 'å byrja å gå'
	Liturgisk og høgstil	liturgisk
høgstil		<i>obessmertit</i> ' 'å gjera udøyeleg' <i>ottačivat</i> ' 'å finslipa (evnene sine)'

**Tabell 17: 60 tilfeldig utvalde konkordanslinjer for *naken mann***

Nr.	Venstrekontekst	Treff	Høgrekontekst
1	: En person falt om på Møllepuben i Kristiansand. Han ble tatt hånd om av ambulanspersonell. RISØR:	Naken mann	sovnet utenfor bopel ¶ 13.02: Det meldes at en naken mann sover på veien i Gamle Kranveien i Risør.
2	Videoen som ble sendt på Filippinsk fjernsyn i går, viser tilsynelatende en politimann som pisker en	naken mann	som ligger på gulvet.. AFP PHOTO/NOEL CELIS ¶ - MOTBYDELIG: Den nasjonale politisjefen Jesus Verzon
3		Naken mann	med kniv pågrepet etter voldshendelse i Sverige ¶ Flere personer ble skadet før en naken mann med k
4	Mens jentene lekte utenfor, skal den	nakne mannen	ha vist pornofilm ¶ Flere ganger rykket politiet ut til mannens bolig i Hardanger. Nå er han tiltal
5	Publisert: 24. februar 2006-Oppdatert: 24. februar 2006 kl.18:15 ¶	Naken mann	kastet ut ¶ Vaktene viste ingen nåde med en mann som løp naken inn på isen under bronsekampen i cur
6	30 år i musikkens tjeneste. Ser du hva det er? Les mer ¶ Hey, sexy lady! Gangnam style ¶ Heste-rap,	nakne menn	i badstue, eksplosjoner og full gallopp. Dette er bare noen av indegriensene i årets mest usannsynl
7	as Robsahm, som brukte fire år på manuset. Plakat " S.O.S " har en svært slående filmplakat, hvor en	naken mann	og kvinne står med bakendene mot hverandre. De er lenket sammen med håndjern. - Det er kanskje " no
8	Sivertsen, ANB Marianne Riddervold. Nudist ble blikkfang i o-EM ¶ Ventspils (ANB-NTB): ¶ En splitter	naken mann	gjorde EM-stafetten i orientering ekstra minneverdig for de norske orienteringsjentene i helgen. Pu
9	te øltyver Oppfordrer til å bruke tøybleier Stanser småbåthavn 20 siste norge Eldre kvinne vekket av	naken mann	Drapssiktet utlevert til Sverige Færre søker høyere utdanning Ulovlige skoleturer blakker foreldre
10	Naken mann forårsaket kjedekollisjon ¶ Av SUSANNE BERGHANSEN ¶ (VG Nett) Den	nakne mannen	hoppet plutselig ut i veibanen. ¶ Beruset og kledd i Adams drakt bykset 20-åringen ut i veibanen på
11	09 kl. 06:44 Kilde: VG NETT ¶ (VG Nett) Politiet i Hedemark fikk i natt et usedvanlig tips: En kliss	naken mann	hoppet på de parkerte bilene på en parkeringsplass i Ottestad. En av parkeringsplassens naboer hadd
12	rt dør klatret de opp til det som beskrives som et «dueloft» på rundt tre kvadratmeter. - Vi fant en	naken mann	på en madrass. Helsetilstanden var miserabel og hygieniske forhold under en hver kritikk. Han måtte
13	eten mener behandlingen medfører «betydelig ubehag» for den arresterte. Metallringene er nå fjernet.	Naken mann	¶ Dette er fjerde gangen Søndre Buskerud politidistrikt får et forelegg fra spesialenheten for dere
14	bu Ghraib-fengselet i Bagdad. ¶ Ett bilde viser en soldat som holder et hundebånd rundt halsen på en	naken mann	som ligger på gulvet i et irakisk fengsel. Andre fotografier viser nakne menn som ligger oppå hvera
15	eren av en Volkswagen Passat smertelig erfare i går. Trykk her! Sjøføren kjørte forbi en bil full av	nakne menn	da en av dem kastet undertøy inn i Passaten. ¶ - Underbuksen landet på sjåførens ansikt, og fikk ha
16	Elias Akselsen er kraftig provosert av kveldens badstuinnslag i Rikets røst med Otto Jespersen og en	naken mann	som utgir seg for å være tater. ¶ FOTO: TV2. ¶ TATERHETS: Elias Akselsen mener Otto Jespersen traka
17	er å spørre om veien hjem, og du ikke har filmen på kameraet full av bilder av Fram, Holmenkollen og	nakne menn	i Frognerparken, er du farlig nær den store hop. Helt inne er du først når du kjenner lykken over å
18	se levende skorpioner, dytte kaktuser opp i rumpa osv. Også utrolig populær - en klassiker: Smør inn	naken mann	med smør fra topp til tå, bind ham fast i et bur med et kobbel bikkjer. ¶ (VG 04.09.05 kl. 08:20) ¶
19	Den dødelige flyktingtrafikken øker igjen. 92	nakne menn	har satt saken på spissen. BRUSSEL/ISTANBUL (Aftenposten): Nå diskuterer europeiske land hvordan ma
20	at den nakne mannen møtte kravene. Til tross for at det amerikanske nettstedet Drudge Report har den	nakne mannen	som hovedoppslag, og at både nyhetsbyråene Reuters og Associated Press har publisert bilder av hend
21	itiet kjørte henne hjem. ¶ Like før klokken seks fredag morgen, meldte vitner fra til politiet om en	naken mann	som spradet rundt i rundkjøringen ved Karmsundsgata. Den beduggede mannen kunne ikke gi noen god fo
22	Ontario gjorde store øyne da de endelig fikk stoppet den rabiaste sjåføren. Bak rattet satt en kliss	naken mann	. ¶ Mannen holdt svært høy hastighet gjennom Waterloo i Canada, mens politiet lå på hjul. Etter å ha
23	n og inn i en lyktestolpe. Det ble ingen personskader, sier Andersen. Bilføreren viste seg å være en	naken mann	på 60 år, som forklarte at han hadde inntatt medikamenter forut for kjøringen. Han blir fremstilt f
24	det jeg sa Gormley og Stavanger Kunstforening? Ideen kom som en gave fra himmelen: Vi setter de 23	nakne mennene	inn i Kunstforeningen. På den måten får Kunstforeningen endelig vist noen verker av en anerkjent, b
25	te øltyver Oppfordrer til å bruke tøybleier Stanser småbåthavn 20 siste norge Eldre kvinne vekket av	naken mann	Drapssiktet utlevert til Sverige Færre søker høyere utdanning Ulovlige skoleturer blakker foreldre

26	d gjorde et ganske uvanlig funn i byparken i Drammen, skriver Drammens Tidende. ¶ Der lå en splitter	naken mann	, med beina bundet sammen. Han hadde ingen papirer på seg, og var for rusa til å gjøre rede for seg.
27	rdisk Råds filmpris. Er dette Nordens beste filmer? Voldelige alkoholikere, animerte fristerinner og	nakne menn	som gråter. JØRGEN BRYNHILDSVOLL ¶ Dagbladet FREDAG ¶ ~video id=ipadplayer_video_36107 " " onclick=
28	klemte under en port i Huitfeldsgate i Vika. De rykket ut og brukte drøye 30 minutter på å få løs den	nakne mannen	. ¶ Etter den vellykkede redningsaksjonen var det bare smil å se både hos politiet og den uheldige 2
29	Reddet	naken mann	fra alligator ¶ DEN MISTENKTE: Timer etter angrepet hentet alligatorfangerne opp dette mistenkte gj
30	Eldre kvinne vekket av naken mann ¶ Tingvoll (NTB): Den eldre kvinnen i Tingvoll våknet av en	naken mann	på soverommet. Skriket hennes gjorde at han flyktet ut gjennom vinduet. Den eldre kvinnen våknet na
31	vi dramatiserer oss selv for andre, sjelden i samsvar med vårt adskillig mer uorganiserte indre. De	nakne mennene	viser ikke frem virkeligheten slik den burde være, men slik den er, med åpenbare mangler og skjønne
32	¶ Av Catherine Gonsholt Ighanian 04.09.2010 kl. 14:28 Kilde: VG NETT (VG Nett) Omgitt av to splitter	nakne menn	pryder Kim Kardashian (30) forsiden på nytt blad. og sikter til Hongkong-utgaven av bladet Prestige
33	te. Folk oppsøkte de nakne menn for å bli opphisset ja, sinte altså. Hvordan skal vi få plassert de	nakne menn	, ja de nye nakne menn altså, i Stavanger uten at de provoserer og er til sjenanse for de av oss som
34	v Melgaard for hånd, men at det ligger avtrykk i lerretene av sider fra en bok Melgaard har laget. -	Nakne menn	på metallkroker, sexhuler og voldelige dukker ¶ - Tolletaten mener at dette er trykksaker, ikke mal
35	NAKEN MANN I SENG: Gifte Siv Gørbitz i Bergen Frp våknet opp med en	naken mann	i hotellenga etter fylkesårsmøtet i Frp i fjor. Hun hevder partiledelsen sto bak spøken. I kveld e
36	da de andre nakne mennene sto på Solastranden. Selv der irriterte de og provoserte. Folk oppsøkte de	nakne menn	for å bli opphisset ja, sinte altså. Hvordan skal vi få plassert de nakne menn, ja de nye nakne men
37	blisert: 20.07.07 Oppdatert: 20.07.07 kl. 20:20 ¶ Den eldre kvinnen våknet natt til torsdag av at en	naken mann	i 20-årene var inne på soverommet hennes, skriver Aura Avis. Kvinnen skrek, og mannen flyktet ut et
38	te øltyver Oppfordrer til å bruke tøybleier Stanser småbåthavn 20 siste norge Eldre kvinne vekket av	naken mann	Drapssiktet utlevert til Sverige Færre søker høyere utdanning Ulovlige skoleturer blakker foreldre
39	vertinnen forsøkte å snakke til mannen, for deretter å klype ham da hun ikke fikk noen reaksjon. Den	nakne mannen	viste fortsatt ingen tegn til å reagere, og satt fortsatt med øynene lukket i en søvnliggende tilst
40	Nakne menn til frokost ¶ Tre	nakne menn	ødela frokost-konsentrasjonen på Jørpelandsholmen søndag morgen. Eg såg bare nakken på kånå. Hu sti
41	nne på kirkegården i Ålen. Tekst: ANN-INGER BORSTAD ¶ Ifølge Nea Radio observerte flere personer en	naken mann	på kirkegården i Ålen i forrige uke. ¶ Mannen skal ha stukket fra kirkegården i en hvit stasjonsvog
42	Haugan i Nord-Trøndelag politidistrikt. Kvinnen som var på jobb på Esso har forklart at den så å si	nakne mannen	kom med flere slibrige uttalelser. - Kjørt over hekker ¶ - Mens vi var på vei, kom det en annen ku
43	rituelt bad i går. ¶ bakgrunn ¶ Yre som femåringer før sommerens første bad hopper hundrevis av grå	nakne menn	opp og ned ved vannkanten. Der Ganges møter Yamuna og den underjordiske Saraswati, starter reisen t
44	e etter svømmeturen i et angivelig skittent og grumsete tjern. ¶ Dermed tok den gjormete og splitter	nakne mannen	seg inn i kjelleren på et bolighus i nærheten i håp om å finne en dusj og eventuelle klesplagg som
45	oppdatert: 20.06.04 11:28 ¶	Naken mann	i byen ¶ En naken mann ble stoppet av politiet i Trondheim ved halv fire-tiden natt til søndag. ¶ T
46	en, der enkelte poster var lagt. - Vi så flere som solte seg, men jeg ble overrasket da plutselig en	naken mann	sto og viftet med sin edlere kroppsdel, sier Marianne Riddervold til NTB. Hun hevder opptrinnet til
47	opper kan dessuten virke temmelig patetisk for en halvgammel mann i femtiårene. Selv foretrekker jeg	nakne menn	og slutter meg glatt til kritikerne. Vi kan da ikke i disse likestillingstider tillate noe så støte
48	t til Armageddon kommer. - Mange av dem kommer og ber i fjellsidene. Jeg har til og med sett en helt	naken mann	som gjorde noen ritualer der oppe, sier ordføreren. Innbyggerne i landsbyen klager også over at hus
49	" Hvis en mann tenker sex hvert niende minutt, hva tenker han på de andre åtte? " Far-sønn-incest og	nakne menn	og mye sex-ting i denne erotiske fantasien. 28. juli. Patrioten og så kommer Mel Gibson, og så er l
50	get Ida Marias hardkjørrock og scenedeclareringer om at det " eneste jeg elsker mer enn hvalkjøtt er	nakne menn	". ¶ Nå ligger hun på en brisk backstage. Svettene renner, blemmete gitarfingre blør, men alt er ba
51	i det minste ånds nærværelse nok til å ringe politiet. Hun fortalte stakkato og oppskjørtet om at en	naken mann	i tjuetrettiårsalderen hadde forsøkt å stanse bilen hennes i nevnte kryss. Politiet rykket øyeblik
52	rt: 26. desember 2005 kl.07:51 Løp naken gjennom midnattsgudstjeneste ¶ Kirkegjengere grep inn da en	naken mann	løp gjennom kirken midt i gudstjenesten. ¶ Hendelsen skjedde i en midnattsgudstjenesten i den austr
53	fordi (delvis spoiler) man kan oppleve en splitter naken Bjørn Sundquist	naken mann	i forsetene på en bil (endelig ny nordnorsk nakenscene å trekke

	slåss med en annen splitter		fram i tide og utide). Men fordi ma
<b>54</b>	kritikerne i USA kan vi også glede oss til rå humor, men det som har vakt mest oppsikt er scener med	nakne menn	.
<b>55</b>	ex-pornoprodusent, har nå inngått et samarbeid med erotica-fotografen Herb Ritts. ¶ Ritts bilder av	nakne menn	og supermodeller er svært velrennomerte innen kunstverdenen. I tillegg til å være fotograf har Ritt
<b>56</b>	k størrelse: Den homofile Whale er syk av savn fordi svømmebassenget hans ikke lenger er fullt av de	nakne mennene	han pleide å omgi seg med. Mer og mer identifiserer han seg med monsteret i filmene sine et monster
<b>57</b>		Naken mann	forstyrret Solskjær i Europa League ¶ (Granada - Manchester United 0 - 2) Manchester United-manager
<b>58</b>	itikerne i Stavanger slett ikke så sikre på. Enkelte politikere frykter at folk kan bli skremt av de	nakne mennene	. ¶ Den britiske kunstneren Antony Gormley skapte debatt da hans utstilling " Another Place " med 10
<b>59</b>	rtementets bygning. ¶ Dermed kan offentligheten igjen få se to art deco-statuer, som viser en delvis	naken mann	og en kvinne med et blottet bryst. ¶ Det er tre år siden sist noen kunne se de " vågale " statuene.
<b>60</b>	vare på seg selv, så vi kjørte han hjem til sin egen bolig, sier Kimo. Politiet vet ikke hvorfor den	nakne mannen	sovnet av i parken. - Det er mulig at han har gjort sitt fornødne og vandret videre før han sovnet

**Tabell 18: 60 tilfeldig utvalde konkordanslinjer for *naken kvinne***

Nr.	Venstrekontekst	Treff	Høgrekontekst
1	rføre intime bilder av seg selv. Angivelig skal Trond Birkedal ha hatt en base med bilder av en ung,	naken kvinne	som han sendte fra seg slik at mennene skulle tro det var henne de hadde kontakt med. Ingen ny sikt
2	irog og slår av en prat med en av de utstoppede sauene. Zetor er et topp sted for nordmenn på tur. ¶	Nakne kvinner	og greske søyler ¶ MIDDAG FOR TO: Det sies at finnene er flinkere til å lage russisk mat enn russer
3	aug. 2005, 13:00 ¶ I dag fortalte Bergens Tidende at beboere ved Helleneset kontaktet politiet da en	naken kvinne	durte rundt på motorsykkel i nabolaget. - Rene pornoen, mente den eldre kvinnen som ringte politiet
